Kommuneplanens arealdel 2023-2035 – Fritidsbustader

ÅL KOMMUNE

Konsekvensutgreiing av enkeltinnspel

Vedteke 15.06.2026 i sak 16/2026

Innhald

1. Innleiing....4
1.1 Føremål....4
1.2 Samandrag....4
2. Metode....7
2.1 Utgreiingstema....7
2.2 Influensområde....7
2.3 Konsekvenssetjing....8
2.4 Kunnskapsgrunnlag og vurderingskriterier....9
3. Konsekvensutgreiing av enkeltinnspel....20
Øvre Ål, Torsbu, Primhovda og Ål skisenter....21
FB101 – Mjåvasstølen....22
FB103 – Mykingstølen....24
FB105 – Ål skisenter....26
FB108 – Primhovda Sør....28
FB109 – Primhovda Sør....30
FB110 – Primhovda Sør....32
FB111 – Primhovda Sør....34
FB112 – Primhovda Sør....36
FB113 – Primhovda Sør....38
FTU114 – Primhovda Sør....41
FTU115 – Primhovda Sør....43
FB116 – Primhovda Sør....45
FB117 – Primhovda Sør....47
FB118 – Primhovda Sør....49
FB119 – Primhovda Sør....51
FB120 – Primhovda Sør....53
FB121 – Primhovda Sør....55
FB122 – Ål skisenter....57
FB123 – Ål skisenter....59
Sangefjell....62

FB604 – Orrelie 63
Veståsen 65
FB605 – Hagaheimstølen 66
FB606 – Hagaheimstølen 68
FB607 – Hagaheimstølen 70
Torpo, Oppheimsåsen og Syningen 72
FB501/FB545 – Nørdre Volelivegen 74
FB503 – Ringhovdstølan 76
FB505 – Øknevatn 78
FB507 – Trytetjørni / Høgehaug 81
FB508 – Trytetjørni / Høgehaug 83
FB510 – Trytetjørni / Høgehaug 85
FB513 – Trytetjørni / Høgehaug 87
FB515 – Trytetjørni / Høgehaug 89
FB521 - Sanderhaugen 92
FB522 – Elgvegen 94
FB523 – Nystølsameiga 96
FB524 – Trytetjørni / Høgehaug 98
FB526 – Trytetjørni / Høgehaug 100
FB527 – Trytetjørni / Høgehaug 102
FB528 – Trytetjørni / Høgehaug 104
FB529 – Trytetjørni / Høgehaug 106
FB530 – Trytetjørni / Høgehaug 108
FB531 – Trytetjørni / Høgehaug 110
FB532 – Trytetjørni – Høgehaug 112
FB534 – Trytetjørni – Høgehaug 114
FB535 – Trytetjørn - Høgehaug 116
FB539 - Trytetjørn - Høgehaug 118
FB540 - Trytetjørn - Høgehaug 120
FB542 - Trytetjørn - Høgehaug 122
Votndalsåsen 124
FB401 – Skardtjørnvegen 126

FB402 – Åsetnovegen 128
FB403 – Øygardsdokki 130
FB405 – Skrindehaugen 132
FB406 / FB441 / FB442 / FB443 – Tveitekinn 134
FB407 / FB438 – Mysetvegen 136
FB408 - Mysetvegen 138
FB420 / FB437 – Nilsehovda 140
FB421 / FB445 / FB446 – Nilsehovda 142
FB424 – Mysetvegen 144
FB429 – Nilsehovda 146
FB430 - Nilsehovda 148
FB432 - Reinegjerda 150
FB433 – Mosaskardet 152
FB434 - Reinegjerda 154
FB436 - Nilsehovda 156
FB440 - Løkhaugen 158
Leveldåsen 160
FB304 - Raunehovda 161
FB307 – Grønli 163
FB313 / FB324 - Grønlikroken 166
Vats 168
FB203 – Skarslia 169
FB205 – Skarslia 172
FB207 – Skarslia 175
FB209 – Skarslia 178
FB210 – Skarslia 181
FB211 – Skarslia 184
FB217 – Skarslia 187
Bergsjø – Rødungen 189
FB212 / FB213 - Osestølen 190

1. Innleiing

I samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel for Ål, er det utarbeidd konsekvensvurdering av innspel til 75 nye utbyggingsområde for fritidsbustader.

1.1 Føremål

I tråd med plan- og bygningslova § 4-2 skal kommunen utarbeide ei særskild vurdering og skildring av planforslaget sine verknader for miljø og samfunn. Krava er nærare presiserte i forskrift om konsekvensutgreiingar (2017).

Denne utgreiinga vurderer korleis dei føreslegne områda for fritidsbustader kan påverke miljø og samfunn.

Føremålet med konsekvensutgreiinga er å gi eit best mogleg grunnlag for å vurdere korleis utbygging av eit område vil påverka naturressursar, miljø og samfunn, samt å finne avbøtande tiltak for å redusere eventuelle negative verknader.

1.2 Samandrag

Totalt er 75 innspel konsekvensutgreidde. Rekkefølgja på innspela er etter geografisk plassering fordelte på åtte overordna område i kommunen.

Av dei 75 innspela, tilrår Rådmannen å ta 59 innspel MED i planforslaget. Nokre av desse tilrådd DELVIS MED til planforslaget, der delar av innspelet er teke ut. Alle utgreidde innspel er lista opp i tabellen under.

Innspel	Tilråding	Føresetnad
Øvre Ål, Torsbu, Primhovda og Ål skisenter		
FB101	MED	Etablere fells VA-løysing
FB103	DELVIS MED	Område med aktsemdsone tas ut. Det må etablerast felles VA-løysing dersom det ikkje er der frå før.
FB105	UT	
FB108	MED	Påkopling kommunalt avløp.
FB109	UT	
FB110	MED	Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB111	DELVIS MED	Område med myr og turstig tas ut. Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB112	MED	Unngå bygging på myra. Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB113	UT	
FTU114	MED	Planfri kryssing av skiløype. Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FTU115	MED	Ta omsyn til skiløype. Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB116	MED	Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB117	MED	Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.

FB118	MED	Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB119	MED	Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB120	UT	
FB121	UT	
FB122	MED	Ta ut område i aktsemdsoner. Krav om planfri kryssing av nedfart/heistrasé. Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB123	MED	Krav om planfri kryssing av nedfart/heistrasé. Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
Sangefjell		
FB604	MED	Oppmåling av grensene før deling kan gjennomførast.
Veståsen		
FB605	DELVIS MED	
FB606	UT	
FB607	DELVIS MED	
Torpo, Oppheimsåsen og Syningen		
FB501 / FB545	UT	
FB503	DELVIS MED	Ikkje bygge i aktsemdsone før det er gjennomført flaumfarevurdering. Påkopling felles privat avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB505	DELVIS MED	Område med myr, svært gode beiter, og øvste del av høgehaug tas ut. Omsyn til stigar. Etablere felles tappepunkt.
FB507	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB508	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB510	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB513	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB515	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB521	DELVIS MED	Ta ut areal innanfor aktsemdsone.
FB522	MED	Etablere fells VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB523	UT	
FB524	MED	Ivareta sambindingsstig og kolgrop. Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB526	DELVIS MED	Arealet innanfor vilttrekket tas ut. Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB527	UT	
FB528	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB529	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB530	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB531	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB532	UT	
FB534	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB535	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB539	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB540	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB542	MED	Sambindingsstigen må bli ivareteke. Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
Votndalsåsen		
FB401	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.

FB402	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB403	MED	Myrområde tas ut. Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB405	MED	Myrområde tas ut. Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB406 / FB441 / FB442 / FB443	DELVIS MED	FB443 tas med i planforslaget, resten går ut. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB407 / FB438	DELVIS MED	Område med dyrkbar jord tas ut. Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB408	MED	Sjå på moglegheit for å etablere felles VA-løysing. Fellestappepunkt for sløkkevatn må etablerast i området. .
FB420 / FB437	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB421 / FB445 / FB446	DELVIS MED	Område innanfor aktsemdsone tas ut. Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB424	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB429	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB430	MED	Sjå på moglegheit for å etablere felles VA-løysing. Fellestappepunkt for sløkkevatn må etablerast i området. .
FB432	UT	
FB433	MED	Justere innspel så dei ikkje rører ved dyrkbar jord. Sjå på moglegheit for å etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB434	MED	
FB436	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB440	MED	Sjå på moglegheit for å etablere felles VA-løysing. Fellestappepunkt for sløkkevatn må etablerast i området.
Leveldåsen		
FB304	MED	Kople på kommunalt VA og privat felles vatn.
FB307	DELVIS MED	Område med aktsemdsoner og svært gode beiteområde går ut. Ivareta kulturminne. Ta omsyn til umerka stigar og brattleik. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB313 / FB324	MED	Ivereta kulturminne. Påkopling til kommunalt avløp må vurderast, om ikkje mogleg må det etablerast felles privat avløp. Krav om felles privat vatn.
Vats		
FB203	DELVIS MED	Påkopling kommunalt avløp. Det må etablerast felles tappepunkt for sløkkevatn. Område nord for kraftlinja tas ut, samt aktsemdsone i sør og arealet sør for dette.
FB205	UT	
FB207	MED	Påkopling kommunalt avløp. Det må etablerast felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB209	UT	
FB210	MED	
FB211	UT	
FB217	MED	Påkopling kommunalt avløp. Det må etablerast felles tappepunkt for sløkkevatn.
Bergsjø – Rødungen		
FB212 / FB213	UT	

2. Metode

Metodikken for konsekvensutgreiinga byggjer på rettleiaren frå Kommunal og Moderniseringsdepartementet: T-1493 Konsekvensutgreiingar og Forskrift om konsekvensutgreiingar (2021).

2.1 Utgreiingstema

På bakgrunn av KU-forskrifta er det utarbeidd eit standardskjema for konsekvensutgreiingane der følgjande tema innanfor miljø og samfunn blir greia ut:

Miljø	*Samfunn*
Naturverdiar og biologisk mangfald	Friluftsliv og rekreasjon
Naturressursar (jord/beite)	Teknisk infrastruktur
Vassmiljø	Trafikale forhold/trafikktryggleik
Landskap, terreng og nærmiljø	
Kulturminne og kulturmiljø	
Samfunnstryggleik	

Sidan utgreiinga gjeld berre innspel på fritidsbustader, er ikkje alle tema som vanlegvis inngår i konsekvensutgreiingar vurderte som relevante. Grunngjeving for val av tema, samt kriterium og kunnskapsgrunnlag, er omtala i kapittel 2.4.

2.2 Influensområde

Omfanget av vurderinga avheng av kva for verknader tiltaket kan ha både innanfor og utanfor det aktuelle området. For nokre tema vil influensområdet i hovudsak vere avgrensa til sjølve innspelsområdet. For andre tema og interesser kan det oppstå vesentlege konsekvensar òg i ein viss avstand frå området. Dette gjeld til dømes utslepp til vatn, friluftsliv og rekreasjon, landskap og nær- og fjernverknadar, og naturmangfald med førekomst av utvalde artar (som krev omsynsavstand til f. eks. Hekkings- og kalvingsområde).

2.3 Konsekvenssetjing

Det er utarbeidd kriterium for fastsetting av konsekvensar (sum av verdi og omfang) innanfor kvart fagtema.

Omfang meines her som storleiken tiltaket har på temaet, mens *verdi* vil seie temaets betydning eller sårbarheit før tiltaket. Omfanget vil variere med storleik på område, konfliktnivå og omfanget av verknader både innanfor og i eit definert influensområde utanfor kvart enkelt område. Sidan utgreiinga gjeld fritidsbustader, vil omfang i stor grad vere knytt til tal einingar heller enn arealstorleik.

Omfang / verdi	Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi
Stort negativ omfang			
Middels/lite negativt omfang			
Ingen omfang	-	-	-
Stort positivt omfang			

For å oppfylle krava for fargesetjing, må ikkje alle kriteria vere oppfylt. Til dømes kan eit område vurderast til raudt under tema "naturverdiar", sjølv om det berre er vilttrekk som utløyser denne vurderinga innanfor temaet.

Konsekvensane er rangert i fire grader: stor negativ (raud), middels, liten eller usikker (gul), positiv (grøn), og ingen konsekvens (kvit):

Tema	Konsekvensar (Konsekvens = sum av verdi og omfang)	Skildring og avgjerd
Til dømes, vassmiljø	Stor negativ konsekvens	Ei skriftleg grunngjeving og vurdering av kva som har leda fram til den angitte konsekvens
	Midels, liten, eller ukjent konsekvens	
	Ingen konsekvens	
	Positiv konsekvens	

Konsekvensutgreiinga baserer seg på eksisterande dokumentasjon, registreringar og kjente forhold. Bak verdi- og konsekvensvurderinga ligg og faglege vurderingar og utøving av fagleg skjønn. Kunnskapsgrunnlag og kriteria er omtala nærmare i neste kapittel.

2.4 Kunnskapsgrunnlag og vurderingskriterier

Konsekvensvurderingane er i hovudsak baserte på tilgjengeleg kartgrunnlag, fagleg skjønn og lokalkunnskap. Nasjonale, regionale og lokale føringar er lagde til grunn. Utgreiinga er avgrensa til dei tema og problemstillingar som er vurderte å vere relevante for bygging av fritidsbustader. Som ei føremålsspesifikk konsekvensutgreiing er temavala tilpassa denne typen arealbruk.

Enkelte tema er ikkje vurderte i denne utgreiinga. Dette gjeld der:

- temaet ikkje er vurdert som relevant for fritidsbustadføremål
- det ikkje er registrert konfliktar for samtlege innspel
- vurderingane vil vere tilnærma like for alle innspel, og derfor betre eigna for ei samla vurdering

<u>Desse temaa er derfor ikkje utgreidd:</u>

Klima: Klimakonsekvensar er i hovudsak knytte til kva type areal det blir bygd på, samt transport knytt til bruk av fritidsbustadene. NIBIO si kartlegging av karbonrike areal viser at høgfjellsområde over skoggrensa har lågt karbonopptak og låge utslepp ved nedbygging. Samstundes er dette sårbare område som ikkje bør byggjast ned. Myrareal har lågt karbonopptak, men svært høge utslepp ved nedbygging, og er òg sårbare område som ikkje er eigna for utbygging. Dei fleste innspela ligg ikkje i slike område, men i skog, ofte tynn fjellskog. Desse areala er i følgje NIBIOs kartlag karakteriserte med lågt karbonopptak og låge til middels utslepp ved nedbygging.

Klimakonsekvensane for kvart innspel varierer derfor i hovudsak med utbyggingsomfang (tal einingar), og vil i liten grad skilje mellom einskilde innspel. Temaet vert derfor vurdert som betre eigna for ei samla konsekvensutgreiing av planforslaget. Ei slik vurdering bør gjennomførast etter at innspela er finsila, og endeleg utbyggingsomfang er avklart, inkludert etter planvask der eventuelle eksisterande hyttetomter er tekne ut.

Folkehelse: Utbygging av fritidsbustader kan både ha positive og negative verknader for folkehelsa. På den eine sida legg fritidsbustader til rette for friluftsliv, rekreasjon og fysisk aktivitet. På den andre sida kan utbygging redusere kvaliteten på viktige natur- og friluftsområde.

For dei einskilde innspela vert påverknaden på folkehelse vurdert som liten. Eventuelle verknader vil i større grad vere knytte til samla utbygging i eit område. Påverknad på friluftsliv og rekreasjonsverdiar er vurdert nærare under eige tema.

Folkehelse vert derfor vurdert på eit overordna nivå i den samla konsekvensutgreiinga, og ikkje tillagt avgjerande vekt i vurderinga av einskilde innspel.

Forureining til luft og grunn: Utbygging av fritidsbustader vil i avgrensa grad medføre forureining til luft og grunn samanlikna med meir arealkrevjande og forureinande føremål.

Moglege verknader vil i hovudsak vere knytte til anleggsfase og lokal trafikk, og vil vere omtrent like for dei fleste innspel. Temaet er derfor teke ut av vurderingane.

Barn og unge: Innspela gjeld område for fritidsbustader utan etablerte bumiljø eller fast busetnad. Innspela er i avgrensa grad knytte til barn og unge sitt daglege oppvekstmiljø, og er derfor teke ut av vurderingane.

Mineralressursar: Det vart sett på om kvart innspela kan forringe mineralførekomster av lokal, regional eller nasjonal betydning, men her vart det vurdert at ingen innspel var i strid med dette, og temaet er derfor teken ut av konsekvensutgreiinga.

Skogressursar: Alle innspela ligg i område med uproduktiv skog eller skog med låg bonitet. Desse areala har avgrensa verdi for skogbruk, og temaet er teke ut. Naturverdiar knytt til skog er utgreiia i tema «naturverdiar og biologisk mangfald».

Næringsliv: Utbygging av fritidsbustader kan ha både direkte og indirekte verknader for lokalt næringsliv, til dømes gjennom auka etterspurnad etter varer og tenester. For dei einskilde innspela vert påverknaden vurdert som avgrensa og i stor grad lik mellom områda. Eventuelle verknader vil i hovudsak vere knytte til samla utbyggingsomfang. Temaet er derfor utelet.

Miljø

NATURVERDIAR OG BIOLOGISK MANGFALD		
Temaet omfattar naturtypar, artar og økologiske funksjonar som kan bli påverka av utbygging. For utvalde artar er registreringar av dyreartar tillagde avgrensa vekt i vurderingane, då dei i mange tilfelle gjeld streif eller tilfeldig førekomst, og ikkje alltid er kvalitetssikra. Kunnskapsgrunnlag: - *Verdsatte naturtyper (tidligere naturtyper-KU-verdi)* - *Naturbase* - *Artsdatabanken* - *Kommunens egne viltkart med trekkruter* - *Sensitive artsdata*		
Naturtypar	**Utvalde artar**	**Vilttrekk og hekkings/kalvingsområde**
Det er registrert verdsette naturtypar av høg, eller svært høg verdi innanfor innspelsområdet. Nedbygging av myr.	Det er registrert utvalde artar innanfor innspelsområdet. Villreinområde i innspelet.	Det er registrert vilttrekk og/eller hekkingsområde i eller i nærleiken av innspelsområdet.
Det er registrert verdsette naturtypar av middels verdi innanfor innspelsområdet. Det er ikkje gjennomført naturtypekartlegging i området.	Det er registrert utvalde artar i nærleiken av innspelsområdet	
Ikkje registrert utvalde og /eller spesielle naturtypar innanfor eller i nærleiken av området.	Ikkje registrert utvalde artar innanfor eller i nærleiken av området.	Ikkje registrert vilttrekk eller hekkings/kalvingsområde.

NATURRESSURSAR

Temaet omfattar jord- og beiteressursar, med særleg vekt på dyrka og dyrkbar jord samt beiteområde. Nasjonal jordvernstrategi legg føringar for forvaltning av jordressursar, og har som mål å redusere omdisponering av dyrka jord til eit minimum. Dyrka og dyrkbar jord er ikkje-fornybare ressursar som skal tas særleg omsyn til i arealforvaltninga, og nedbygging skal i størst mogleg grad unngåast.

Hytteområde ligg ofte i område nytta til beite. For fleire av innspela ligg det føre kartlegging av beitekvalitet, medan kunnskapsgrunnlaget er meir avgrensa i andre område. Som regel ligg alle innspela i område registrert som godt beite. Storleiken av innspelet, og kor mange hyttetomter det leggast opp til er avgjerande for vurderinga. Ei eller to tomter på godt beite vil ikkje bli vurdert å ha ein konsekvens.

Innspela er ikkje i konflikt med skogbruksinteresser, og tema skogressursar er derfor ikkje vurdert. Det er heller ikkje registrert konflikt med mineralressursar i dei aktuelle områda. Naturressursar er derfor avgrensa til jord- og beiteressursar.

Kunnskapsgrunnlag:

- *Gardskart AR5*
- *Vegetasjonskart fra NBIO med beitekvalitet*

Jordressursar	**Beite**
Dyrka jord (både overflate- og fulldyrka).	Innmarksbeite Utmarksbeite med svært god kvalitet.
Små usamanhengande areal med dyrkbar jord.	Utmarksbeite av god kvalitet.
Innspelsområdet ligg på eit område som verken har dyrka- eller dyrkbar jord.	Innspelsområdet ligg på eit areal utan beiteressursar.

VASSMILJØ	
Det er vurdert om det finst bekkar, elver og innsjøar i eller i nærleiken av innspelsområdet. Vassdrag med både heilårsvassføring og periodisk vassføring er inkludert i vurderinga. Konsekvens på vassmiljø er vurdert ut frå nærleik til resipient, avrenning frå tiltaket, samt moglege effektar i anleggs- og driftsfase. Sjølv om innspelsområdet ligg i avstand frå vassdrag, er påverknad på nedbørsfeltet vurdert der avrenning kan nå ein resipient. Dette gjeld særleg der vassførekomsten har moderat økologisk tilstand eller dårlegare, og dermed ikkje oppfyller miljømåla i vassforskrifta. Miljømålet etter vassforskrifta er lagt til grunn for vurderingane. Dette inneber at vassførekomstar skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand, og at det ikkje skal skje forringing av tilstanden. Det kan ikkje gjerast vurdering på kvar enkelt resipient, men fellesnevner for områda er at dei er små og lite påverka. Ofte i område med lav biologisk belastning og dermed lågare toleevne. Resipientkapasitet og toleevne er i dei fleste tilfelle ikkje tilstrekkeleg kartlagt, og vurderingane tek derfor utgangspunkt i føre var prinsippet og generell vurdering. Informasjon hentet frå: - *Kartverkets Norgeskart med FKB* - *Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE) vann-nett portal (vann-nett.no)* - *Komtek, spreidd avløp*	
Bekk/elv	**Vatn**
Utbygginga vil kunne utgjere ei reell fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta.	Innspelsområdet ligg inntil vatn, eller i nedbørsfeltet til vatnet, og der utbygginga vil kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta.
Resipient har god tilstand, og tiltaket vil føre til auka avrenning frå 3 hytteeiningar eller meir, men ikkje slik at miljømålet står i reell fare. Bekk/elv i innspelsområdet. Eller bekk/elv innanfor 100- metersbeltet til vassdraget. Utbygging av innspelsområdet kan ha negativ konsekvens for eksisterande bekkar/elver i området, og/eller i anleggsfasen.	Resipient har god tilstand, og tiltaket vil gi ein påverknad og føre til auka avrenning frå 3 hytteeiningar eller meir, men ikkje slik at miljømålet står i reell fare. Vatn i innspelsområdet. Innspelsområdet ligg innanfor 100- metersbeltet til vatnet. Utbygging av innspelsområdet kan ha negativ konsekvens for eksisterande vatn i området, og/eller i anleggsfasen.
Vassførekomsten har god økologisk tilstand, men tiltaket vil ikkje påverke måloppnåinga iht. Vassforskrifta, som ved god handtering av avløp. 1-2 tomter långt vekk frå vassdrag, resipient med god tilstad. Ikkje relevant.	Vassførekomsten har god økologisk tilstand, men tiltaket vil ikkje påverke måloppnåinga iht vassforskrifta. Ikkje relevant.
Fortetting som vil føre til avkloakkering av eksisterande fritidsbustadfelt. Nyetablering av kantsone.	Fortetting som vil føre til avkloakkering av eksisterande fritidsbustadfelt. Nyetablering av kantsone.

LANDSKAP, TERRENG OG NÆRMILJØ

Temaet omfattar verknader på landskapskarakter, terrenginngrep og opplevd kvalitet i nærmiljøet. Vurderingane tek omsyn til både nær- og fjernverknader, inkludert synlegheit, silhuettverknad og tilpassing til omgjevnadene.

Påverknad på terrengformasjonar og landskapsbilete, samt plassering, utforming og tettheit av bebyggelsen. Ettersom dei fleste innspela er innspel på fortetting, er det og lagd vekt på naboar, og omsyn til nærmiljøet. Herunder avstand til eksisterande fritidsbustader, innsyn og samla opplevd kvalitet i hytteområda.

For terrengvurderingane ligg kriteria frå KDD rettleiar om fritidsbustader til grunn. Terreng som er brattare enn 1:3 er generelt ikkje eigna for utbygging. Terreng brattare enn 1:4: Bør som hovudregel ikkje byggjast ut utan at det blir gjort detaljerte landskapsvurderingar for heile området samla. Ei eventuell utbygging kan bli svært synleg på avstand, og infrastruktur og tomter vil gje store terreng- og vegetasjonsinngrep. Terreng mellom 1:4–1:6: Området kan byggjast ut med bygningstypar som tek spesielle omsyn til terrenget. Her krevst detaljert planlegging av plassering og bygningsutforming.

Kunnskapsgrunnlag:

- *KDD Rettleiar om planlegging av fritidsbustader*
- *Digitale terrengmodellar frå Kartverkets høydedata*
- *Kommunekart 3D*

Landskap	Terreng	Nærmiljø
Ny utbygging vil endre landskapet og gi nær- og fjern verknad.	Vesentlege delar av arealet har helling brattare enn 1:4, eller slik helling hindrar utbygging og/eller tilkomst.	Utbygging som bryt med etablert struktur i området, eller tiltaket gir klare store konsekvensar for naboar. Konflikt med uteområde/oppholdsplasser.
Ny utbygging vil kunne endre landskapet og gi nær- og fjern verknad.	Vesentlege delar av innspelsarealet har helling brattare enn 1:6, og/eller avgrensa parti brattare enn 1:4, slik at terrenget kan gjere utbygging og tilkomst krevjande.	
Innspelet rører ikkje ved eit viktig landskapstrekk.	Innspelsarealet er i hovudsak i helling slakare enn 1:6	Ingen brudd med etablert struktur eller konsekvensar for naboar.
Innspelet er med på å framheve eit viktig landskapstrekk samt å bevare det opphavlege uttrykket		

KULTURMINNE OG KULTURMILJØ		
Kunnskapsgrunnlag: - *Riksantikvarens kulturminnedatabase Askeladden.no* - *RA kulturminnesøk* - *Miljødirektoratets Naturbase kart med utsjekk på kulturmine og Sefrak bygningar* SEFRAK- Sekretariatet For Registrering Av Faste Kulturminne i Noreg, er eit register over alle bygningar i Noreg som vart bygd før 1900. Denne registreringa tillegg ikkje bygningane spesielle restriksjonar, men fungerer som eit signal om at kommunen bør ta ei vurdering av verneverdien før ein evt. endrar eller riv bygninga (Sefrak-registeret - Riksantikvaren). Derfor er alle SEFRAK bygningar innanfor innspelsområda merka med gul konsekvens.		
Kulturminne	**SEFRAK-registreringar**	**Kulturmiljø**
Innspelet ligg innanfor ei omsynssone med bandlegging etter lov om kulturminne. Eit eller fleire registrerte kulturminne i innspelsområdet.		Innspelsområdet ligg innanfor eit UKL- og/eller KULA område, og innspelt vil forringe kvalitetane i landskapet
	Sefrak registrerte bygningar innanfor innspelsområde.	Innspelsområdet ligg innanfor eit UKL- og/eller KULA område, og innspelet kan forringe kvalitetane i området.
Ingen registrerte kulturminne innanfor eller inntil området	Ingen registrerte SEFRAK-bygningar innanfor eller inntil området.	Innspelet ligg ikkje innanfor/inntil eit registrert kulturmiljø.
	Innspel kor eldre bygningsmasse blir bevart/restaurert.	Innspelet er med på å framheve eit viktig kulturmiljø, samt å bevare det opphavlege uttrykket.

SAMFUNNSTRYGGLEIK
Her er det sett på aktsemdsoner og eventuelt andre naturfareutgreiingar, samt etablerte tappepunkt for sløkkevatn. Dei aller fleste innspela ligg i område utan etablerte tappepunkt for sløkkevatn. Pr mai 2026 finst berre tre etablerte tappepunkt for sløkkevatn i hytteområda: Privat vasstank og uttak i Leveld gbnr 64/3, eit privat vasstank med uttak på Syningen, og eit i Nysetlia. Det blir lagd til ein føresetnad på alle innspel utan felles tappepunkt om at dette må etablerast før tiltaket kan realiserast. Det vil etter finsiling gjennomførast ROS-analyse av innspela som er teke med i planforslaget. Kunnskapsgrunnlag: - *NVE aktsemdsoner* - *Rapport «Slokkevann i områder utan kommunalt vannledningsnett» av Sos brannconsult.*
Naturfare
Heile/store delar av innspelet rører aktsemdsone for naturfarar. Delar av innspelsområdet ligg innanfor aktsemdssone for skred i kombinasjon med flaum og/eller høgspentanlegg, slik at totalen dekker over halvparten av innspelsområdet.
Ein del av området ligg innanfor aktsemdssone for naturfarar.
Utanfor aktsemdområde for naturfarar.

Samfunn

FRILUFTSLIV OG REKREASJON
Område som blir brukt av innbyggjarane og besøkjande til friluftsliv og rekreasjon. Samt tilgangen til desse områda. Samfunnsdelen stadfester: *«Ål skal ha eit godt utbygd stig- og løypenett tilpassa ulike brukargrupper, da det er eit viktig aktivitetstilbod for fastbuande og turister. Stig og løypenettet skal bidra til å kanalisere ferdsel i dei mest sårbare områda i naturen, samt redusere slitasje i terrenget. Stig og løypenettet bør knyttast saman på ein måte som gagnar nærlingslivet.»* Kunnskapsgrunnlag: - *Kommuneplanens samfunnsdel* - *Direktoratet for naturforvaltning sin naturbase (Utsjekk om det er registrert statleg sikra friluftsområde og/eller kartlagde friluftslivsområde innanfor/ eller i nærleiken av innspelet).* - *Kartverkets kartbase Tur - og friluftsruter (skiløyper og fotruter)* - *Plan - og bygningslovens § 1 – 8 - Forbod mot utbygging i 100- metersonen og langs sjø og vassdrag, samt sikring av areala og tilgang til desse områda.* - *FKB Traktorveg sti* - *Trailguide.net for sykkelstigar.*
Friluftsliv og rekreasjon
I utgangspunktet innspel som ligg innanfor statleg sikra friluftslivsområde og/eller område som er kartlagt friluftslivsområde med svært viktig verdi, men her er det i kvart enkelt tilfelle gjort ei konkret vurdering av konsekvensen. Etablering av tiltaket vil øydelegge eller redusere bruk og tilgjengelegheita til frilufts- og rekreasjonsområde, som m.a. ljosløyper/stigar/skiløyper. Heile eller store delar av tiltaket ligg innanfor 100-metersbeltet til vatn og vassdrag jf. Kommuneplanen og vil hindre tilgangen til vatnet.
I utgangspunktet innspel som ligg i eit registrert friluftslivsområde (med eller utan viktig verdi), men her er det i kvart enkelt tilfelle gjort ei konkret vurdering av konsekvensen. Tiltaket vil føre til at eit friluftslivsområde blir mindre og/eller at ein ljosløype/stig/skiløype må byggast om. Delar av innspelet ligg innanfor Strandsona jf. kommuneplanen. og kan hindre tilgangen til vatnet. Delar av innspelet har umerka stigar synlege i FKB traktorveg sti.
Innspelet har ingen påverknad på friluftslivet etter administrasjonens kunnskap.

TEKNISK INFRASTRUKTUR	

Når det gjeld påkopling til offentleg avløp er det mange forhold som ikkje kan forutsjåast utover avstanden, og det er derfor vanskeleg å seie om påkopling er mogleg. Avstand til eksisterande offentleg VA-nett er likevel nytta som eit overordna vurderingsgrunnlag.
 	
Det vert lagt til grunn at Ål kommune ikkje kan påleggje tilkopling til offentleg VA dersom kostnaden overstig 2,5 G, noko som påverkar vurderinga av løysingar i område med stor avstand til eksisterande nett.
 	
Som hovudregel vil Rådmannen sette føresetnad om at det etablerast felles VA-løysinger der dette manglar.
 	
Vurdering av vegtilkomst omfattar tilkomst til dei einskilde områda, inkludert moglege behov for nye stikkvegar, og ikkje berre overordna vegnett.
 	
Informasjon henta frå:
- *Private innspel/opplysninger på eksisterande VA-løysningar.*
- *Kommunen sine kartlag*
  ○ *0-100000 Vann og avløp*
  ○ *0-10000 VA Aal 3043*	

Vatn og avløp	**Veg**
Ingen eksisterande VA-løysningar, og/eller ingen toleevne på resipient.	Ikkje vegtilkomst frå eksisterande veg per i dag, og/eller innspelet vil krevje vesentleg bygging av nye stikkvegar til tomter.
Ikkje offentleg VA per i dag, men mogleg å få til avløp og eventuelt vatn, som i hovudplan for VA. Private løysingar med restkapasitet ved god resipent (der tilstand kan dokumenterast).	
Offentleg avløp, og både offentleg og privat vatn. Fellesløysningar på VA	Tilkomst frå eksisterande veg.

TRAFIKALE FORHOLD/TRAFIKKTRYGGLEIK
Temaet omfattar verknader av utbygging på trafikkmengd, tilgjenge og trafikktryggleik i og rundt planområda. Vurderingane tek utgangspunkt i eksisterande vegstandard, kapasitet, tilknyting til overordna vegnett og moglege konfliktpunkt. Private vegar går ikkje inn i vurderinga. Sidan utgreiinga gjeld fritidsbustader, vil påverknaden i stor grad vere knytt til utbyggingsomfanget (tal einingar), samt bruksmønster med stor trafikkauke i helger og feriar. Kunnskapsgrunnlag: - *Lokalkunnskap* - *FKB data*
Trafikale forhold / Trafikktryggleik
Område krev ny tilkomst frå riksveg 7.
Innspelet aukar trafikk i trafikkfarlege vegstrekk med mjuke trafikantar og eller barn unge, som skuleveg utan gangveg og/eller utfordrande kryssingar.
Ikkje relevant.

3. Konsekvensutgreiing av enkeltinnspel

I dette kapitelet skal dei 75 innspela konsekvensutgreiast ein og ein. Basert på dei faglege vurderingane er det gjort ei samla vurdering, med tilrådingar og forslag til avbøtande tiltak. Det er gjort ei samla vurdering av konsekvens basert på resultata av vurdering av konsekvens for dei forskjellige tema, fagleg skjønn og lokalkunnskap. I konklusjonen er det nytta tre kategoriar:

- Tiltaket kan tlrådast = Innspelet tas MED i planforslaget.
- Tiltaket kan ikkje tilrådast = Innspelet tas UT av planforslaget.
- Delar av tiltaket kan tilrådast = Innspelet tas DELVIS MED i planforslaget.

I tillegg kan det leggast føringar som må oppfyllast før vedtak. Dette kan vere grep og/eller endringar til dømes i form av reduksjon av areal, rekkefølgjekrav m.m. Dette vert nevnt under «Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak».

Øvre Ål, Torsbu, Primhovda og Ål skisenter

Området har totalt 19 innspel som skal konsekvensutgreiast.



SAMANDRAG		
Innspel	Tilråding	Vilkår
FB101	MED	Etablere fells VA-løysing
FB103	DELVIS MED	Område med aktsemdsone tas ut. Det må etablerast felles VA-løysing dersom det ikkje er der frå før.
FB105	UT	
FB108	MED	
FB109	UT	
FB110	MED	Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB111	DELVIS MED	Område med myr og turstig tas ut. Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB112	MED	Unngå bygging på myra. Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB113	UT	
FTU114	MED	Planfri kryssing av skiløype. Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FTU115	MED	Ta omsyn til skiløype. Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB116	MED	Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB117	MED	Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB118	MED	Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB119	MED	Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB120	UT	
FB121	UT	
FB122	MED	Ta ut område i aktsemdsoner. Krav om planfri kryssing av nedfart/heistrasé. Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB123	MED	Krav om planfri kryssing av nedfart/heistrasé. Påkopling kommunalt avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.

FB101 – Mjåvasstølen

Fritidsføremål: FB101



Innspelsnummer:	2
Forslagsstillar:	Arnfinn Noss og Torleiv Halstensgard
Gnr/bnr:	118/16 og 120/28
Storleik:	Ca. 2,5 daa
Dagens føremål:	LSF 2A i KPA. Ingen reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av området: Arealet ligg på om lag 1015 moh i eit område med tynn fjellbjørkeskog sør for Mjåvasstølen, og er ikkje del av eit eksisterande hytteområde. Initiativtakarane ynskjer å bygge på to tidlegare frådelte tomter i tråd med tidlegare jordskiftesak 1/1986, gjort i samband med arveoppgjer. Dei har vedlagt skriv om rett til å byggje veg i sameiga til tomtene (ca. 70 m). Tomtene ligg i tilknyting til Mjåvasstølen.

Tidlegare handsaming: Heile innspelet vert røysta vidare i grovsiling mot Rådmannens innstilling:

«Innspelet er ikkje i tråd med grovsilingskriteria eller dei overordna arealføringane. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
Miljø		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Innespelet ligg i tynn lauvskog. Det er ikkje kartlagd verdifulle naturtypar i området og konsekvens er derfor usikker.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord. Innspelet ligg i godt beite. Grunna avgrensa omfang av innspelet vurderast konsekvens til ingen.
Vassmiljø	-	Liten sannsyn at ei eller to hytter vil ha påverknad på nærmaste resipient Vats Vestli - 012-1621-R, som har god økologisk tilstand pr mai 2026.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Innspelsarealet ligg i skrånande terreng mot vest. Relativt urørt område med lite bebyggelse. Ingen utprega landskapskvaliteter eller nær- og fjernverknad. Konsekvens blir vurdert til ingen.

Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Ikkje etablert sløkkevasspunkt.
Samfunn		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Mange umerka stigar like forbi, men ei eller to hytter vil ha låg til ingen konsekvens for rekreasjonsverdien i området.
Trafikale forhold/Trafikktryggleik		Utbygging i området kan auke belastninga på eit utfordrande kryss ved skuletoppen med mange barn og mjuke trafikantar. Samla effekt av alle innspela må vurderast med tanke på behov for utbetring.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA, eller felles private VA-løysningar som kommunen veit om. Ikkje straum.
	-	Det er veg til innspelet.
Konklusjon		
Samla vurdering: Innspelet er av eit avgrensa omfang, med to tomter. Samla sett har innspelet få konsekvensar for utgreiingstemaa. Naturtypekartlegging manglar, men innspelet er av eit avgrensa omfang og behov for kartlegging vurderast å ikkje vere naudsynt. Det er nokon infrastrukturmanglar.		
Føringar for vidare planarbeid Det må etablerast felles VA-løysing dersom det ikkje er der frå før.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnad om at det etablerast felles VA-løysing.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelsområdet MED i planforslaget.		

FB103 – Mykingstølen

Fritidsføremål: FB103



Innspelsnummer:	6
Forslagsstillar:	Lene og Leif Ove Sataslåtten
Gnr/bnr:	93/4
Storleik:	Ca. 1 daa
Dagens føremål:	Landbruksføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Innspelsarealet ligg på rundt 995 moh ved Mykingstølen, vest for det eksisterande hyttefeltet. Området består av myr, fjellskog og blåbærbjørkeskog. Grunneigarar ynskjer ny tomt innanfor detaljreguleringsplan Mykingstølen, planID 2006001.

Tidlegare handsaming

Innspelet vert delvis røysta vidare i grovsilinga med Rådmannens innstilling, og ein sørleg del av innspelet på ca. 1 daa skal følgeleg utgreiast.

«Innspelet er ikkje i tråd med definisjonen på utviding. Innspelet rører ved myr og flaumsone, og kan derfor truleg ikkje nytte seg av eksisterande infrastruktur utan å måtte grave i myr. Vegtilkomst kan gå frå sør, men det vil krevje stort terrenginngrep. Rådmannen tilrår å ta innspelt ut, bortsett frå 1 daa som kan vurderst nærmare i KU som fortetting.»

Opphaveleg innspel før grovsiling

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Ingen truga artar i området, men manglar naturtypekartlegging. Konsekvens blir derfor vurdert til usikker.
Naturressursar (jord/beite)	-	Det er ikkje registrert jordressursar, men arealet er beiteområde registrert med god beitekvalitet for både små- og storfe. Men med ei tomt vurdarest konsekvens vurderast derfor til ingen.
Vassmiljø	-	Liten sannsynlegheit for at ei hytte vil ha påverknad på nærmaste resipient Kvinda bekkefelt 012-2176-R, som har god økologisk tilstand pr. mai 2026.

Landskap, terreng og nærmiljø		Innspelsarealet ligg oppå ein kolle, og vil gje tydeleg silhuettverknad frå fleire retningar. Sjølv om det er ei tomt vil det ha stor negativ konsekvens på landskapskarakteren frå nært og fjernt.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik		Ein mindre del av innspelet på 200 m2 ligg i aktsemdssone for flaum.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Det er umerka stigar som går gjennom innspelsarealet som bind vegane saman. Stigen kan vere ein tilkomst til startpunkt for sykkelstig ved Maristølen. Den er omtala i «trailguide». Omfanget er avgrensa, og konsekvens for friluftslivet settast derfor til midels.
Trafikale forhold/Trafikktryggleik		Utbygging i området vil auke belastninga på fylkesveg 2934, som har nokon utfordringar m.a. kryss ved skuletoppen med mange barn og mjuke trafikantar. Samla effekt av innspela må vurderast med tanke på behov for utbetring.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA eller privat avløp og i eventuell utbygging vil krevje ny eller utvida lokal VA-infrastruktur.
	-	Felles borehol for vatn. Initiativtakar informerer at det er lagt straum i planområdet og bygd ut med nødvendige trafostasjonar. Det er veg til innspelet.
Konklusjon		
Innspelet er av eit avgrensa omfang og tilsvarar i praksis ei tomt. Samla sett er det få konsekvensar for KU-temaa. Hovudutfordringa gjeld sambindingsstigen gjennom området, samt innspelets plassering oppå ein kolle som kan gje både fjern- og nærverknad frå fleire retningar. I tillegg er det usikkerheit kring naturverdiar i området, da det ikkje er kartlagd. Innspelet er av eit avgrensa omfang og behov for kartlegging vurderast å ikkje vere naudsynt.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Den umerka stigen som går gjennom tomta må tas omsyn til ved evt. utbygging, slik at forbindinga mellom vegene og tilkomst til sykkelstig ved Maristølen er sikra.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget. Delen på 200 m2 i aktsemdsone for flaum tas ut. Resten tas med under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelsområdet UT av planforslaget.		

FB106 – Hofplass

Fritidsføremål: FB106





Innspelsnummer:	72
Forslagsstillar:	Liv Hofplass
Gnr/bnr:	53/21
Storleik:	Ca. 14 daa
Dagens føremål:	Eksisterande fritidshus/hytter i gjeldande KDP for Primhovda.
Ønska føremål:	Fritidsbustader / fritids- og turistføremål

Skildring av innspelet: Innspelsarealet ligg i uregulert område ved skitrasé til Ål skisenter. Initiativtakar ynskjer å få avsett heile eigedomen som ligg inntil Ål skisenter til fritidsføremål, slik at ho kan skilje ut nokre hyttetomter evt. anna aktivitet med turistføremål.

Tidlegare handsaming: Heile innspelet vert røysta vidare i grovsiling mot Rådmannens innstilling:

«Innspelet er ikkje i tråd med definisjonane fortetting eller utviding, men det står i Dei overordna arealføringane under «Levande grender» pkt. b) hytte/fritidsbustader at: «Det er opning for hyttefelt rundt skisenter og aktivitetsparkar.» Innspelet kan i så måte både vere i strid med - og i tråd med- dei overordna føringane for kommunens arealbruk. Men sidan heile arealet ligg innanfor aktsemdområde for snøskred, og halve innanfor jord- og flaumskred, samt rører ved jordressursar, tilrår Rådmannen å ta innspelet ut.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Om lag 3,5 daa naturbeitemark av stor verdi tilknytt Veslestølen.
Naturressursar (jord/beite)		Innspelsarealet rører ved ca. 5,8 daa innmarksbeite og 4,2 overflatedyrka jord.
Vassmiljø	-	Liten sannsyn for at ei hytte vil ha påverknad på nærmaste resipient Votna bekkefelt (012-1614-R), som har god økologisk tilstand pr mai 2026.

Landskap og terreng		Landskapet er prega av utbygging og alpinsenter. Innspelet vil ikkje påverke landskapskarakteren i vesentleg grad. Men er bratt. Områda i innspelsarealet som ikkje ligg på overflatedyrka jord og naturbeitemark ligg i terreng brattare enn 1:6 og 1:4. 
Kulturminne og kulturmiljø		Arkeologisk minne i form av fire rydningsrøyser. Tre av dem ligg innanfor innspelsarealet.
Samfunnstryggleik		Over halve innspelet ligg i aktsemdssone for jord- og flaumskred.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend konsekvens for friluftslivet.
Trafikale forhold/Trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg avløp i dag. Det er teoretisk mogleg å kople til, men det blir eit kostnadsspørsmål. Innspelet bør vurderast saman med godkjend felt i nord. Ikkje kommunalt vatn, må bli privat vatn i området. Det er straum i området. Privat vinterbrøyta veg i dag.
Konklusjon		
Samla vurdering: Samla sett har innspelet fleire konsekvensar for KU-temaa, m.a. verdifull naturbeitemark og jordressursar, samt kulturminne. Restarealet utanfor desse konfliktområdane ligg i terreng brattare 1:6 og 1:4 og kan ikkje byggjast på.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Dersom innspelet blir ein del av planforslaget må området koplast på kommunalt avløp.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet UT av planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelsområdet MED i planforslaget.		

FB108 – Primhovda Sør

Fritidsføremål: FB108



Innspelsnummer:	129
Forslagsstillar:	Primhovda sør AS
Gnr/bnr:	102/1
Storleik:	Ca. 0,7 daa
Dagens føremål:	Friluftsområde i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av innspel: Etablert hytteområde i Primhovda sør i tynn lauvskog på 990 – 1020 moh. Innspelet tilsvarar i praksis ei tomt på forhaldsvis lite areal mellom etablerte tomter. Området er i dag regulert til friluftsområde og består av tynn lauvskog. Ligg innanfor reguleringsplan «H4 i kommunedelplan for Primhovda, Øvre-Ålsåsen», planID 2006015.

Forslagsstillar har spelt inn FB101–FB121, alle med innspelsnummer 129.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare i grovsiling med Rådmannens innstilling:

«Innspelet er i tråd med definisjonen fortetting. Arealet ligg likevel innanfor regulert område for friluftsliv, og vil «tette» igjen feltet. Mellom dei etablerte og regulerte tomtene ligg det korridorar som då bør gjerast om til friluftsføremål. Rådmannen tilrår å vurdere innspelet nærmare i ein KU.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord. Beitekvalitet i innspelsarealet er registrert som uproduktive areal.
Vassmiljø	-	Alle innspela i området vil kunne medføre vesentleg auke i PE, og må vurderast under eitt. Gitt ikkje påkopling til kommunalt vil utbygginga kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta.

		Med tilknyting til kommunalt leidningsnett vert belastninga flytta frå Votna til Hallingdalselva etter reinsing på Sundre reinseanlegg som har om lag 5500 PE ledig kapasitet, og påverknad på vassmiljø er vurdert som svært låg og med tilnærma «ingen» konsekvens.
Landskap, terreng og nærmiljø		Ingen vesentleg verknad på landskapskarakter. Tomta er flat. Men innspelet vil kome tett på tilgrensande hytter. Sett i samanheng med innspel FB109 kan dette feltet få svært høg utnytting. Av den grunn blir konsekvens vurdert til liten/middels.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Innspelet ligg i friluftsområde i reguleringsplan. Merka stig/gamal bufarveg til Langtjørn går like forbi til i aust. Ingen kjend påverknad på friluftslivet i området.
Trafikale forhold/Trafikktryggleik		Utbygging i området vil auke belastninga på fylkesveg 2934, som har nokon utfordringar m.a. kryss ved skuletoppen med mange barn og mjuke trafikantar. Samla effekt av innspela må vurderast med tanke på behov for utbetring.
Teknisk infrastruktur	-	Det er tilknytt kommunalt avløp via privat fellesnett frå Primhovda til Øvre Ål. Privat fellesanlegg på vatn.
Konklusjon		
Isolert sett har innspelet få negative konsekvensar for KU-temaa. Hovudutfordringa ligg i sjølve fortettinga, og kor tett det er ynskjeleg å byggje med omsyn til den eksisterande bebyggelsen. Trafikale forhald må sjåast på i samanheng med dei 12 andre innspela i området i ei samla KU av planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Må koplast på kommunalt avløp, via privat fellesleidning. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelsområdet MED i planforslaget.		

FB109 – Primhovda Sør

Fritidsføremål: FB109

Innspelsnummer:	129
Forslagsstillar:	Primhovda sør AS
Gnr/bnr:	102/1
Storleik:	Ca. 3,5 daa
Dagens føremål:	Friluftsområde i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av innspelet: Etablert hytteområde i Primhovda sør i tynn lauvskog på 990 – 1020 moh. Innspelet gjeld fritidsbustader på eit areal på 3,5 daa, mellom etablerte tomter. Området er i dag regulert til friluftsområde og består av tynn lauvskog. Ligg innanfor reguleringsplan «H4 i kommunedelplan for Primhovda, Øvre-Ålsåsen», planID 2006015.

Forslagsstillar har spelt inn FB101–FB121, alle med innspelsnummer 129.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare i grovsiling med Rådmannens innstilling:

«Innspelet er i tråd med definisjonen fortetting. Feltet blir liggande oppå ein kolle, noko som kan skape silhuettverknad. Dette må bli vurdert nærmare i ei evt. konsekvensutgreiing. Rådmannen tilrår å vurdere innspelet nærmare i ein KU.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ikkje aktuelt. Beitekvalitet i innspelsarealet er registrert som uproduktive areal. Ingen jordressursar.
Vassmiljø	-	Alle innspela i området vil kunne medføre vesentleg auke i PE, og må vurderast under eitt. Gitt ikkje påkopling til kommunalt vil utbygginga kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta. Med tilknyting til kommunalt leidningsnett vert belastninga flytta frå Votna til Hallingdalselva etter reinsing på Sundre reinseanlegg som har om lag 5500 PE ledig kapasitet, og påverknad på vassmiljø er vurdert som svært låg og med tilnærma «ingen» konsekvens.

Landskap, terreng og nærmiljø		Landskapskarakteren i området er allereie sterkt endra med eksisterande bebyggelse. Det er samstundes viktig å ivareta dei resterande områda, av omsyn til fjern- og nærverknad. Innspelsarealet ligg oppå ein kolle og vil skape vesentleg silhuettverknad. Bygg her vil bli meir ruvande enn omkringliggande hytter. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/Trafikktryggleik		Utbygging i området vil auke belastninga på fylkesveg 2934, som har nokon utfordringar m.a. kryss ved skuletoppen med mange barn og mjuke trafikantar. Samla effekt av innspela må vurderast med tanke på behov for utbetring.
Teknisk infrastruktur	-	Det er tilknytt kommunalt avløp via privat fellesnett frå Primhovda til Øvre Ål. Privat fellesanlegg på vatn.
Konklusjon		
Isolert sett har innspelet få negative konsekvensar for KU temaa. Hovudutfordringa ligg i sjølve fortettinga, og kor tett det er ynskjeleg å byggje med omsyn til den eksisterande bebyggelsen. I tillegg må innspelet sjåast i samanheng med dei tolv andre innspela i området. Ettersom tiltaket inneber bygging på kollen i feltet, vurderast fortetting som uheldig, og Rådmannen tilrår å ta innspelet ut av planforslaget. Trafikale forhald må sjåast på i samanheng med dei 12 andre innspela i området i ei samla KU av planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak:		
Dersom innspelet tas med i planforslaget, må det koplast på kommunalt avløp, via privat fellesleidning. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding:		
Rådmannen tilrår å ta innspelet UT av planforslaget. Dersom innspelet likevel tas med, må føringane lista opp over ligge til grunn.		
Politisk handsaming:		
KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelsområdet UT av planforslaget.		

FB110 – Primhovda Sør

Fritidsføremål: FB110



Innspelsnummer:	129
Forslagsstillar:	Primhovda sør AS
Gnr/bnr:	104/45 og 105/1
Storleik:	Ca. 1 daa
Dagens føremål:	Friluftsområde i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av innspel: Etablert hytteområde i Primhovda sør i tynn lauvskog på 990 – 1020 moh. Innspelet tilsvarar i praksis ei tomt på forhaldsvis lite areal mellom etablerte tomter. Området er i dag regulert til friluftsområde og består av ein arbeidsbrakke, grus, samt litt skog. Ligg innanfor reguleringsplan «H4 i kommunedelplan for Primhovda, Øvre-Ålsåsen», planID 2006015.

Forslagsstillar har spelt inn FB101–FB121, alle med innspelsnummer 129.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare i grovsiling med Rådmannens innstilling:

«Innspelet er i tråd med definisjonen fortetting. Det ligg eit uthus innanfor arealet. Rådmannen tilrår å vurdere innspelet nærmare i ein KU.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen jordressursar. Beitekvalitet i innspelsarealet er registrert som uproduktive areal.
Vassmiljø	-	Alle innspela i området vil kunne medføre vesentleg auke i PE, og må vurderast under eitt. Gitt ikkje påkopling til kommunalt vil utbygginga kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta. Med tilknyting til kommunalt leidningsnett vert belastninga flytta frå Votna til Hallingdalselva etter reinsing på Sundre

		reinseanlegg som har om lag 5500 PE ledig kapasitet, og påverknad på vassmiljø er vurdert som svært låg og med tilnærma «ingen» konsekvens.
Landskap, terreng, nærmiljø		Terreng heller slakt mot nord-aust. Ligg lågt i landskapet samanlikna med omkringliggande hytter. Vil kunne gi noko negativ konsekvens for nærmaste naboar, konsekvensen vurderast derfor til middels negativ.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend konsekvens på friluftslivet eller rekreasjonsverdien i området.
Trafikale forhold/Trafikktryggleik		Utbygging i området vil auke belastninga på fylkesveg 2934, som har nokon utfordringar m.a. kryss ved skuletoppen med mange barn og mjuke trafikantar. Samla effekt av innspela må vurderast med tanke på behov for utbetring.
Teknisk infrastruktur	-	Det er tilknytt kommunalt avløp via privat fellesnett frå Primhovda til Øvre Ål. Privat fellesanlegg på vatn.
Konklusjon		
Isolert sett har innspelet få negative konsekvensar for KU-temaa. Hovudutfordringa ligg i sjølve fortettinga, og kor tett det er ynskjeleg å byggje med omsyn til den eksisterande bebyggelsen. Trafikale forhald må sjåast på i samanheng med dei 12 andre innspela i området i ei samla KU av planforslaget. **Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak:** Må koplast på kommunalt avløp, via privat fellesleidning. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. **Rådmannen si tilråding**: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over. **Politisk handsaming**: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB111 – Primhovda Sør

Fritidsføremål: FB111



Innspelsnummer:	129
Forslagsstillar:	Primhovda sør AS
Gnr/bnr:	102/1
Storleik:	Ca. 2 daa
Dagens føremål:	Offentleg friområde i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av området: Innspelet ligg i hytteområde i Primhovda sør i tynn lauvskog på 990 – 1020 moh. Innspelet gjeld utviding av fritidsbustader på eit areal på ca 2 daa, mot Krotjørn. Ligg innanfor reguleringsplan «Flatereguleringsplan Øvre-Ålsåsen», planID 2006012.

Forslagsstillar har spelt inn FB101–FB121, alle med innspelsnummer 129.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare i grovsiling med Rådmannens innstilling:

«Innspelet er i tråd med definisjonen på utviding, men det går ein tursti gjennom arealet i nordvest. Dette må bli tatt omsyn til. Rådmannen tilrår å vurdere innspelet nærmare i ein KU.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Innspelet rører ca. 200 m2 myr i aust. Det er elles ikkje registrert andre verdifulle eller truga naturtypar. 
Naturressursar (jord/beite)		Beitekvalitet i innspelsarealet er registrert som godt. Ingen dyrka- eller dyrkbar jord.

Vassmiljø		Alle innspela i området vil kunne medføre vesentleg auke i PE, og må vurderast under eitt. Gitt ikkje påkopling til kommunalt vil utbygginga kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta. Med tilknyting til kommunalt leidningsnett vert belastninga flytta frå Votna til Hallingdalselva etter reinsing på Sundre reinseanlegg som har om lag 5500 PE ledig kapasitet. Kroktjørn ligg om lag 40 meter frå innspelet, og konsekvens er derfor satt til midels.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Innspelet ligg i eit søkk i terrenget og medføre avgrensa nær- og fjernverknad. Konsekvens vurderast til ingen.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Heile innspelet ligg innanfor 100 meters beltet til Kroktjørn og kan redusere tilgang på vatnet. Traktorveg til vatnet går gjennom innspelsarealet i nord. Dette er ein viktig tilkomst til Kroktjørn.
Trafikale forhold/Trafikktryggleik		Utbygging i området vil auke belastninga på fylkesveg 2934, som har nokon utfordringar m.a. kryss ved skuletoppen med mange barn og mjuke trafikantar. Samla effekt av innspela må vurderast med tanke på behov for utbetring.
Teknisk infrastruktur	-	Det er tilknytt kommunalt avløp via privat fellesnett frå Primhovda til Øvre Ål. Privat fellesanlegg på vatn.
Konklusjon		
Ei utviding i dette arealet vil gi negative konsekvensar for naturmangfald og beiteverdiar. Trafikale forhald må sjåast på i samanheng med dei 12 andre innspela i området i ei samla KU av planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Av omsyn til myra og turstigen må innspelet nedjusterast slik at nedbygging av dette unngåast. Må koplast på kommunalt avløp, via privat fellesleidning. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget. Resten, eit areal på ca. 1 daa som ligg på traktorslep/turstig og myr blir tilrådd tatt ut.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, i ta innspelsområdet DELVIS MED i planforslaget etter Rådmannens tilråding.		

FB112 – Primhovda Sør

Fritidsføremål - FB112

Innspelsnummer:	129
Forslagsstillar:	Primhovda sør AS
Gnr/bnr:	104/45 og 105/1
Storleik:	Ca. 1,6 daa
Dagens føremål:	Friluftsområde og skiløype i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av innspelet: Innspelet ligg i hytteområde i Primhovda sør i tynn lauvskog på 990 – 1020 moh. Innspelet gjeld fritidsbustad på eit areal på ca. 1,6 daa mellom etablerte tomter. Ligg innanfor reguleringsplan «H4 i kommunedelplan for Primhovda, Øvre-Ålsåsen», planID 2006015.

Forslagsstillar har spelt inn FB101–FB121, alle med innspelsnummer 129.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare i grovsiling mot Rådmannens innstilling:

«Innspelet er i tråd med definisjonen på fortetting, men det går ein tursti gjennom arealet samt at delar av arealet rører ved myr. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut, men sidan det ligg i satsingsområdet til skiheisen sett Rådmannen det til gult.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Ca. 220 m2 av innspelet rører myr i sør-vest. Det er elles ikkje registrert andre verdifulle eller truga naturtypar. 
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen registrerte.

Vassmiljø		Alle innspela i området vil kunne medføre vesentleg auke i PE, og må vurderast under eitt. Gitt ikkje påkopling til kommunalt vil utbygginga kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta. Med tilknyting til kommunalt leidningsnett vert belastninga flytta frå Votna til Hallingdalselva etter reinsing på Sundre reinseanlegg som har om lag 5500 PE ledig kapasitet. Kroktjørn ligg om lag 50 meter frå innspelet, og konsekvens er derfor satt til middels.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Innspelet ligg i eit søkk i terrenget og gir derfor lite nær- og fjernverknad. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Det går skiløype gjennom innspelet, og store delar av innspelet ligg i 100 metersbeltet til Kroktjørn.
Trafikale forhold/Trafikktryggleik		Utbygging i området vil auke belastninga på fylkesveg 2934, som har nokon utfordringar m.a. kryss ved skuletoppen med mange barn og mjuke trafikantar. Samla effekt av innspela må vurderast med tanke på behov for utbetring.
Teknisk infrastruktur	-	Det er tilknytt kommunalt avløp via privat fellesnett frå Primhovda til Øvre Ål. Privat fellesanlegg på vatn.
Konklusjon		
Delar av innspelet ligg på myr, og det går skiløype gjennom innspelet. Trafikale forhold må sjåast på i samanheng med dei 12 andre innspela i området i ei samla KU av planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Unngå bygging på myra. Tilkomst til skiløype må bli ivareteke. Må koplast på kommunalt avløp, via privat fellesleidning. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED av planforslaget, under føresetnadane lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB113 – Primhovda Sør

Fritidsføremål: FB113



Innspelsnummer:	129
Forslagsstillar:	Primhovda sør AS
Gnr/bnr:	104/45
Storleik:	Ca. 19 daa
Dagens føremål:	Friluftsområde og skiløype i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av området: Innspelet ligg ved hytteområde i Primhovda sør i tynn lauvskog på 990 – 1020 moh. Innspelet gjeld utviding av fritidsbustader på eit areal på ca. 19 daa. Ligg innanfor reguleringsplan «Flatereguleringsplan Øvre-Ålsåsen», planID 2006012.

Forslagsstillar har spelt inn FB101–FB121, alle med innspelsnummer 129.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet gjekk vidare mot Rådmannens innstilling:

«Innspelsarealet er etter definisjonane eit nytt område. Likevel står det i Dei overordna arealføringane under «Levande grender» pkt. b) hytte/fritidsbustader at: «Det er opning for hyttefelt rundt skisenter og aktivitetsparkar.» Og Primhovda er i satsingsområdet rundt Ål skisenter. Kor langt «skisenter» strekk seg er eit tolkingsspørsmål. Det vart nyleg gitt ferdigattest for ny heistrasé nord for Rosengardshovda. Innspelsarealet rører også ved boreal hei, samt strekkar seg opp i snaufjell. Arealet går på tvers av alpin-nedfart frå den nye skiheisen til Rosengardshovda.

Sidan innspelet er i strid med utvalskriteria tilrår Rådmannen å ta innspelet ut, men då innspelet også ligg innanfor satsingsområde, sett Rådmannen det til gult.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Mesteparten av innspelsarealet ligg over skoggrensa og i naturtypen boreal hei av stor verdi. I tillegg vil innspelet innskrenke inngrepsfrie naturområde (INON) i vest. 

Naturressursar (jord/beite)		Ikkje dyrka eller dyrkbar jord. Det er 500 m2 med svært god beitekvalitet, resten er god. Innspelet settast derfor til middels konsekvens.
Vassmiljø		Alle innspela i området vil kunne medføre vesentleg auke i PE, og må vurderast under eitt. Gitt ikkje påkopling til kommunalt vil utbygginga kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta. Med tilknyting til kommunalt leidningsnett vert belastninga flytta frå Votna til Hallingdalselva etter reinsing på Sundre reinseanlegg som har om lag 5500 PE ledig kapasitet. Innspelet ligg tett på mindre tjern i vest og konsekvens er derfor satt til middels.
Landskap, terreng og nærmiljø		Høgdedrag i sør skjermar innspelsarealet. Innspelet er av eit relativt stort omfang og vil gi ei vesentleg endring av landskapskarakteren, som truleg vil vere synleg frå stigar og turområde. Sidan silhuettverknaden er avgrensa settast konsekvens til middels. 
Kulturminne og kulturmiljø		Det er automatisk freda kulturminne i form av ein varp/kasterøyse aust i innspelet. Kasterøysa er låg, og med sirkulær form, ca 2m i diameter. Godt synleg, sidan det ikkje veks mose eller gras på steinane. Øksesteinen ligg i same område, men er ikkje registrert i Askeladden.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Skiløype kryssar innspelet i aust. Etablering av vegtilkomst vil innebere kryssing av hovudskiløypa. Hyttefeltet kan i tillegg påverke rekreasjonsverdien negativt då det går merka stigar opp mot Primhovda i nærleiken av tiltaket.
Trafikale forhold/Trafikktryggleik		Utbygging i området vil auke belastninga på fylkesveg 2934, som har nokon utfordringar m.a. kryss ved skuletoppen med mange barn og mjuke trafikantar. Samla effekt av innspela må vurderast med tanke på behov for utbetring.
Teknisk infrastruktur		Innspelet vil krevje nye vegar. Det er tilknytt kommunalt avløp via privat fellesnett frå Primhovda til Øvre Ål. Privat fellesanlegg på vatn.

Konklusjon
Samla sett vil innspelet vil gi fleire negative konsekvensar for KU-temaa, m.a. for naturverdiar (boreal hei), kulturminne og beiteverdiar. Innspelet vil krevje etablering av ny tilkomstveg inn i feltet. Trafikale forhold må sjåast på i samanheng med dei 12 andre innspela i området i ei samla KU av planforslaget.
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak:
Dersom innspelet tas med i planforslaget mot tilrådinga, må føljande ligge til grunn: Må koplast på kommunalt avløp, via privat fellesleidning. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.
Rådmannen si tilråding:
Rådmannen tilrår å ta innspelet UT av planforslaget. Dersom innspelet likevel tas med vidare, må føresetnadene lista opp over ligge til grunn.
Politisk handsaming:
KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet UT av planforslaget.

FTU114 – Primhovda Sør

Fritids- og turistføremål: FTU114





Innspelsnummer:	129
Forslagsstillar:	Primhovda sør AS
Gnr/bnr:	100/1
Storleik:	Ca. 14 daa
Dagens føremål:	LNFR, Skiløype i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritid/turistføremål (Utleige)

Skildring av innspelet: Innspelet ligg mellom Kroktjørnvegen og ny detaljregulering for Rosengardshovda i vest. Innspelet fyller inn det ledige arealet mellom desse, som er ein liten knaus med lauvskog. Ligg innanfor reguleringsplan «Flatereguleringsplan Øvre-Ålsåsen», planID 2006012, og «Reguleringsendring Kroktjørnvegen», planID 2011001.
Forslagsstillar har spelt inn FB101–FB121, alle med innspelsnummer 129.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU mot Rådmannens innstilling:

«Innspelsarealet ligg over skiløype og alpinnedfart, og er å rekne som eit nytt område. Rådmannen vurderer derfor å ta innspelet ut, men sidan dette området ligg innunder satsingsområde ved skiheis sett Rådmannen det til gult.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)		Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men registrert som gode beiteområde.
Vassmiljø	-	Alle innspela i området vil kunne medføre vesentleg auke i PE, og må vurderast under eitt. Gitt ikkje påkopling til kommunalt vil utbygginga kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta. Med tilknyting til kommunalt leidningsnett vert belastninga flytta frå Votna til Hallingdalselva etter reinsing på Sundre reinseanlegg som har om lag 5500 PE ledig kapasitet, og påverknad på vassmiljø er vurdert som svært låg og med tilnærma «ingen» konsekvens.

Landskap, terreng og nærmiljø		Innspelet ligg inntil ubygd reguleringsplan for Rosengardshovda i vest og vil endre landskapskarakteren i området. Her er det relativt bratt. Høgdedrag der innspelet er plassert, er mellomrommet mellom det nye Rosengardsfeltet og eksisterande bebyggelse. Å bygge ut her kan vere uheldig, då bebyggelsen vil kunne ruve over omgjevnadene og gi både nær- og fjernverknad. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Det går merka stigar og skiløyper gjennom innspelet. Friluftslivet og rekreasjonsverdi i området ligg allereie an til å bli sterkt svekka med ny detaljregulering for Rosengardshovda i vest, der utbygging ikkje har starta. I tillegg er det lagt opp til eit nytt kryssingspunkt mellom veg og skiløype rett sør for innspelet. Evt. tilkomst til innspelsarealet må skje frå vest for å hindre nye kryssingspunkt.
Trafikale forhold/Trafikktryggleik		Utbygging i området vil auke belastninga på fylkesveg 2934, som har nokon utfordringar m.a. kryss ved skuletoppen med mange barn og mjuke trafikantar. Samla effekt av innspela må vurderast med tanke på behov for utbetring.
Teknisk infrastruktur		Innspelet vil krevje nye stikkvegar til tomtene.
	-	Det er tilknytt kommunalt avløp via privat fellesnett frå Primhovda til Øvre Ål. Privat fellesanlegg på vatn.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få konsekvensar for KU-temaa. Hovudutfordringa ligg i kryssing av skiløypa som går langs Kroktjørnvegen. Trafikale forhold må sjåast på i samanheng med dei 12 andre innspela i området i ei samla KU av planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Tilkomstveg til arealet krev planfri kryssing av skiløype (kan sjåast i samanheng med pkt 6.2 i reguleringsplanen for Rosengardshovda). Må koplast på kommunalt avløp, via privat fellesleidning. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av tappepunkt.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget, under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FTU115 – Primhovda Sør

Fritids- og turistføremål: FTU115





Innspelsnummer:	129
Forslagsstillar:	Primhovda sør AS
Gnr/bnr:	101/2, 102/1 og 105/1
Storleik:	Ca. 8,3 daa
Dagens føremål:	LNFR, Skiløype i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritid/turistføremål (Utleige)

Skildring av innspelet: Innspelet ligg inntil Kroktjørnvegen. Terrenget heller mot sør. Her er det med lauvskog. Ligg innanfor reguleringsplan «Flatereguleringsplan Øvre-Ålsåsen», planID 2006012, og «Reguleringsendring Kroktjørnvegen», planID 2011001.

Forslagsstillar har spelt inn FB101–FB121, alle med innspelsnummer 129.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU mot Rådmannens innstilling:

«Innspelsarealet ligg over skiløype og alpinnedfart, og er å rekne som eit nytt område. Rådmannen vurderer derfor å ta innspelet ut, men sidan dette området ligg innunder satsingsområde ved skiheis sett Rådmannen det til gult.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)		Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men registrert som gode beiteområde.
Vassmiljø	-	Alle innspela i området vil kunne medføre vesentleg auke i PE, og må vurderast under eitt. Gitt ikkje påkopling til kommunalt vil utbygginga kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta. Med tilknyting til kommunalt leidningsnett vert belastninga flytta frå Votna til Hallingdalselva etter reinsing på Sundre reinseanlegg som har om lag 5500 PE ledig kapasitet, og påverknad på vassmiljø er vurdert som svært låg og med tilnærma «ingen» konsekvens.

Landskap, terreng og nærmiljø		Høgdedrag der innspelet er plassert. Å bygge ut her kan vere uheldig, då bebyggelsen vil kunne gi både nær- og fjernverknad. Ingen utprega landskapskvalitetar og konsekvens settast derfor til middels.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Det går merka stigar og skiløyper gjennom ein liten del av innspelet i sør. Bør vere mogleg å bevare eksisterande løypetrasè ved utbygging.
Trafikale forhold/Trafikktryggleik		Utbygging i området vil auke belastninga på fylkesveg 2934, som har nokon utfordringar m.a. kryss ved skuletoppen med mange barn og mjuke trafikantar. Samla effekt av innspela må vurderast med tanke på behov for utbetring.
Teknisk infrastruktur		Innspelet vil krevje nye stikkveger til tomtene. Det er tilknytt kommunalt avløp via privat fellesnett frå Primhovda til Øvre Ål. Privat fellesanlegg på vatn.
Konklusjon		
Samla sett kan innspelet gi få konsekvensar for KU-temaa. Innspelet kan bli om lag 4-5 hytter i eit nytt felt. Skiløypar går gjennom innspelet, desse må tas omsyn til ved evt. utbygging. I tillegg vil innspelet krevje nye stikkvegar frå Kroktjørnvegen. Trafikale forhold må sjåast på i samanheng med dei 12 andre innspela i området i ei samla KU av planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Nye vegar eller hytter må ikkje kome i konflikt med skiløypa. Må koplast på kommunalt avløp, via privat fellesleidning. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB116 – Primhovda Sør

Fritidsføremål: FB116



Innspelsnummer:	129
Forslagsstillar:	Primhovda sør AS
Gnr/bnr:	106/15
Storleik:	Ca. 1,8 daa
Dagens føremål:	Friluftsområde i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av området: Innspelet ligg i hytteområdet Primhovda sør, i lauvskog om lag 950 moh. Det gjeld ein fritidsbustad på eit areal på ca. 1,8 daa, plassert i den nordaustlege ytterkanten av feltet, mot stupet ned i Votndalen. Tiltaket ligg innanfor reguleringsplanen «H5 i kommunedelplan for Primhovda, Øvre-Ålsåsen», planID 2006016.

Forslagsstillar har spelt inn FB101–FB121, alle med innspelsnummer 129.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU mot Rådmannens innstilling:

«Innspelsarealet er å rekne som eit nytt område, men sidan det ligg i satsingsområdet til skiheisen set Rådmannen det til gult.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men registrert som godt beiteområde. Omfang med ei hytte og konsekvens vurderast til ingen.
Vassmiljø	-	Alle innspela i området vil kunne medføre vesentleg auke i PE, og må vurderast under eitt. Gitt ikkje påkopling til kommunalt vil utbygginga kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta. Med tilknyting til kommunalt leidningsnett vert belastninga flytta frå Votna til Hallingdalselva etter reinsing på Sundre reinseanlegg som har om lag 5500 PE ledig kapasitet, og

		påverknad på vassmiljø er vurdert som svært låg og med tilnærma «ingen» konsekvens.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Tomta ligg mot skråninga mot Votndalen i aust og vil vere skjerma frå sør og vest. Nabotomt rundt er ikkje bygd ut. Vil truleg ikkje skape fjernverknad.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn. Ved evt. dambrot på Kroktjørn vil det kome mykje vatn i bekken gjennom feltet, men dette er vurdert som ukritisk for dette innspelsarealet, med unntak av tilkomstvegen.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik		Utbygging i området vil auke belastninga på fylkesveg 2934, som har nokon utfordringar m.a. kryss ved skuletoppen med mange barn og mjuke trafikantar. Samla effekt av innspela må vurderast med tanke på behov for utbetring.
Teknisk infrastruktur	-	Det er tilknytt kommunalt avløp via privat fellesnett frå Primhovda til Øvre Ål. Privat fellesanlegg på vatn.
Konklusjon		
Samla sett er det få konsekvensar for KU-temaa. Trafikale forhold må sjåast på i samanheng med dei andre innspela i området i ei samla KU av planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Må vurderast om det skal koplast på kommunalt avløp. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB117 – Primhovda Sør

Fritidsføremål: FB117 - Informasjon



Innspelsnummer:	129
Forslagsstillar:	Primhovda sør AS
Gnr/bnr:	105/15
Storleik:	Ca. 1,1 daa
Dagens føremål:	Friluftsområde i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av området: Innspelet ligg i hytteområdet Primhovda sør, i lauvskog om lag 950 moh. Det gjeld ein fritidsbustad på eit areal på ca. 1,1 daa, plassert ytterkanten av feltet, mot stupet ned i Votndalen. Tiltaket ligg innanfor reguleringsplanen «H5 i kommunedelplan for Primhovda, Øvre-Ålsåsen», planID 2006016.

Forslagsstillar har spelt inn FB101–FB121, alle med innspelsnummer 129.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vart røysta vidare mot rådmannens innstilling:

«Innspelet er ikkje i tråd med definisjonane på utviding/fortetting, og må reknast som nytt område. Det er klaga på lysforureining frå dei to eksisterande hyttene i sør, då dei ligg eksponert ut mot dalen. Bygging på innspelsarealet kan forsterke dette inntrykket. Samla sett tilrår Rådmannen derfor å ta innspelet ut. Sidan innspelsarealet ligg innanfor satsingsområdet for skiheis set Rådmannen det til gult.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen registrerte.
Vassmiljø	-	Alle innspela i området vil kunne medføre vesentleg auke i PE, og må vurderast under eitt. Gitt ikkje påkopling til kommunalt vil utbygginga kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta. Med tilknyting til kommunalt leidningsnett vert belastninga flytta frå Votna til Hallingdalselva etter reinsing på Sunde reinseanlegg som har om lag 5500 PE ledig kapasitet, og påverknad på vassmiljø er vurdert som svært låg og med tilnærma «ingen» konsekvens.

Landskap, terreng og nærmiljø		Tomta er tenkt plassert nær kanten der terrenget fell ned mot Votndalen. Nabotomt har svært stor fjernverknad, og ei ny hytte kan forsterke dette. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik		Utbygging i området vil auke belastninga på fylkesveg 2934, som har nokon utfordringar m.a. kryss ved skuletoppen med mange barn og mjuke trafikantar. Samla effekt av innspela må vurderast med tanke på behov for utbetring.
Teknisk infrastruktur	-	Det er tilknytt kommunalt avløp via privat fellesnett frå Primhovda til Øvre Ål. Privat fellesanlegg på vatn.
Konklusjon		
Samla sett er det få konsekvensar for KU-temaa. Hovudutfordringa ligg i landskapsmessig plassering og faren for å skape fjernverknad. Trafikale forhold må sjåast på i samanheng med dei andre innspela i området i ei samla KU av planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Må koplast på kommunalt avløp, via privat fellesleidning. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB118 – Primhovda Sør

Fritidsføremål: FB118 - Informasjon



Innspelsnummer:	129
Forslagsstillar:	Primhovda sør AS
Gnr/bnr:	104/3
Storleik:	Ca. 1,8 daa
Dagens føremål:	Friluftsområde i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av området: Innspelet ligg i hytteområdet Primhovda sør, i lauvskog om lag 950 moh. Det gjeld ein fritidsbustad på eit areal på ca. 1,8 daa, plassert mellom regulerte, ubygde tomter. Tiltaket ligg innanfor reguleringsplanen «H5 i kommunedelplan for Primhovda, Øvre-Ålsåsen», planID 2006016.

Forslagsstillar har spelt inn FB101–FB121, alle med innspelsnummer 129.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vart røysta vidare med rådmannen si innstilling:

«Innspelsarealet er å rekne som utviding. AR5 viser at innspelet så vidt rører ved myr, men denne er i stor grad allereie bygd ned med veg inn i området. Flyfoto viser ikkje myr der i dag. Rådmanne tilrår å vurdere innspelet nærmare i KU.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men området er registrert som godt beite. Med ei hytte vurderast konsekvens derfor til ingen.
Vassmiljø	-	Alle innspela i området vil kunne medføre vesentleg auke i PE, og må vurderast under eitt. Gitt ikkje påkopling til kommunalt vil utbygginga kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta. Med tilknyting til kommunalt leidningsnett vert belastninga flytta frå Votna til Hallingdalselva etter reinsing på Sunde reinseanlegg som har om lag 5500 PE ledig kapasitet, og

		påverknad på vassmiljø er vurdert som svært låg og med tilnærma «ingen» konsekvens.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	I slakt terreng mellom ubygde hyttetomter. Ingen konsekvens.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik		Utbygging i området vil auke belastninga på fylkesveg 2934, som har nokon utfordringar m.a. kryss ved skuletoppen med mange barn og mjuke trafikantar. Samla effekt av innspela må vurderast med tanke på behov for utbetring.
Teknisk infrastruktur	-	Det er tilknytt kommunalt avløp via privat fellesnett frå Primhovda til Øvre Ål. Privat fellesanlegg på vatn.
Konklusjon		
Samla sett er det få konsekvensar for KU-temaa. Trafikale forhold må sjåast på i samanheng med dei andre innspela i området i ei samla KU av planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Må koplast på kommunalt avløp, via privat fellesleidning. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget, under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB119 – Primhovda Sør

Fritidsføremål: FB119 - Informasjon





Innspelsnummer:	129
Forslagsstillar:	Primhovda sør AS
Gnr/bnr:	103/8 og 104/2
Storleik:	Ca. 2,8 daa
Dagens føremål:	Friluftsområde i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Innspelet ligg i hytteområdet Primhovda sør, i lauvskog om lag 990 moh. Det gjeld ein fritidsbustad på eit areal på ca. 2,8 daa, plassert mellom regulerte, ubygde tomter. Tiltaket ligg innanfor reguleringsplanen «H5 i kommunedelplan for Primhovda, Øvre-Ålsåsen», planID 2006016.

Forslagsstillar har spelt inn FB101–FB121, alle med innspelsnummer 129.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vart røysta vidare med rådmannen si innstilling:

«Innspelet er å rekne som utviding, men tomta blir liggande oppå ein kolle, og vil kunne skape silhuett- og fjernverknad. Dette må vurderast nærmare i KU. Rådmannen tilrår å vurdere innspelet nærmare i ein KU.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men området er registrert som godt beite. Med ein til to hytter vurderast konsekvens for beiteverdi å vere tilnærma ingen.
Vassmiljø	-	Alle innspela i området vil kunne medføre vesentleg auke i PE, og må vurderast under eitt. Gitt ikkje påkopling til kommunalt vil utbygginga kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta. Med tilknyting til kommunalt leidningsnett vert belastninga flytta frå Votna til Hallingdalselva etter reinsing på Sunde reinseanlegg som har om lag 5500 PE ledig kapasitet, og

		påverknad på vassmiljø er vurdert som svært låg og med tilnærma negativ konsekvens.
Landskap, terreng og nærmiljø		Terrenget er slakt, og tiltaket vil i liten grad påverke landskapskarakteren. Plasseringa nær toppen er likevel uheldig for hytter nedanfor, og fører til redusert vegetasjon. Konsekvens blir vurdert til liten/middels.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik		Utbygging i området vil auke belastninga på fylkesveg 2934, som har nokon utfordringar m.a. kryss ved skuletoppen med mange barn og mjuke trafikantar. Samla effekt av innspela må vurderast med tanke på behov for utbetring.
Teknisk infrastruktur	-	Det er tilknytt kommunalt avløp via privat fellesnett frå Primhovda til Øvre Ål. Privat fellesanlegg på vatn.
Konklusjon		
Samla sett er det få konsekvensar for KU-temaa. Plasseringa oppå ein kolle gir auka nær- og fjernverknad. Trafikale forhald må sjåast på i samanheng med dei andre innspela i området i ei samla KU av planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak:		
Må koplast på kommunalt avløp, via privat fellesleidning. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding:		
Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget, under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming:		
KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB120 – Primhovda Sør

Fritidsføremål: FB120



Innspelsnummer:	129
Forslagsstillar:	Primhovda sør AS
Gnr/bnr:	103/8 og 104/2
Storleik:	Ca. 4,5 daa
Dagens føremål:	Friluftsområde i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Innspelet ligg i hytteområdet Primhovda sør, i lauvskog om lag 990 moh. Det gjeld ein fritidsbustad på eit areal på ca. 4,5 daa, plassert mellom regulerte, ubygde tomter. Tiltaket ligg innanfor reguleringsplanen «H5 i kommunedelplan for Primhovda, Øvre-Ålsåsen», planID 2006016.

Forslagsstillar har spelt inn FB101–FB121, alle med innspelsnummer 129.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare med rådmannen si innstilling:

«Innspelet er å rekne som utviding, men tomta blir liggande oppå ein rygg, og vil kunne skape silhuett- og fjernverknad. Dette må vurderast nærmare i KU. Rådmannen tilrår å vurdere innspelet nærmare i ein KU.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)		Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men området er registrert som godt beite. Konsekvens vurderast derfor til midels.
Vassmiljø	-	Alle innspela i området vil kunne medføre vesentleg auke i PE, og må vurderast under eitt. Gitt ikkje påkopling til kommunalt vil utbygginga kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta. Med tilknyting til kommunalt leidningsnett vert belastninga flytta frå Votna til Hallingdalselva etter reinsing på Sunde reinseanlegg som har om lag 5500 PE ledig kapasitet, og påverknad på vassmiljø er vurdert som svært låg og med tilnærma negativ konsekvens.

Landskap, terreng og nærmiljø		Innspelet ligg på eit høgdedrag. Hyttene vil bli dominerande i feltet og gi nær- og fjernverknad. Mtp. brattleik opp mot høgdedraget kan vegtilkomst bli utfordrande utan større terrenginngrep. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik		Utbygging i området vil auke belastninga på fylkesveg 2934, som har nokon utfordringar m.a. kryss ved skuletoppen med mange barn og mjuke trafikantar. Samla effekt av innspela må vurderast med tanke på behov for utbetring.
Teknisk infrastruktur	-	Det er tilknytt kommunalt avløp via privat fellesnett frå Primhovda til Øvre Ål. Privat fellesanlegg på vatn.
Konklusjon		
Isolert sett har innspelet få negative konsekvensar for KU-temaa. Hovudutfordringa ligg i innspelets plassering på eit høgdedrag over resten av hyttene i feltet. Trafikale foroald må sjåast på i samanheng med dei andre innspela i området i ei samla KU av planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak:		
Dersom innspelet tas med vidare mot tilrådinga, må det koplast på kommunalt avløp, via privat fellesleidning. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding:		
Rådmannen tilrår å ta innspelet UT av planforslaget. Dersom innspelet likevel tas med, må føresetnadene lista opp over ligge til grunn.		
Politisk handsaming:		
KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet UT av planforslaget.		

FB121 – Primhovda Sør

Fritidsføremål: FB121

Innspelsnummer:	129
Forslagsstillar:	Primhovda sør AS
Gnr/bnr:	103/8 og 104/2
Storleik:	Ca. 2,6 daa
Dagens føremål:	Friluftsområde i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Innspelet ligg i hytteområdet Primhovda sør, i lauvskog om lag 990 moh. Tiltaket ligg innanfor reguleringsplanen «H5 i kommunedelplan for Primhovda, Øvre-Ålsåsen», planID 2006016.

Forslagsstillar har spelt inn FB101–FB121, alle med innspelsnummer 129.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare mot rådmannen si innstilling:

«Innspelet er å rekne som utviding, men tomta blir liggande oppå ein kolle, og vil kunne skape silhuett- og fjernverknad. Sidan innspelet ligg innanfor satsingsområde for skiheis, set Rådmannen innspelet til gult.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)		Ingen jordressursar, men området er registrert som godt beite. Konsekvens vurderast derfor til middels.
Vassmiljø	-	Alle innspela i området vil kunne medføre vesentleg auke i PE, og må vurderast under eitt. Gitt ikkje påkopling til kommunalt vil utbygginga kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta. Med tilknyting til kommunalt leidningsnett vert belastninga flytta frå Votna til Hallingdalselva etter reinsing på Sunde reinseanlegg som har om lag 5500 PE ledig kapasitet, og påverknad på vassmiljø er vurdert som svært låg og med tilnærma negativ konsekvens.

Landskap, terreng og nærmiljø		Tiltaket er plassert på eit høgdedrag og vil framstå som ruvande over eksisterande hytter i området. Utbygging vil kunne krevje omfattande terrenginngrep med fyllingar og skjeringar, og vil påverke landskapsbiletet betydeleg. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik		Utbygging i området vil auke belastninga på fylkesveg 2934, som har nokon utfordringar m.a. kryss ved skuletoppen med mange barn og mjuke trafikantar. Samla effekt av innspela må vurderast med tanke på behov for utbetring.
Teknisk infrastruktur	-	Det er tilknytt kommunalt avløp via privat fellesnett frå Primhovda til Øvre Ål. Privat fellesanlegg på vatn.
Konklusjon		
Isolert sett har innspelet få negative konsekvensar for KU-temaa. Hovudutfordringa ligg i innspelets plassering på eit høgdedrag over resten av hyttene i feltet. Utbygging kan føre til større terrenginngrep. Trafikale forhold må sjåast på i samanheng med dei andre innspela i området i ei samla KU av planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak:		
Dersom innspelet tas med vidare, må det koplast på kommunalt avløp, via privat fellesleidning. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding:		
Rådmannen tilrår å ta innspelet UT av planforslaget. Dersom innspelet likevel tas med vidare, må føresetnadene lista opp over ligge til grunn.		
Politisk handsaming:		
KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet UT av planforslaget.		

FB122 – Ål skisenter

Fritidsføremål: FB122



Innspelsnummer:	146
Forslagsstillar:	Primhovda sameige
Gnr/bnr:	103/9, 104/19, 106/6, 109/4, 109/6 og 114/28
Storleik:	Ca. 22 daa
Dagens føremål:	Skiløype og jord- og skogbruk i reguleringsplan.
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Innspelet er eit relativt stort areal på 22 daa i mellom alpintraséer mot toppen av Ål skisenter. Ligg innanfor reguleringsplan «Svarteberg skiheiser», planID 1982003. Forslagsstillar har og spelt inn FB123.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare mot rådmannen si innstilling:

«Innspelet er å rekne som nytt område. Tiltak i arealet vil krevje kryssing av ny skiheis, eksisterande nedfarta og mogleg ny nedfart. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut, men sidan det ligg tilknytt satsingsområde for skiheis, set Rådmannen innspelet til gult.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)		Det er ingen jordressursar. Området brukast til beite, og beitekvalitet antakast å vere god basert på gjennomført kartlegging i vest. Sidan innspelet er av eit større omfang vurderast konsekvensen som middels.
Vassmiljø	-	Alle innspela i området vil kunne medføre vesentleg auke i PE, og må vurderast under eitt. Gitt ikkje påkopling til kommunalt vil utbygginga kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta. Med tilknyting til kommunalt leidningsnett vert belastninga flytta frå Votna til Hallingdalselva etter reinsing på Sundre reinseanlegg som har om lag 5500 PE ledig kapasitet, og

		påverknad på vassmiljø er vurdert som svært låg og med tilnærma negativ konsekvens.
Landskap, terreng og nærmiljø		Innspelet ligg oppå ein kolle mot toppen av Ål skisenter. Vil kunne gi nærverknad, mogleg også fjernverknad. Likevel er området prega av at området rundt grensar til skitrasear, og har ingen utprega landskapskvalitetar. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik		Om lag 2,7 daa av innspelet rører aktsemdsone for jord- og flaumskred i aust, og flaum i nord. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Rekreasjonsverdien i området er knytt til alpinsenteret. Tiltak i arealet vil krevje kryssing av ny skiheis, eksisterande nedfart og mogleg ny nedfart.
Trafikale forhold/Trafikktryggleik		Utbygging i området vil auke belastninga på fylkesveg 2934, som har nokon utfordringar m.a. kryss ved skuletoppen med mange barn og mjuke trafikantar. Samla effekt av innspela må vurderast med tanke på behov for utbetring.
Teknisk infrastruktur	-	Det er tilknytt kommunalt avløp via privat fellesnett frå Primhovda til Øvre Ål. Privat fellesanlegg på vatn.
		Det er etablert veg i området, men vil krevje bygging av nye stikkvegar.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet nokre konsekvensar for KU-temaa, m.a. aktsemdsone for skred og flaum, samt beiteverdiar. Kommunal avløpsleidning er eit stykke unna og moglegheita rundt påkopling må undersøkast. Påkopling er ein føresetnad for at innspelet kan gå vidare. Trafikale forhold må sjåast på i samanheng med dei andre innspela i området i ei samla KU av planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak:		
Ta ut areal innanfor aktsemdsoner for skred og flaum. Krav om planfri kryssing av nedfart/heistrasé. Må koplast på kommunalt avløp, via privat fellesleidning. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding:		
Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming:		
KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB123 – Ål skisenter

Fritidsføremål: FB123



Innspelsnummer:	146
Forslagsstillar:	Primhovda sameige
Gnr/bnr:	103/9, 104/19, 106/6, 109/4, 109/6 og 114/28
Storleik:	Ca. 19 daa
Dagens føremål:	Jord- og skogbruk i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av området: Innspelet gjeld nye fritidsbustader over eit areal på ca. 19 daa mellom alpintraseer mot toppen av Ål skisenter. Ligg innanfor reguleringsplan «Svarteberg skiheiser», planID 1982003. Forslagsstillar har og spelt inn FB122.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU mot rådmannen si innstilling:

«Innspelsarealet er å rekne som eit nytt område. Delar av området ligg på ein kolle, som vil gje uheldig silhuettverknad. Tiltak i arealet vil krevje kryssing av ny skiheis og mogleg ny nedfart. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut, men sidan det ligg tilknytt satsingsområde for skiheis, set Rådmannen innspelet til gult.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)		Ingen dyrka eller dyrkbar jord. Området er registrert som godt beite.
Vassmiljø		Alle innspela i området vil kunne medføre vesentleg auke i PE, og må vurderast under eitt. Gitt ikkje påkopling til kommunalt vil utbygginga kunne utgjere ei fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta. Med tilknyting til kommunalt leidningsnett vert belastninga flytta frå Votna til Hallingdalselva etter reinsing på Sundre reinseanlegg som har om lag 5500 PE ledig kapasitet. Innspelsområdet ligg innanfor 100- metersbeltet til vatnet i vest, og konsekvens for vassmiljøet settast derfor til midels.

Landskap, terreng og nærmiljø.		Innspelet ligg oppå ein kolle i toppen av Ål skisenter. Skråninga mot toppen er på mellom 1:4 og 1:6 i brattleik. Vegtilkomst kan bli utfordrande. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Innspelet ligg inntil vatn og kan redusere tilgang og rekreasjonsverdi knytt til vatnet. Vegtilkomst vil krysse heis og evt. ny nedfart.
Trafikale forhold/Trafikktryggleik		Utbygging i området vil auke belastninga på fylkesveg 2934, som har nokon utfordringar m.a. kryss ved skuletoppen med mange barn og mjuke trafikantar. Samla effekt av innspela må vurderast med tanke på behov for utbetring.
Teknisk infrastruktur	-	Det er tilknytt kommunalt avløp via privat fellesnett frå Primhovda til Øvre Ål. Tilknytt vatn må bli privat.
		Vegtilkomst er ikkje etablert og kan bli utfordrande, då det alle moglege vegar frå Kroktjørnvegen er for bratt.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet nokon konsekvensar for KU -temaa. Hovudutfordringa ligg i vegtilkomsten, både mtp. brattleik og kryssing av alpin nedfart/heis, som må unngåast. Det lille tjørnet inntil innspelet kan vere utsett i ein anleggsfase med bygging av feltet, og anna avrenning. Det er òg registrert godt beite. Trafikale forhald må sjåast på i samanheng med dei andre innspela i området i ei samla KU av planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Krav om planfri kryssing av nedfart/heistrasé. Må koplast på kommunalt avløp, via privat fellesleidning. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget, under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

Sangefjell

Sagnefjell har totalt eitt innspel som skal konsekvensutgreiast



SAMANDRAG		
Innspel	Tilråding	Vilkår
FB604	MED	Oppmåling av grensene før deling kan gjennomførast.

FB604 – Orrelie

Fritidsføremål: FB604	
	
Innspelsnummer:	119
Forslagsstillar:	Hans Christian Veel-Skogholt
Gnr/bnr:	125/43
Storleik:	Ca. 1,2 daa
Dagens føremål:	Noverande fritidsbebyggelse
Ønska føremål:	Fritidsbustad
Skildring av Innspelet. Innspelet ligg i etablert hytteområde innanfor disposisjonsplan «Sangefjell II». Initiativtakar ynskjer å dele ei tomt i Orrelie på Sangefjell i to. Det blir oppgitt at tomta er på 4,8 daa, men dette er ei sirkeltomt som ikkje har oppmålte grenser.	
Tidlegare handsaming	
Heile innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling: *"Initiativtakar har fått beskjed om å måle opp grensene slik at dei blir klarlagde."*	

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Naturtypekartlegging manglar på Sangefjell. Konsekvens er derfor usikker.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord. Området er ikkje beitekartlagd. Innspelet er av avgrensa omfang med ei hytte. Konsekvens blir vurdert til ingen.
Vassmiljø	-	Lite sannsynleg at ei hytte vil ha påverknad på nærmaste resipient Sangefjell bekkefelt 012-2216-R som har god økologisk tilstand pr mai 2026.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Slak helling. Hytta bør plasserast i overkant av det bratte partiet for å unngå større terrenginngrep. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.

Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn på Sangefjell.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Innspelet har truleg ingen påverknad på sti og skiløypenett. Ingen kjend konsekvens for friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ikkje aktuelt. Prosess med reguleringsplan for nytt kryss frå RV7 i Kleivi er påbegynt per mai 2026.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA. I tråd med hovudplan for VA er området er lågast prioritert til å vurdere kommunalt avløp. Det er heller ikkje mogleg å kople til privat felles avløpsanlegg.
	-	Det er veg inntil innspelet.
Konklusjon		
Frådeling av denne tomta og vurderast å ikkje ha vesentlege konsekvensar for dei ulike KU-temaa. Det er usikkert om det er naturverdiar i innspelet.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Initiativtakar må måle opp grensene før deling kan gjennomførast.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget, under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

Veståsen

Veståsen har totalt 3 innspel som skal konsekvensutgreiast.



SAMANDRAG		
Innspel	Tilråding	Vilkår
FB605	DELVIS MED	
FB606	UT	
FB607	DELVIS MED	

FB605 – Hagaheimstølen

Fritidsføremål: FB605



Innspelsnummer:	20, 22 og 73
Forslagsstillar:	Torleif Bjella m. Fl.
Gnr/bnr:	8/1
Storleik:	Ca. 3 daa fordelt på to tomter
Dagens føremål:	Noverande og framtidig fritidsbustader i gjeldande KPA
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av området: Initiativtakar ynskjer fortetting av hytteområdet på Hagaheimstølen med til saman fire tomter. Innspelet kan sjåast i samanheng med FB606 og FB607.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling:

«Innspelet er i tråd med fortetting på tomta mot vest. Den andre tomta ligg ut i framtidig fritidsbebyggelse, og i så måte i tråd med arealføremålet, men denne rører ved aktsemdområde for flaum. Rådmannen tilrår derfor å nedjustere arealet mot aust, slik at ein unngå flaumfare, og vurdere innspelet nærmare i ein KU.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Ingen treff på utvalde artar eller naturtypar. Ikkje kartlagd naturtypar, og dermed usikker konsekvens.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord. Det er ikkje beitekartlagd i området. Innspelet er av avgrensa omfang og konsekvens blir derfor vurdert til ingen.
Vassmiljø		Lite sannsynleg at ei hytte (eller 5 hytter om ein ser samla) vil ha påverknad på nærmaste resipient Ridøla oppstrøms vanninntak (012-2228-R), som har god økologisk tilstand. Men innspelsområdet ligg innanfor 100- metersbeltet til vassdraget i aust. Konsekvens vurderast derfor til middels.

Landskap, terreng og nærmiljø	-	Terrenget har ei jamn og slak helling mot nord. Innspela vil ikkje ha nokon utprega effekt på landskapskarakteren utover å auke tal einingar. Vurderast derfor til ingen konsekvens. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte. SEFRAK bygg knytt til støling i nærleiken.
Samfunnstryggleik		Aktsemdsone for flaum gjennom halve tomta i aust. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i Veståsen.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Innspelsarealet ligg innafor friluftsområde med viktig verdi, og ligg tett på vassdraget i aust. Samstundes er det ingen kjend påverknad på sti og skiløypenett og konsekvens vurderast derfor til middels/usikker.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA. Heller ingen plan om å få det. Initiativtakar informerer om at det ikkje er straum eller VA, men god veg. Tiltaket vil krevje bygging av stikkvegar, særleg til den austlege tomta.
Konklusjon		
Innspelet har fleire infrastrukturmanglar, i tillegg til at det ligg innanfor 100 metersbeltet til vassdraget i aust. Området manglar kartlegging av både naturtypar og beitekvalitet. 700 m2 av innspelet ligg i aktsemdsone for flaum. Innspelet er ein del av eit større område satt av til framtidig fritidsbustad i KPA, som vil bli vurdert i planvask.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: -		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget. Den austlege tomta tas ut grunna aktsemdsone for flaum. Den vestlege tomta kan tas med.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget i tråd med Rådmannens innstilling.		

FB606 – Hagaheimstølen

Fritidsføremål: FB605 - Informasjon



Innspelsnummer:	20, 22 og 73
Forslagsstillar:	Torleif Bjella m. Fl.
Gnr/bnr:	8/1
Storleik:	Ca. 0,7 daa, ei tomt
Dagens føremål:	Noverande og framtidig fritidsbustader i gjeldande KPA
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Initiativtakar ynskjer fortetting av hytteområdet på Hagaheimstølen med til saman fire tomter. Innspelet kan sjåast i samanheng med FB605 og FB607.

Tidlegare handsaming

Innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling:

"Innspelet er i tråd med fortetting på den sørlegaste tomta. Store delar av den andre tomta rører ved aktsemdområde for flaum, og ikkje i tråd med grovsilingskriteria. Rådmannen tilrår derfor å ta ut den nordlegaste tomta, og vurdere den sørlegaste tomta nærmare i ein KU."

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Ingen treff på utvalde artar eller naturtypar. Ikkje kartlagd naturtypar. Konsekvens er vurdert usikker og dermed gul.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen jordressursar. Det er ikkje beitekartlagd i området. Innspelet er av avgrensa omfang og konsekvens settast derfor til ingen.
Vassmiljø		Lite sannsynleg at ei hytte (eller 5 hytter om ein ser samla) vil ha påverknad på nærmaste resipient Ridøla oppstrøms vanninntak (012-2228-R), som har god økologisk tilstand. Men Innspelsområdet ligg innanfor 100- metersbeltet til vassdraget i aust. Konsekvens vurderast derfor til midels.

Landskap, terreng og nærmiljø	-	Terrenget har ei jamn og slak helling mot nord. Innspela vil ikkje ha nokon utprega effekt på landskapskarakteren utover å auke tal einingar. Vurderast derfor til ingen konsekvens.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen. SEFRAK bygg knytt til støling i nærleiken.
Samfunnstryggleik		550 m2 av innspelet ligg i aktsemdsone for flaum. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Innspelsarealet ligg innafor friluftsområde med viktig verdi, og ligg tett på vassdraget i aust. Rekreasjonsverdi knytt til område er usikker og konsekvens vurderast derfor til middels/usikker.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA. Heller ingen plan om å få det. Initiativtakar informerer om at det ikkje er straum eller VA, men god veg.
Konklusjon		
Innspelet har fleire infrastrukturmanglar, i tillegg til at det ligg innanfor 100 metersbeltet til vassdraget i aust. Området manglar kartlegging av både naturtypar og beitekvalitet. Størsteparten av innspelet ligg i aktsemdsone for flaum. Innspelet er ein del av eit større område satt av til framtidig fritidsbustad i KPA, som vil bli vurdert i planvask.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: -		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet UT av planforslaget.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet UT av planforslaget.		

FB607 – Hagaheimstølen

Fritidsføremål: FB607 - Informasjon



Innspelsnummer:	20, 22 og 73
Forslagsstillar:	Torleif Bjella m. Fl.
Gnr/bnr:	8/1
Storleik:	Ca. 1,3 daa
Dagens føremål:	Framtidig fritidsbustader i gjeldande KPA
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Initiativtakar ynskjer fortetting av hytteområdet på Hagaheimstølen med til saman fire tomter. Innspelet kan sjåast i samanheng med FB605 og FB606.

Tidlegare handsaming

Innspelet vert røysta vidare til KU mot Rådmannens innstilling:

«Innspelet er ikkje fortetting eller utviding, og blir derfor å rekne som eit nytt område. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Ingen treff på utvalde artar eller naturtypar. Ikkje kartlagd naturtypar. Konsekvens er vurdert usikker og dermed gul.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord. Det er ikkje beitekartlagd i området. Innspelet er av avgrensa omfang og konsekvens blir derfor vurdert til ingen.
Vassmiljø		Lite sannsynleg at ei hytte (eller 5 hytter om ein ser samla) vil ha påverknad på nærmaste resipient Ridøla oppstrøms vanninntak 012-2228-R, som har god økologisk tilstand. Men Innspelsområdet ligg innanfor 100- metersbeltet til vassdraget i aust. Konsekvens vurderast derfor til midels.

Landskap, terreng og nærmiljø	-	Terrenget har ei jamn og slak helling mot nord. Innspela vil ikkje ha nokon utprega effekt på landskapskarakteren utover å auke tal einingar. Vurderast derfor til ingen konsekvens. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte. SEFRAK bygg knytt til støling i nærleiken.
Samfunnstryggleik		Innspelet rører ca. 400 m2 aktsemdsone for flaum. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Innspelsarealet ligg innafor friluftsområde med viktig verdi, og ligg tett på vassdraget i aust. Samstundes er det ingen kjend påverknad på sti og skiløypenett og konsekvens vurderast derfor til midels/usikker.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA. Heller ingen plan om å få det. Initiativtakar informerer om at det ikkje er straum eller VA, men god veg.
Konklusjon		
Innspelet har fleire infrastrukturmanglar, i tillegg til at det ligg innanfor 100 metersbeltet til vassdraget i aust. Området manglar kartlegging av både naturtypar og beitekvalitet. Innspelet er ein del av eit større område satt av til framtidig fritidsbustad i KPA, som vil bli vurdert i planvask.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: -		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget. Delen innanfor aktsemdsone tas UT.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget i tråd med Rådmannens innstilling.		

Torpo, Oppheimsåsen og Syningen

Området har totalt 26 innspel som skal konsekvensutgreiiast.



Samandrag		
Innspel	Tilråding	Vilkår
FB501 / FB545	UT	
FB503	MED	Ikkje bygge i aktsemdsone før det er gjennomført flaumfarevurdering. Påkopling felles privat avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB505	DELVIS MED	Område med myr, svært gode beiter, og øvste del av høgehaug tas ut. Omsyn til stigar. Etablere felles tappepunkt. Krav om reguleringsendring.
FB507	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB508	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB510	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB513	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB515	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB521	MED	Ta ut areal innanfor aktsemdsone.
FB522	MED	Etablere fells VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB523	UT	
FB524	MED	Ivareta sambindingsstig og kolgrop. Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.

FB526	DELVIS MED	Arealet innanfor vilttrekket tas ut. Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB527	UT	
FB528	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB529	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB530	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB531	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB532	UT	
FB534	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB535	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB539	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB540	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB542	MED	Sambindingsstigen må bli ivareteke. Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB501 / FB545	UT	
FB503	MED	Ikkje bygge i aktsemdsone før det er gjennomført flaumfarevurdering. Påkopling felles privat avløp. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.

FB501/FB545 – Nørdre Volelivegen

Fritidsføremål: FB501/FB545 - Informasjon



Innspelsnummer:	150
Forslagsstillar:	Carina Meland
Gnr/bnr:	11/45
Storleik:	Ca. 5 daa
Dagens føremål:	LNF-2A, Bevaring naturmiljø Vola i KPA
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av innspelet: Innspelet ligg ved Buhovdvatnet i opent landskap ca. 1000 moh. Arealet er ei tidlegare frådelt hyttetomt. Det ble gitt dispensasjon til å bygge på tomta i 2015, men nye eigarar av tomta var ikkje klar over at denne berre gjaldt for tre år. Har no eit ynskje om å endre arealføremål til fritidsbustad. Tomta ligg nord for Gaurhovd, og like søraust for Buhovdvatnet.

Det er ingen reguleringsplan i området.

Tidlegare handsaming

Innspelet vert røysta vidare til KU mot Rådmannens innstilling:

«Innspelet er ikkje i tråd med grovsilingskriteria og dei overordna arealføringane for kommunen. Innspelsområdet ligg innanfor LSF A område, kor det i KPA er byggeforbod for nye fritidsbustader. Innspelet ligg innanfor omsynssone Bevaring naturmiljø Vola. Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Heile innspelet ligg i boreal hei av stor verdi (Buhovdvatnet Ø1).
Naturressursar (jord/beite)		Heile innspelet ligg på dyrkbar jord.
Vassmiljø		Liten sannsynlighet for innspelet vil ha påverknad på nærmaste resipient Vola 012-2232-R og måloppnåinga iht. Vassforskrifta. God økologisk tilstand pr mai 2026. Samstundes ligg innspelet innanfor 100-metersbeltet til Buhovdvatnet og konsekvens vurderast derfor til midels.
Landskap, terreng og nærmiljø		Innspelet ligg langt unna anna bebyggelse og vil truleg ikkje ha vesentleg påverknad på naboar. Samstundes utgjer vatnet og området rundt ein landskapsverdi. Konsekvensen vurderast derfor til middels.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.

Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Det går umerka stigar inntil innspelet i nord og sør tilknytt Buhovdvatnet. Innspelet ligg nært vatnet, og tiltaket vil redusere rekreasjonsverdien og tilgang til dette. Samstundes vil ei tomt ha avgrensa konsekvens for friluftslivet. Konsekvens vurderast derfor til middels.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA. Det er uvisst om det er privat VA i nærleiken. Det er ikkje veg heilt fram til innspelsarealet. Uvisst om det er straum til området.
Konklusjon		
Tomta er forhaldsvis stor og i eit område prega av lite utbygging. Med 5 daa vil innspelet kunne medføre vesentleg utbygging med fleire hytter i eit felt. Utbygging av tomta vil vere i strid med fleire omsyn, mellom anna verdsett naturtype boreal hei av stor verdi, dyrkbar jord, i tillegg til at det ligg i 100 metersbeltet til Buhovdvatnet. I tillegg er det fleire infrastrukturmanglar.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Dersom innspelet tas med vidare, må utbygging avgrensast til maks ei hytte. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn i Torpoåsen.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet UT av planforslaget. Dersom innspelet likevel blir med vidare, må føringane lista opp over ligge til grunn.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB503 – Ringhovdstølan

Fritidsføremål: FB503



Innspelsnummer:	37
Forslagsstillar:	Eirik Øen
Gnr/bnr:	13/32
Storleik:	Ca. 4,7 daa
Dagens føremål:	Eksisterande fritidsbustad og LSF B i KPA.
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av området: Tomta ligg ikkje på regulert område, men i område avsett til fritidsbustader i overordna plan. Ein mindre del, som då er ynska avsett til fritidsføremål, ligg i LSF B. Det er ynskje om at heile hyttetomta skal bli avsett til fritidsføremål, samt moglegheit til å dele frå ei ny hyttetomt utan plankrav. Eigedomen har vatn- og avlaupsanlegg som er dimensjonert for to fritidsbustader.

Tidlegare handsaming

Innspelsarealet vart delvis røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling:

«Innspelet er i tråd med fortetting på den sørlegaste tomta. Store delar av den andre tomta rører ved aktsemdområde for flaum, og ikkje i tråd med grovsilingskriteria. Rådmannen tilrår derfor å ta ut den nordlegaste tomta, og vurdere den sørlegaste tomta nærmare i ein KU.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Det er gjennomført naturtypekartlegging i området og det er ikkje registrert truga eller verdifulle naturtypar i eller ved innspelet.
Naturressursar (jord/beite)		Ingen registrerte jordressursar, men innspelet er registrert som godt beiteområde.
Vassmiljø		Lokal resipient er Sireåne bekkefelt 012-2420-R som har moderat økologisk tilstand, grunna nivå av fosfor/nitrogen. Samstundes er påvekstalgar i svært god tilstand og presisjon er satt til låg. Initiativtakar har opplyst om at privat avløpsanlegg har restkapasitet i allereie gitt utsleppsløyve på naboeigedom. Dersom det er snakk om nytt utslepp, vil det vere naudsynt med nye prøver for å vurdere resipientens restkapasitet.

		Ei ny hytte kopla på privat avløp vil ikkje gje stor påverknad, men må sjåast på samla belastning av alle innspel til Siråne bekkefelt.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Terrenget er relativt flatt. Ny hytte vil truleg gi liten nær- og fjernverknad.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik		Innspelet rører aktsemdsone for flaum i nord. Ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjende konsekvensar på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjende konsekvensar for temaet.
Teknisk infrastruktur	-	Privat felles avløpsanlegg med ledig kapasitet i følgje initiativtakar.
Konklusjon		
Innspelet er vurdert å få lite konsekvensar for KU-temaa, og infrastruktur er i hovudsak på plass. Det er aktsemdssone i aust.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Må koplast på felles privat avløpsanlegg. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Område innanfor aktsemdsone tas ut.		
Rådmannen si tilråding: Arealet innanfor flaumsona tas UT. Rådmannen tilrår å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget i tråd med Rådmannens innstilling.		

FB505 – Øknevatn

Fritidsføremål: FB505



Innspelsnummer:	38
Forslagsstillar:	Ola Dale, Øystein Dale og Hanne Kristin Dale Frøyland.
Gnr/bnr:	20/21
Storleik:	Ca. 138 daa
Dagens føremål:	Fritidsbustader og friluftsføremål
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av innspelet: Innspelet ligg mellom austre og vestre Øknevatn og omfattar høgdedraget Høgehaug og tilstøytane småkuperte område på til saman 113 km2 ca. 950 til 1000 moh. Det er fjellskog og myrområde. Eigedomen i innspelsarealet innehar 15 frådelte hytter med privat veg. Merka stig over Høgehaug samt nokre småstigar. Initiativtakar ynskjer å fortette eit regulert område med 7-9 hyttetomter.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vart røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling:

«Innspelsarealet kan definerast som fortetting/utviding, men rører ved myr og flaumsone, og må derfor justerast. Det ligg også tett på Øknevatnet og det er stadvis bratt, så området må nedjusterast. Rådmannen innstiller på å vurdere området nærmare i ein KU.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Naturskog i austre deler av innspelsarealet. 6,6 daa av innspelet ligg på myr i nord. Elles ingen registrerte naturverdiar, og konsekvens blir vurdert til middels. 

Naturressursar (jord/beite)		Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men området er registrert som godt og til dels svært godt beite for stor- og småfe. Område med svært god beitekvalitet ligg inntil Øknevatn. 
Vassmiljø		Austre Øknevatn ligg inntil innspelsarealet. Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R) som har god økologisk tilstand. 7-9 hyttetomter vil ikkje medføre stor påverknad på resipient, men må sjåast på samla med dei andre innspela i området. Konsekvens vurderast derfor til liten/middels.
Landskap, terreng og nærmiljø		Innspelet omfattar Høgehaug, eit markert høgdedrag med verdi for landskap og rekreasjon. Utbygging på eller opp mot høgdedraget vil endre landskapskarakteren negativt og redusere rekreasjonsverdiane. Nærleik til Øknevatn aukar konflikten, då utbygging vil svekkje landskaps- og rekreasjonsverdiane knytt til vatnet. Tiltaket kan potensielt ha stor negativ konsekvens.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik		Innspelet rører aktsemdsone for flaum ved Øknevatn. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Innspelet ligg tett på Øknevatn og det går mange umerka stigar dit frå dei eksisterande hyttene. Ein merka sambindingssti over Høgehaug som fungerer som tilkomststi til utsiktspunkt på Høgehaug, og bind saman vegar frå hyttefelt i aust og hyttefelt i vest. I så måte vil tiltaket gi store konsekvensar for friluftslivet, men innspelsarealet er stort og det er mogleg å ta omsyn til friluftslivet og rekreasjonsverdien i området ved regulering.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjende konsekvensar for temaet.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje kommunalt VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Initiativtakar informerer om at det er mogleg å kople på eksisterande felles avløpsanlegg og vassverk. Restkapasitet

		på lokal resipient er ikkje kjend, men økologisk tilstand er god. Behov for nye stikkvegar, då innspelsarealet legg opp til nye tomter eit godt stykke unna etablert køyreveg, særleg i aust. Men omfanget av evt. nye stikkvegar er usikker. Nye hytter kan og plasserast inntil eksisterande veg.

Konklusjon

Samla sett har innspelet fleire negative konsekvensar. Omfanget er stort, men utbygginga må reduserast for å redusere konsekvensane. Friluftsverdiane, inkludert sambindingsti og Høgehaug som rekreasjonsområde, er delvis i fare ved ei evt. utbygging, men kan i nokon grad tas omsyn til. Utbygging i høgdedraget utgjer og ein risiko for at bebyggelsen blir dominerande og skapar nær- og fjernverknad. Areala nærast Øknevatn har svært høg beitekvalitet og bør takast ut. Her er det og myr. Privat VA-infrastruktur ser ut til å vere på plass, men utbygginga vil truleg krevje etablering av fleire stikkvegar.

Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak:

Areal på myr, svært gode beiteområde og i 100 metersbeltet til Øknevatn må tas ut.
Øvste delen av høgdedraget Høgehaug må også tas ut, både av omsyn til nær- og fjernveknad, og filuftslivet. Stigar må tas omsyn til.

Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen tilrår å ta ein del av innspelet DELVIS MED i planforslaget som framtidig fritidsbustad, under føresetnadene lista opp over.

Politisk handsaming:

KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget i tråd med Rådmannens innstilling.

FB507 – Trytetjørni / Høgehaug

Fritidsføremål: FB507



Innspelsnummer:	113
Forslagsstillar:	Ingar Dalen på vegne av fleire
Gnr/bnr:	14/2
Storleik:	Ca. 1,6 daa
Dagens føremål:	Fritidsbebyggelse i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Området ligg i bjørkeskog om lag 950 moh., med innslag av opne myrdrag. Øknevatn vest og aust ligg i nærleiken. Terrenget er relativt flatt, men småkupert.
Initiativtakar har spelt inn 18 areal, som utgjer FB506–FB515 og FB524–FB542. Innspelet omfattar fleire delområde spreidde i terrenget, i hovudsak tilknytt eksisterande hytteområde, med føreslått utbygging av fritidsbustader. Alle innspela ligg innanfor detaljreguleringsplan «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling.

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Naturtypekartlegging er gjennomført i området, og det er ikkje registrert verdifulle eller truga naturtypar i eller ved innspelet.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrkbar eller dyrka jord. Tomta er registrert som godt beite, men omfanget av innspelet er avgrensa og konsekvens blir derfor vurdert til ingen.
Vassmiljø	-	Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand. To tomter vert ikkje vurderte å ha vesentleg påverknad på resipienten. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som ingen.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Slak helling mot vest. Innspelet er plassert mellom to etablerte tomter. Ei hytte vil truleg ha ingen konsekvens for temaet.

Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Skiløype går like forbi tomta, og det er usikkert om innspelet vil redusere tilgang til denne. Omfanget er avgrensa, og det er elles ingen kjend konflikt med friluftsliv eller rekreasjonsverdi og konsekvens settast til ingen.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjende konsekvensar for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg eller privat VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Konsekvens settast derfor til stor negativ.
	-	Det er veg til innspelet.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få konfliktpunkt og konsekvensar for KU-temaa. Vatn og avløp manglar, og dette er noko som må etablerast felles for alle innspela i området som måtte gå vidare.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Der det er mogleg, må det etablerast ny felles VA-løysing i samråd med Ål kommune med tanke på kommunal overtaking. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB508 – Trytetjørni / Høgehaug

Fritidsføremål: FB508



Innspelsnummer:	113
Forslagsstillar:	Ingar Dalen på vegne av fleire
Gnr/bnr:	14/2
Storleik:	Ca. 4,7 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Området ligg i bjørkeskog om lag 950 moh., med innslag av opne myrdrag. Øknevatn vest og aust ligg i nærleiken. Terrenget er relativt flatt, men småkupert.
Initiativtakar har spelt inn 18 areal, som utgjer FB506–FB515 og FB524–FB542. Innspelet omfattar fleire delområde spreidde i terrenget, i hovudsak tilknytt eksisterande hytteområde, med føreslått utbygging av fritidsbustader. Alle innspela ligg innanfor detaljreguleringsplan «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».
I FB508 er det ynskje om 3 tomter.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling.

«Området vil krevje ny veg. Rådmannen tilrår å nedjustere arealet så det ikkje ligg i/inntil myr, og vurdere området nærmare i ein KU.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Det er ikkje registrert verdifulle naturtypar i innspelet. Det er føreslått vegtilkomst over myra i sør, og konsekvens vurderast derfor til stor negativ. 
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrkbar eller dyrka jord. Innspelet er registrert som godt beite, men omfanget av innspelet er avgrensa og konsekvens settast derfor til ingen.

Vassmiljø	-	Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand. Tre tomter vert ikkje vurderte å ha vesentleg påverknad på resipienten. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som ingen.
Landskap, terreng og nærmiljø		Innspelet ligg i ei skråning ned mot myra. Store delar av innspelet er brattare enn 1:6. Det er tvilsamt at tre hytter med vegtilkomst kan plasserast skånsamt i dei slakare områda utan vesentlege terrenginngrep. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Skiløype går like forbi tomta, og det er usikkert om innspelet vil redusere tilgang til denne. Omfanget er avgrensa, og det er elles ingen kjend konflikt med friluftsliv eller rekreasjonsverdi og konsekvens blir vurdert til ingen.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjende konsekvensar for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg eller privat VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Tomta vil krevje ny veg. Tiltakshavar føreslår vegtilkomst frå Veavegen i sør, men her er det myr.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få konfliktpunkt og negative konsekvensar, men det er relativt bratt. VA-infrastruktur manglar, og dette må etablerast felles for alle innspela i området.		
Vurdering av evt. føringar for vidare planarbeid og/eller avbøtande tiltak: Vegtilkomst må ikkje gå over myra. Der det er mogleg, må det etablerast ny felles VA-løysing i samråd med Ål kommune med tanke på kommunal overtaking. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: Rådmannen tilrår å ta innspelet UT av planforslaget.		

FB510 – Trytetjørni / Høgehaug

Fritidsføremål: FB510



Innspelsnummer:	113
Forslagsstillar:	Ingar Dalen på vegne av fleire
Gnr/bnr:	21/1
Storleik:	Ca. 4,5 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Området ligg i bjørkeskog om lag 950 moh., med innslag av opne myrdrag. Øknevatn vest og aust ligg i nærleiken. Terrenget er relativt flatt, men småkupert.
Initiativtakar har spelt inn 18 areal, som utgjer FB506–FB515 og FB524–FB542. Innspelet omfattar fleire delområde spreidde i terrenget, i hovudsak tilknytt eksisterande hytteområde, med føreslått utbygging av fritidsbustader. Alle innspela ligg innanfor detaljreguleringsplan «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».
I FB510 er det ynskje om 2 tomter.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling.

«Området kan sjå bratt ut, men ut frå dei gitte kriteria tilrår Rådmannen å vurdere innspelet nærmare i ein KU».

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Naturtypekartlegging er gjennomført i området, og det er ikkje registrert verdifulle eller truga naturtypar i eller ved innspelet.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord. Innspelet er registrert som godt beite, men omfanget av innspelet er avgrensa og konsekvens settast derfor til ingen.
Vassmiljø		Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand pr mai 2026. Tre tomter vert vurderte å ha liten påverknad på resipienten. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som liten.
Landskap, terreng og nærmiljø		Store delar av innspelet ligg i terreng brattare enn 1:6. Dette skapar utfordringar med plassering av hyttene, samt

		stikkvegar. Tiltaket kan resultere i større skjeringar eller fyllingar, og skape nær og fjernverknad då det ligg opp mot eit høgdedrag. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen synlege stigar eller kjent konflikt med friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjende konsekvensar for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg eller privat VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Konsekvens settast derfor til stor negativ.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få konfliktpunkt og negative konsekvensar. Plasseringa opp mot høgdedraget kan vere uheldig, då det er relativt bratt og kan medføre større terrenginngrep. Vatn og avløp manglar, og dette er noko som må etablerast felles for alle innspela i området som takast med i planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Må etablerast ny felles VA-løysing, i samråd med Ål kommune med tanke på kommunal overtaking. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB513 – Trytetjørni / Høgehaug

Fritidsføremål: FB513



Innspelsnummer:	113
Forslagsstillar:	Ingar Dalen på vegne av fleire
Gnr/bnr:	21/29
Storleik:	Ca. 3,3 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Området ligg i bjørkeskog om lag 950 moh., med innslag av opne myrdrag. Øknevatn vest og aust ligg i nærleiken. Terrenget er relativt flatt, men småkupert.
Initiativtakar har spelt inn 18 areal, som utgjer FB506–FB515 og FB524–FB542. Innspelet omfattar fleire delområde spreidde i terrenget, i hovudsak tilknytt eksisterande hytteområde, med føreslått utbygging av fritidsbustader. Alle innspela ligg innanfor detaljreguleringsplan «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».
I FB513 er det ynskje om 2 tomter.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vart røysta vidare med Rådmannens innstilling.

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Naturtypekartlegging er gjennomført i området, og det er ikkje registrert verdifulle eller truga naturtypar i eller ved innspelet.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord. Innspelet er registrert som godt beite, men omfanget av innspelet er avgrensa og konsekvens settast derfor til ingen.
Vassmiljø	-	Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand. To tomter vert ikkje vurderte å ha vesentleg påverknad på resipienten. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som ingen.
Landskap, terreng og nærmiljø		Innspelet er ein del av eit felt oppå eit høgdedrag. Terrenget heller slakt mot Øknevegen i sør. Innspelet ligg i underkant

		av toppen av høgdedraget, og nabo i vest kan tape utsikt av tiltaket.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Det er mogleg at tiltaket hindrar tilgangen til kollen og utsiktspunktet ovanfor. Ingen stigar synlege i kartet. Omfang av tiltaket er avgrensa og konsekvens vurderast derfor til ingen.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjende konsekvensar for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg eller privat VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Konsekvens settast derfor til stor negativ.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få konfliktpunkt og negative konsekvensar. Vatn og avløp manglar, og dette er noko som må etablerast felles for alle innspela i området.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Må etablerast ny felles VA-løysing, i samråd med Ål kommune med tanke på kommunal overtaking. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB515 – Trytetjørni / Høgehaug

Fritidsføremål: FB515



Innspelsnummer:	113
Forslagsstillar:	Ingar Dalen på vegne av fleire
Gnr/bnr:	20/5
Storleik:	Ca. 12,5 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av området: Området ligg i bjørkeskog om lag 950 moh., med innslag av opne myrdrag. Øknevatn vest og aust ligg i nærleiken. Terrenget er relativt flatt, men småkupert.
Initiativtakar har spelt inn 18 areal, som utgjer FB506–FB515 og FB524–FB542. Innspelet omfattar fleire delområde spreidde i terrenget, i hovudsak tilknytt eksisterande hytteområde, med føreslått utbygging av fritidsbustader. Alle innspela ligg innanfor detaljreguleringsplan «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».
I FB515 føreslår initiativtakar 5 tomter.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling.

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Naturtypekartlegging er gjennomført i området, og det er ikkje registrert verdifulle eller truga naturtypar i eller ved innspelet. Registrert vilttrekk går gjennom innspelsarealet. Lite sannsynleg at trekket går akkurat her, då eksisterande bebyggelse også ligg i trekkruta. Fleire tomter her vil med høgt sannsyn ikkje påverke dagens trekkrute. Konsekvens blir derfor vurdert til middels negativ.
Naturressursar (jord/beite)		Ingen dyrka eller dyrkbar jord. Innspelet er registrert som godt beite, og konsekvens settast derfor til middels.
Vassmiljø		Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand pr mai 2026. Fem tomter kan ha ein liten påverknad på resipienten. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som liten.
Landskap, terreng og nærmiljø		Innspelet ligg i underkant av eit høgdedrag der terrenget er i hovudsak slakare enn 1:6. Det er relativt lite skog ved dette høgdedraget, og innspelet med 5 hytter kan medføre at gjenværande skog forsvinn. På den måten kan høgdedraget miste nokon av si landskapsverdi.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Umerka stig går gjennom innspelsarealet, mogleg gamal bufarveg, registrert i ØK-1973, som bør bevarast.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjende konsekvensar for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg eller privat VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Det er ikkje tilgong på privat VA-infrastruktur. Tomta vil krevje nye stikkvegar for å nå tomtene.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet nokon konfliktpunkt og negative konsekvensar. Det er godt beiteområde, og området er trekkrute for vilt. Vatn og avløp manglar, og dette er noko som må etablerast felles for alle innspela i området som takast med i planforslaget. Tiltaket vil krevje noko forlenging av vegen.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Bufarvegen må bli ivareteke i vidare planarbeid. Må etablerast ny felles VA-løysing, i samråd med Ål kommune med tanke på kommunal overtaking. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		

Det må gjennomførast ei reguleringsendring for plan «Trytetjørni - Høgehaug, Torpoåsen, Detaljregulering, revidering» planID 2010002. Reguleringsendringa skal samordnast med eventuelle andre innspel innanfor planområdet som blir tekne med i det vidare planarbeidet.
Rådmannen si tilråding:
Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.
Politisk handsaming:
KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.

FB521 - Sanderhaugen

Fritidsføremål: FB521



Innspelsnummer:	96 og 89
Forslagsstillar:	Liv Aslaug Holm og Grethe Irene Hellerud
Gnr/bnr:	4/117 og 4/116
Storleik:	3 daa
Dagens føremål:	LSE
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av innspelet: To tomter som tidlegare, etter arveoppgjer, er avsett til fritidsbustader i 1976. Nye grenser er oppmålt i 2014. Dei ynskjer å sette opp to mindre hytter på stolper/søyler med låg standard utan VA og ny veg, der dei opphavlege husa på Sanderhaugen låg. Tomtene ligg på sørsida av Hallingsdalselva rett før Trillhus.

Tidlegare handsaming

Innspelet vart røysta vidare til KU mot Rådmannens innstilling:

«Innspelsarealet er å forstå som eit nytt område. I tråd med KPA føresegn 3.1.2 er det byggeforbod på tomter i LNF 2B frådelt før 1.1.1980, og desse tomtene er frådelte i 1976, og kan følgeleg ikkje byggast på. I dei overordna arealføringane i punkt 2 «Levande grender» under «Hytte / fritidsbustad» i bokstav a) står det: «Det er ikkje ønskjeleg med nye hytter / fritidsbustader i grendene.» Dette blir følgt opp i føresegna 3.2.1 bokstav b)i gjeldande KPA der det står at det ikkje er tillate ved nye fritidshus eller bruksendring til dette føremålet.»

MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/skog/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord. Det er ikkje kartlagd beitekvalitet i området. Ei hytte blir vurdert til å ha ingen konsekvens på beiteverdiar.
Vassmiljø	-	Ikkje aktuelt.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Ingen konsekvens.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik		Ein liten del på ca. 130 m2 ligg innanfor aktsemdsone for flaum.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend konsekvens for friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje vatn.

Konklusjon
Innspelet har få konsekvensar for KU-temaa.
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak:
-
Rådmannen si tilråding:
Rådmannen tilrår å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget. Arealet innanfor flaumsone tas ut.
Politisk handsaming:
KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget i tråd med Rådmannens innstilling.

FB522 – Elgvegen

Fritidsføremål: FB522



Innspelsnummer:	35
Forslagsstillar:	Hallingdal Hytteservice
Gnr/bnr:	19/3
Storleik:	Ca. 4,5 daa
Dagens føremål:	Regulert til jord- og skogbruk i reguleringsplan.
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Forslagsstillar ynskjer fortetting av reguleringsplan for Barskrind Nordre, planID 2006023. Initiativtakarane meiner dette kan styrke området med tanke på m.a infrastruktur.

Tidlegare handsaming

Innspelet vart delvis røysta vidare til KU i grovsiling med Rådmannens innstilling:

«Innspelet er ikkje «klart mindre enn» det eksisterande feltet det grensar til, og Rådmannen innstiller derfor på å justere ned arealet og opne for utviding langs vegen Elgvegen. Rådmannen tilrår å vurdere området nærmare i ein KU.»

Opphaveleg innspel før grovsiling

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka- eller dyrkbar jord. Delar av innspelet ligg på godt beite.
Vassmiljø	-	Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand. Innspelet vert ikkje vurdert å ha vesentleg påverknad på resipienten, då det er av avgrensa omfang. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som ingen.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Slak helling. Ingen utprega landskapsverdi eller nær- og fjernverknad.

Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend konsekvens for friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Ikkje privat felles VA.
	-	Det er veg til innspelet.
Konklusjon		
Samla sett er det få konsekvensar for KU-temaa. Det manglar felles VA-løysing.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Må etablerast ny felles VA-løysing.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB523 – Nystølsameiga

Fritidsføremål: FB523



Innspelsnummer:	128
Forslagsstillar:	Live og John Rasmussen
Gnr/bnr:	22/158
Storleik:	Ca. 3,5 daa
Dagens føremål:	Jord- og skogbruk i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av innspelet: Tomta ligg ved Øknemyrvegen, innanfor gammal reguleringsplan «Nystølsameiga i Ål, planID 1988004». Initiativtakarar ynskjer heile tomta si avsett til fritidsbustad, som den hadde då dei kjøpte den i 1998.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare mot Rådmannens innstilling:

«Innspelsarealet kan tolkast til å vere i tråd med definisjonen på utviding, men uavhengig av definisjon, består heile arealet av fulldyrka jord av stor verdi, jf. verdiklasser på AR5. Men initiativtakar er ueinig i at det er fulldyrka jord. Jordressursar er ikkje eit grovsilingskriterium, men Rådmannen må leggje kartlaget AR5 til grunn og vil ha negativ tilråding seinare i ein KU, så derfor tilrår Rådmannen å ta innspelet ut no.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte naturverdiar.
Naturressursar (jord/skog/beite)		Heile innspelet ligg på fulldyrka jord av stor verdi i AR5.
Vassmiljø	-	Det er lite sannsynleg at ei hytte vil ha påverknad på nærmaste resipient Vesleåne bekkefelt 012-1594-R, som har god tilstand pr mai 2026. Vurderast derfor til ingen konsekvens.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Innspelet ligg i terreng slakare enn 1:6. Ingen konsekvens elles for landskapskarakter eller nær- og fjernverknad. 

Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend konsekvens på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjende konsekvensar for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Initiativtakar informerer om at vatn og avløp ligg i nærleiken av innspelet. Det er straum og veg til innspelet.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få negative konsekvensar for KU-temaa, men det ligg på fulldyrka jord av stor verdi og kan derfor ikkje bli tilrådd å bygge på.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: -		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet UT av planforslaget.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet UT av planforslaget.		

FB524 – Trytetjørni / Høgehaug

Fritidsføremål: FB524 - Informasjon





Innspelsnummer:	139
Forslagsstillar:	Ingar dalen, på vegne av fleire
Gnr/bnr:	21/6 og 21/1
Storleik:	Ca 13,3 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål, veg og kulturminne i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av området: Området ligg i bjørkeskog og open fastmark om lag 940 moh., med innslag av opne myrdrag. Øknevatn vest og aust ligg i nærleiken. Terrenget er relativt flatt, men småkupert.
Initiativtakar har spelt inn 18 areal, som utgjer FB506–FB515 og FB524–FB542. Innspelet omfattar fleire delområde spreidde i terrenget, i hovudsak tilknytt eksisterande hytteområde, med føreslått utbygging av fritidsbustader. Alle innspela ligg innanfor detaljreguleringsplan «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».
I FB524 føreslår initiativtakar 5 tomter.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU mot Rådmannens innstilling:

«Innspelsarealet er ikkje i tråd med definisjonane på fortetting eller utviding, og er å rekne som eit nytt område. Det ligg etablert veg igjennom innspelsarealet. Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte naturverdiar.
Naturressursar (jord/beite)		Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men det er registrert godt beite i innspelsarealet. Grunna omfanget vurderast konsekvens som liten.
Vassmiljø		Det er eit lite vatn innanfor innspelet. Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand. Fem tomter kan ha ein liten påverknad på resipienten. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som liten.
Landskap, terreng og nærmiljø		Innspelet ligg i underkant av eit høgdedrag i aust, kor terrenget i hovudsak er slakare enn 1:6. Denne kollen er

		forholdsvis lite utbygd, og mesteparten av hyttene er plassert på toppen. Innspelet med 5 hytter vil ta mykje av bjørkeskogen i underkant, og kan gi negative konsekvensar for landskapskarakteren og gje noko fjernverknad. Konsekvens settast derfor til middels/låg.
Kulturminne og kulturmiljø		Området rundt innspelet er rikt på kolgroper. Ein ligg innanfor innspelsarealet i sør. Sidan innspelet omfattar eit automatisk freda kulturminne settast konsekvens til stor negativ. Det er truleg mogleg å frigje dette.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Umerka sambindingsstig går gjennom innspelet mellom Øknevegen og Gamle Øknevegen. Elles er ikkje påverknaden på friluftslivet kjend. På grunn av stigen blir konsekvensen vurdert til stor negativ, og må tas omsyn til i vidare planlegging.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjende konsekvensar for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg eller privat VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Det er ikkje tilaong på privat VA-infrastruktur eller ført fram straum til området. Tomta vil krevje nokon nye stikkvegar til tomtane. Pr dags dato er det fleire infrastrukturmanglar og konsekvens settast derfor til stor negativ.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet fleire negative konsekvensar. Det er gode beiteareal, førekomst av kulturminne, infrastrukturmanglar og konsekvensar for friluftslivet dersom sambindingsstigen gjennom innspelet blir fjerna. Her er det mogleg med avbøtande tiltak som reduserer konsekvensane.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak:		
Må etablerast ny felles VA-løysing, i samråd med Ål kommune med tanke på kommunal overtaking. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Ivareta sambindingsstig og kolgrop.		
Rådmannen si tilråding:		
Rådmannen tilrår å ta innspelet MED av planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming:		
KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB526 – Trytetjørni / Høgehaug

Fritidsføremål: FB526



Innspelsnummer:	139
Forslagsstillar:	Ingar dalen, på vegne av fleire
Gnr/bnr:	21/1
Storleik:	Ca. 8,3 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av innspelet: Området ligg i bjørkeskog på om lag 950 moh., med innslag av opne myrdrag. Øknevatn vest og aust ligg i nærleiken. Terrenget er relativt flatt, men småkupert.
Initiativtakar har spelt inn 18 areal, som utgjer FB506–FB515 og FB524–FB542. Innspelet omfattar fleire delområde spreidde i terrenget, i hovudsak tilknytt eksisterande hytteområde, med føreslått utbygging av fritidsbustader. Alle innspela ligg innanfor detaljreguleringsplan «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».
I FB526 føreslår initiativtakar 5 tomter på open fastmark og i bjørkeskog inntil eksisterande felt.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling.

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Registrert vilttrekk går gjennom bjørkeskogen sør i innspelet. Usikkert om trekket går akkurat her, då eksisterande bebyggelse også ligg i trekkruta. Fleire tomter her vil med høgt sannsyn ikkje påverke dagens trekkrute. Konsekvens blir derfor vurdert til middels negativ.
Naturressursar (jord/beite)		Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men området er registrert som godt beite. Konsekvens vurderast derfor som middels.
Vassmiljø		Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand. Fem tomter kan ha ein liten påverknad på resipienten. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som liten.
Landskap, terreng og nærmiljø		Området består hovudsakleg av flat, open mark utan trevegetasjon, med eksisterande bebyggelse langs Gamle Øknevegen. Innspelet omfattar òg ein skogkledd kolle i sør.

		Utbygging mot denne vil svekke landskapsverdien noko. Konsekvensen er vurdert som liten.  
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjende konsekvensar for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg eller privat VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Det er ikkje tilgang på privat VA-infrastruktur eller ført fram straum til området. Tomta vil truleg krevje nokon nye stikkvegar til tomtane. Pr dags dato er det fleire infrastrukturmanglar og konsekvens settast derfor til stor negativ.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet fleire negative konsekvensar. Godt beiteareal, infrastrukturmanglar og konsekvensar for viltet dersom trekket sør i innspelet byggast ned. Innspelet kan justerast for å redusere konsekvensane.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak:		
Må etablerast ny felles VA-løysing, i samråd med Ål kommune med tanke på kommunal overtaking. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding:		
Rådmannen tilrår å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget. Arealet i sør med vilttrekk, der terrenget heller mot sør, takast UT.		
Politisk handsaming:		
KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget i tråd med Rådmannens innstilling.		

FB527 – Trytetjørni / Høgehaug

Fritidsføremål: FB527



Innspelsnummer:	139
Forslagsstillar:	Ingar dalen, på vegne av fleire
Gnr/bnr:	21/1
Storleik:	Ca. 1,4 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av området: Området ligg i bjørkeskog på om lag 950 moh., med innslag av opne myrdrag. Øknevatn vest og aust ligg i nærleiken. Terrenget er relativt flatt, men småkupert.
Initiativtakar har spelt inn 18 areal, som utgjer FB506–FB515 og FB524–FB542. Innspelet omfattar fleire delområde spreidde i terrenget, i hovudsak tilknytt eksisterande hytteområde, med føreslått utbygging av fritidsbustader. Alle innspela ligg innanfor detaljreguleringsplan «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».
I FB527 føreslår initiativtakar ei tomt mellom eksisterande felt.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling.

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Det går eit vilttrekk gjennom innspelet. Her er det kort avstand ned til myra, og dette gjer at viltet kan bli tvungen til å endre trekkrute. Konsekvens blir derfor vurdert til stor negativ.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen registrerte.
Vassmiljø		Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand. Ei tomt vert ikkje vurdert å ha vesentleg påverknad på resipienten. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som ingen.

		Ettersom det ligg eit lite vatn ca. 40 meter unna på myra i sør settast konsekvensen til midels/liten.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Slakt hellande terreng med få trær. Ingen utprega landskapsverdi eller utfordrande terreng. Konsekvens blir vurdert til ingen.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad på friluftslivet
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjende konsekvensar for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg eller privat VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Det er ikkje tilgang på privat VA-infrastruktur eller ført fram straum til området.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få konfliktpunkt og negative konsekvensar. Vatn og avløp manglar, og dette er noko som må etablerast felles for alle innspela i området som takast med i planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Må etablerast ny felles VA-løysing, i samråd med Ål kommune med tanke på kommunal overtaking. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet UT av planforslaget. Dersom innspelet likevel tas med må føresetnadene liste opp over ligge til grunn.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet UT av planforslaget.		

FB528 – Trytetjørni / Høgehaug

Fritidsføremål: FB528



Innspelsnummer:	139
Forslagsstillar:	Ingar dalen, på vegne av fleire
Gnr/bnr:	21/1
Storleik:	Ca. 1,1 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av innspelet: Området ligg i bjørkeskog på om lag 950 moh., med innslag av opne myrdrag. Øknevatn vest og aust ligg i nærleiken. Terrenget er relativt flatt, men småkupert.
Initiativtakar har spelt inn 18 areal, som utgjer FB506–FB515 og FB524–FB542. Innspelet omfattar fleire delområde spreidde i terrenget, i hovudsak tilknytt eksisterande hytteområde, med føreslått utbygging av fritidsbustader. Alle innspela ligg innanfor detaljreguleringsplan «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».
I FB528 føreslår initiativtakar ei tomt mellom etablerte tomter.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling.

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men området er registrert som godt beite. Med ei hytte blir konsekvens vurdert til ingen.
Vassmiljø	-	Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand. Ei tomt vert ikkje vurdert å ha vesentleg påverknad på resipienten. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som ingen.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Innspelet vil ikkje gje vesentleg fjern- og nærverknad, og området er allereie prega av bebyggelse. Det er enkelte parti

		brattare enn 1:6, men skånsam plassering av hytta samt tilkomst er mogleg. Konsekvens blir vurdert til ingen. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg eller privat VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Det er ikkje tilgong på privat VA-infrastruktur eller ført fram straum til området.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få konfliktpunkt og negative konsekvensar. Vatn og avløp manglar, og dette er noko som må etablerast felles for alle innspela i området som takast med i planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Må etablerast ny felles VA-løysing, i samråd med Ål kommune med tanke på kommunal overtaking. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Det må gjennomførast ei reguleringsendring for plan «Trytetjørni - Høgehaug, Torpoåsen, Detaljregulering, revidering» planID 2010002. Reguleringsendringa skal samordnast med eventuelle andre innspel innanfor planområdet som blir tekne med i det vidare planarbeidet.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB529 – Trytetjørni / Høgehaug

Fritidsføremål: FB528 - Informasjon



Innspelsnummer:	139
Forslagsstillar:	Ingar dalen, på vegne av fleire
Gnr/bnr:	21/1
Storleik:	Ca. 3,8 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av innspelet: Området ligg i bjørkeskog på om lag 950 moh., med innslag av opne myrdrag. Øknevatn vest og aust ligg i nærleiken. . Terrenget er relativt flatt, men småkupert.
Initiativtakar har spelt inn 18 areal, som utgjer FB506–FB515 og FB524–FB542. Innspelet omfattar fleire delområde spreidde i terrenget, i hovudsak tilknytt eksisterande hytteområde, med føreslått utbygging av fritidsbustader. Alle innspela ligg innanfor detaljreguleringsplan «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».
I FB529 føreslår initiativtakar to tomter mellom eksisterande felt.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling.

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men området er registrert som godt beite. Med to tomter blir konsekvens vurdert til ingen.
Vassmiljø	-	Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand. Ei tomt vert ikkje vurdert å ha vesentleg påverknad på resipienten. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som ingen.
Landskap, terreng og nærmiljø		Innspelet ligg opp mot eit høgdedrag, i terreng med store parti brattare enn 1:6. Ingen vesentleg påverknad på landskapskarakteren eller nær- og fjernverknad, då høgdedraget allereie er prega av bebyggelse. Men terrenget

		skapar utfordringar for plassering av hyttene, samt tilkomst. Konsekvens blir vurdert til middels. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg eller privat VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Det er ikkje tilgang på privat VA-infrastruktur eller ført fram straum til området.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få konfliktpunkt og negative konsekvensar. Det ligg i ei relativt bratt skråning der etablering av dei to tomtene kan medføre større terrenginngrep. I tillegg manglar vatn og avløpsløysningar, og dette er noko som må etablerast felles for alle innspela i området som takast med i planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Må etablerast ny felles VA-løysing, i samråd med Ål kommune med tanke på kommunal overtaking. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget med føringane lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB530 – Trytetjørni / Høgehaug

Fritidsføremål: FB530 - Informasjon



Innspelsnummer:	139
Forslagsstillar:	Ingar dalen, på vegne av fleire
Gnr/bnr:	21/1
Storleik:	Ca. 2,6 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av innspelet: Området ligg i bjørkeskog på om lag 950 moh., med innslag av opne myrdrag. Øknevatn vest og aust ligg i nærleiken. Terrenget er relativt flatt, men småkupert.
Initiativtakar har spelt inn 18 areal, som utgjer FB506–FB515 og FB524–FB542. Innspelet omfattar fleire delområde spreidde i terrenget, i hovudsak tilknytt eksisterande hytteområde, med føreslått utbygging av fritidsbustader. Alle innspela ligg innanfor detaljreguleringsplan «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».
I FB530 føreslår initiativtakar to tomter mellom etablerte tomter.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling.

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)		Heile innspelet ligg på dyrkbar jord. Her er det vanskeleg å dyrke grunna etablerte hytter i området samt myr. Området er registrert som godt beite. Konsekvens blir vurdert til middels negativ. 

Vassmiljø	-	Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand. To tomter vert ikkje vurdert å ha vesentleg påverknad på resipienten. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som ingen.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Flatt terreng og ingen utprega landskapsverdiar. Ingen konsekvens.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg eller privat VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Det er ikkje tilgong på privat VA-infrastruktur eller ført fram straum til området.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få konsekvensar for KU-temaa, men heile innspelet ligg på dyrkbar jord og bygging her kan ikkje tilrådast. Vatn og avløp manglar, og dette er noko som må etablerast felles for alle innspela i området som takast med i planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Dersom innspelet tas med i planforslaget, må det etablerast ny felles VA-løysing, i samråd med Ål kommune med tanke på kommunal overtaking. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED av planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB531 – Trytetjørni / Høgehaug

Fritidsføremål: FB531 - Informasjon



Innspelsnummer:	139
Forslagsstillar:	Ingar dalen, på vegne av fleire
Gnr/bnr:	21/1
Storleik:	Ca. 1,2 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av området: Området ligg i bjørkeskog på om lag 950 moh., med innslag av opne myrdrag. Øknevatn vest og aust ligg i nærleiken. Terrenget er relativt flatt, men småkupert.
Initiativtakar har spelt inn 18 areal, som utgjer FB506–FB515 og FB524–FB542. Innspelet omfattar fleire delområde spreidde i terrenget, i hovudsak tilknytt eksisterande hytteområde, med føreslått utbygging av fritidsbustader. Alle innspela ligg innanfor detaljreguleringsplan «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».
I FB531 føreslår initiativtakar ei tomt mellom etablerte tomter.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU mot Rådmannens innstilling:

«Innspelsarealet er i tråd med definisjonen på fortetting, men heile arealet består av boreal hei. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Heile innspelet ligg i boreal hei av middels verdi. 
Naturressursar (jord/skog/beite)		Ca. 200 m2 av innspelet ligg på dyrkbar jord. Inneklemt mellom myr og veg, og arealet er lite. Konsekvens blir derfor vurdert til middels/låg.

		
Vassmiljø	-	Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand. Ei tomt vert ikkje vurdert å ha vesentleg påverknad på resipienten. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som ingen.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	I hovudsak terreng slakare enn 1:6. Ingen utprega landskapsverdiar. Konsekvens blir vurdert til ingen. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg eller privat VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Det er ikkje tilgang på privat VA-infrastruktur eller ført fram straum til området.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet fleire negative konsekvensar. Heile innspelet ligg i verdsett naturtype boreal hei, og ein mindre del på 200 m2 på dyrkbar jord. I tillegg manglar vatn og avløpsløysningar, og dette er noko som må etablerast felles for alle innspela i området som takast med i planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak:		
Dersom innspelet tas med i planforslaget, må det etablerast ny felles VA-løysing, i samråd med Ål kommune med tanke på kommunal overtaking. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding:		
Rådmannen tilrår å ta innspelet MED av planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming:		
KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB532 – Trytetjørni – Høgehaug

Fritidsføremål: FB532



Innspelsnummer:	139
Forslagsstillar:	Ingar dalen, på vegne av fleire
Gnr/bnr:	21/1
Storleik:	Ca. 1,2 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av området: Området ligg i bjørkeskog på om lag 950 moh., med innslag av opne myrdrag. Øknevatn vest og aust ligg i nærleiken. . Terrenget er relativt flatt, men småkupert.
Initiativtakar har spelt inn 18 areal, som utgjer FB506–FB515 og FB524–FB542. Innspelet omfattar fleire delområde spreidde i terrenget, i hovudsak tilknytt eksisterande hytteområde, med føreslått utbygging av fritidsbustader. Alle innspela ligg innanfor detaljreguleringsplan «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».
I FB532 føreslår initiativtakar ei tomt.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU mot Rådmannens innstilling:

«Innspelsarealet er i tråd med definisjonen på fortetting, men heile arealet består av boreal hei. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Heile innspelet ligg på boreal hei av stor verdi.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men området er registrert som godt beite. Med ei hytte vurderast konsekvens som ingen.
Vassmiljø	-	Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand. Ei tomt vert ikkje vurdert å ha

		vesentleg påverknad på resipienten. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som ingen.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Slakt terreng og ingen utprega landskapskvalitet. Ingen konsekvens. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Det går umerka stigar gjennom innspelet, men ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg eller privat VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Det er ikkje tilgong på privat VA-infrastruktur eller ført fram straum til området. Det er ikkje vegtilkomst til innspelet.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet fleire negative konsekvensar. Heile innspelet ligg i verdsett naturtype boreal hei. I tillegg manglar vatn og avløpsløysningar, og dette er noko som må etablerast felles for alle innspela i området som takast med i planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Dersom innspelet tas med i planforslaget mot rilrådinga, må det etablerast ny felles VA-løysing, i samråd med Ål kommune med tanke på kommunal overtaking. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet UT av planforslaget. Dersom innspelet likevel tas med, må føringane lista opp over ligge til grunn.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet UT av planforslaget.		

FB534 – Trytetjørni – Høgehaug

Fritidsføremål: FB534



Innspelsnummer:	139
Forslagsstillar:	Ingar dalen, på vegne av fleire
Gnr/bnr:	14/54
Storleik:	Ca. 1,3 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av området: Området ligg i bjørkeskog på om lag 950 moh., med innslag av opne myrdrag. Øknevatn vest og aust ligg i nærleiken. Terrenget er relativt flatt, men småkupert.
Initiativtakar har spelt inn 18 areal, som utgjer FB506–FB515 og FB524–FB542. Innspelet omfattar fleire delområde spreidde i terrenget, i hovudsak tilknytt eksisterande hytteområde, med føreslått utbygging av fritidsbustader. Alle innspela ligg innanfor detaljreguleringsplan «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».
I FB534 føreslår initiativtakar ei tomt.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU mot Rådmannens innstilling:

«Innspelsarealet er i tråd med definisjonen på fortetting, men heile arealet består av boreal hei. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte naturverdiar. Grensar til myr i sørvest.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrke eller dyrkbar jord, men området er registrert som godt beite.
Vassmiljø	-	Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand. Ei tomt vert ikkje vurdert å ha vesentleg påverknad på resipienten. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som ingen.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Slakt hellande terreng. Ingen utprega landskapskvalitetar. Konsekvens vurderast til ingen.

Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg eller privat VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Det er ikkje tilgong på privat VA-infrastruktur eller ført fram straum til området. Det er ikkje etablert veg heilt bort til innspelet. Tilkomst er føreslått frå Øknelie i sør.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få negative konsekvensar. Det manglar veg heilt inn, samt vatn og avløpsløysningar, og dette er noko som må etablerast felles for alle innspela i området som takast med i planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Må etablerast ny felles VA-løysing, i samråd med Ål kommune med tanke på kommunal overtaking. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget med føringane lista opp. Adm. føreslår å sjå på moglegheiten om å flytte innspelsarealet inntil eksisterande hytte i søraust, då det vil gje kortare veg.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB535 – Trytetjørn - Høgehaug

Fritidsføremål: FB535 -



Innspelsnummer:	139
Forslagsstillar:	Ingar dalen, på vegne av fleire
Gnr/bnr:	14/54
Storleik:	Ca. 1,3 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av området: Området ligg i bjørkeskog på om lag 950 moh., med innslag av opne myrdrag. Øknevatn vest og aust ligg i nærleiken. Terrenget er relativt flatt, men småkupert.
Initiativtakar har spelt inn 18 areal, som utgjer FB506–FB515 og FB524–FB542. Innspelet omfattar fleire delområde spreidde i terrenget, i hovudsak tilknytt eksisterande hytteområde, med føreslått utbygging av fritidsbustader. Alle innspela ligg innanfor detaljreguleringsplan «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».
I FB535 føreslår initiativtakar ei tomt.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU i tråd med Rådmannens innstilling.

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/skog/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men området er registrert som godt beite.
Vassmiljø	-	Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand. Ei tomt vert ikkje vurdert å ha vesentleg påverknad på resipienten. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som ingen.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Slakt hellande terreng. Ingen utprega landskapskvalitetar. Konsekvens vurderast til ingen.

Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Det går ein umerka stig gjennom innspelet. Men innspelet har truleg ingen konsekvens for friluftslivet i området.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg eller privat VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Det er ikkje tilgang på privat VA-infrastruktur eller ført fram straum til området.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få negative konsekvensar. Det manglar vatn- og avløpsløysningar, og dette er noko som må etablerast felles for alle innspela i området som takast med i planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Må etablerast ny felles VA-løysing, i samråd med Ål kommune med tanke på kommunal overtaking. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB539 - Trytetjørn - Høgehaug

Fritidsføremål: FB539



Innspelsnummer:	139
Forslagsstillar:	Ingar dalen, på vegne av fleire
Gnr/bnr:	20/3
Storleik:	Ca. 1,5 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av innspelet: Området ligg i bjørkeskog på om lag 950 moh., med innslag av opne myrdrag. Øknevatn vest og aust ligg innanfor området. Terrenget er relativt flatt, men småkupert.
Initiativtakar har spelt inn 18 areal, som utgjer FB506–FB515 og FB524–FB542. Innspelet omfattar fleire delområde spreidde i terrenget, i hovudsak tilknytt eksisterande hytteområde, med føreslått utbygging av fritidsbustader. Alle innspela ligg innanfor detaljreguleringsplan «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».
I FB539 føreslår initiativtakar ei tomt.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU i tråd med Rådmannens innstilling.

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/skog/beite)	-	Ingen dyrka og dyrkbar jord, men området er registrert som godt beite.
Vassmiljø	-	Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand. Ei tomt vert ikkje vurdert å ha vesentleg påverknad på resipienten. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som ingen.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Slakt hellande terreng. Ingen utprega landskapskvalitetar. Konsekvens blir vurdert til ingen.

Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg eller privat VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Det er ikkje tilgang på privat VA-infrastruktur eller ført fram straum til området.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få negative konsekvensar. Det manglar vatn- og avløpsløysningar, og dette er noko som må etablerast felles for alle innspela i området som takast med i planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Må etablerast ny felles VA-løysing, i samråd med Ål kommune med tanke på kommunal overtaking. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB540 - Trytetjørn - Høgehaug

Fritidsføremål: FB540



Innspelsnummer:	139
Forslagsstillar:	Ingar dalen, på vegne av fleire
Gnr/bnr:	20/61
Storleik:	Ca. 1,7 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av området: Området ligg i bjørkeskog på om lag 950 moh., med innslag av opne myrdrag. Øknevatn vest og aust ligg innanfor området. Terrenget er relativt flatt, men småkupert.
Initiativtakar har spelt inn 18 areal, som utgjer FB506–FB515 og FB524–FB542. Innspelet omfattar fleire delområde spreidde i terrenget, i hovudsak tilknytt eksisterande hytteområde, med føreslått utbygging av fritidsbustader. Alle innspela ligg innanfor detaljreguleringsplan «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».
I FB540 føreslår initiativtakar ei tomt.

Tidlegare handsaming

Dette innspelet vart opphaveleg spelt inn som FB518 i første grovsilingsrunde, og ein mindre del av dette innspelet vart røysta vidare. Initiativtakar spelte seinare inn det tilråda arealet i andre grovsilingsrunde som FB540, som gjer at FB540 og FB518 samanfell.

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men området er registrert som godt beite.
Vassmiljø	-	Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand. Ei tomt vert ikkje vurdert å ha vesentleg påverknad på resipienten. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som ingen.
Landskap, terreng og nærmiljø		Innspelet ligg oppå eit høgdedrag. Toppen her er allereie bygd ut med fleire hytter. Ei hytte til vil auke nær- og

		fjernverknad, samt silhuett, men ikkje i vesentleg grad. Konsekvens blir vurdert til liten.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg eller privat VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Det er ikkje tilgang på privat VA-infrastruktur eller ført fram straum til området.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få negative konsekvensar. Det manglar vatn- og avløpsløysningar, og dette er noko som må etablerast felles for alle innspela i området som takast med i planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Må etablerast ny felles VA-løysing, i samråd med Ål kommune med tanke på kommunal overtaking. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB542 - Trytetjørn - Høgehaug

Fritidsføremål: FB542



Innspelsnummer:	139
Forslagsstillar:	Ingar dalen, på vegne av fleire
Gnr/bnr:	20/9
Storleik:	Ca. 2,5 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av innspelet: Området ligg i bjørkeskog på om lag 950 moh., med innslag av opne myrdrag. Øknevatn vest og aust ligg innanfor området. Terrenget er relativt flatt, men småkupert.
Initiativtakar har spelt inn 18 areal, som utgjer FB506–FB515 og FB524–FB542. Innspelet omfattar fleire delområde spreidde i terrenget, i hovudsak tilknytt eksisterande hytteområde, med føreslått utbygging av fritidsbustader. Alle innspela ligg innanfor detaljreguleringsplan «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».
I FB542 føreslår initiativtakar to tomter.

Tidlegare handsaming

Dette innspelet vart opphaveleg spelt inn som FB516 i første grovsilingsrunde, og ein mindre del av dette innspelet vart røysta vidare. Initiativtakar spelte seinare inn det tilråda arealet i andre grovsilingsrunde som FB542, som gjer at FB542 og FB516 samanfell og i praksis er same innspel.

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte. Grensar til myr i vest.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men området er registrert som godt beite.
Vassmiljø	-	Lokal resipient er Vesleåne bekkefelt (012-1594-R), som har god økologisk tilstand. To tomter vert ikkje vurdert å ha vesentleg påverknad på resipienten. Det ligg likevel fleire innspel i området, og samla belastning og avrenning må vurderast under eitt. På overordna nivå kan dette gi auka risiko for påverknad på vassmiljøet. Konsekvens for dette innspelet vert vurdert som ingen.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Slakt hellande terreng. Ingen utprega landskapskvalitetar. Konsekvens vurderast til ingen.

Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Det går ein umerka sambindingstig mellom Svartetjørnvegen og Venehaugvegen.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje offentleg eller privat VA, og ligg heller ikkje som prioritert område for offentleg avløp i hovudplan for VA. Det er ikkje tilgong på privat VA-infrastruktur eller ført fram straum til området.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få negative konsekvensar. Det er ein sambindingsstig gjennom innspelet. Det manglar vatn- og avløpsløysningar, og dette er noko som må etablerast felles for alle innspela i området som takast med i planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak:		
Må etablerast ny felles VA-løysing, i samråd med Ål kommune med tanke på kommunal overtaking. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Sambindingsstigen må bli ivareteke.		
Rådmannen si tilråding:		
Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp.		
Politisk handsaming:		
KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

Votndalsåsen

Området har totalt 17 innspel som skal konsekvensutgreiiast.



SAMANDRAG		
Innspel	Tilråding	Vilkår
FB401	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB402	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB403	MED	Myrområde tas ut. Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB405	MED	Myrområde tas ut. Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB406 / FB441 / FB442 / FB443	DELVIS MED	FB443 tas med i planforslaget, resten går ut. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB407 / FB438	DELVIS MED	Område med dyrkbar jord tas ut. Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB408	MED	Sjå på moglegheit for å etablere felles VA-løysing. Fellestappepunkt for sløkkevatn må etablerast i området. .
FB420 / FB437	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB421 / FB445 / FB446	DELVIS MED	Område innanfor aktsemdsone tas ut. Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB424	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB429	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsendring.
FB430	MED	Sjå på moglegheit for å etablere felles VA-løysing. Fellestappepunkt for sløkkevatn må etablerast i området. .
FB432	UT	
FB433	MED	Justere innspel så dei ikkje rører ved dyrkbar jord. Sjå på moglegheit for å etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB434	MED	
FB436	MED	Etablere felles VA-løysing og tappepunkt for sløkkevatn.
FB440	MED	Sjå på moglegheit for å etablere felles VA-løysing. Fellestappepunkt for sløkkevatn må etablerast i området. .

FB401 – Skardtjørnvegen

Fritidsføremål: FB401



Innspelsnummer:	42
Forslagsstillar:	Vegard Ødegard
Gnr/bnr:	48/2
Storleik:	Ca. 6 daa
Dagens føremål:	Jordbruk/skogbruk i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Innspelet ligg i nærleiken av Skardtjørn på om lag 930 moh i lauvskog i eit kupert område. Ligg innanfor reguleringsplan Skrindehaugen, 2004013.

Tidlegare handsaming

Av dei 60 daa vart ein del på ca. 6 daa av innspelet røysta vidare med Rådmannens innstilling:

«Rådmannen tilrår å dele innspelt i to: Fortetting på 6 daa innanfor reguleringsplan Skrindehaugen vurderast nærmare i ein KU. Det resterande arealet som går inn i reguleringsplan Bakke – Sehl går ut.»

Opphaveleg innspel før grovsiling

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte naturverdiar.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord. Heile innspelet ligg på godt beite. Innspelet er av avgrensa omfang, og konsekvens for naturressursar vurderast til ingen.
Vassmiljø		Skardtjørn ligg 20 meter frå innspelet. Liten sannsyn at innspelet vil påverke nærmaste resipient Votna bekkefelt nord (012-3340-R), men vassførekomsten har moderat økologisk tilstand, og all utbygging med denne resipient vil motvirke miljømålet i vassforskrifta.
Landskap, terreng og nærmiljø		Innspelet ligg på ein terrasse i terrenget ovanfor Skardtjørnvegen. Utbygging her vil gje fjern og nærverknad. Konsekvens vurderast til middels negativ.

Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Innspelet ligg i nærleiken av Skardtjørn. Rekreasjonsverdien her er usikker.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA eller privat avløpsanlegg eller vassverk. Initiativtakar informerer at dei planleggar eigen tank, enten pr. hytte eller felles for heile feltet. Vegtilkomst til arealet vil vere vanskeleg, då det er svært bratt.
Konklusjon		
Samla sett har innspel nokre konsekvensar for KU-temaa. Dei største utfordringane er knytt til manglande infrastruktur. Skardtjørn ligg innanfor 100 metersbeltet, og inngår i vassførekomsten som har moderat økologisk tilstand. I tillegg kan innspelets plassering på ein terrasse i landskapet medføre nær- og fjernverknad.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Må etablerast felles privat VA-løysing. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED av planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB402 – Åsetnovegen

Fritidsføremål: FB402



Innspelsnummer:	42
Forslagsstillar:	Vegard Ødegård
Gnr/bnr:	48/2
Storleik:	Ca. 3,8 daa
Dagens føremål:	Fritidsbustad/Jordbruk/Skogbruk i reguleringsplanen.
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Innspelet gjeld ei tomt innanfor Reguleringsplan for Torkelstjørn, planID 1995007.

Tidlegare handsaming

Av dei 26 daa vart ein del på ca. 3,8 daa av innspelet røysta vidare med Rådmannens innstilling:

«Innspelet er for stort til å vere i tråd med utviding, og fell i hovudsak under «nytt område». Dersom ein avgrensar arealet vesentleg kan ein opne for ei tomt mot aust som kan vere i tråd med fortetting /utviding. Rådmannen tilrår å sjå på arealet mot aust (mellom eksisterande hytte og vegen) i ein KU.»

Opphaveleg innspel før grovsiling



TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord. Området er registrert som godt beite og til dels mindre godt. Innspelet er av avgrensa omfang, og konsekvens for naturressursar vurderast til ingen.
Vassmiljø		Resipienten Votna bekkefelt nord (012-3340-R) har moderat økologisk tilstand og oppfyller ikkje miljømålet i vassforskrifta. moderat økologisk tilstand pga bunnfauna. Statsforvaltar har kommentert at det er observert lammehaler. Resipienten vurderast å ha avgrensa toleevne for ytterlegare belastning. På bakgrunn av dette vert innspelet vurdert å ha kunne gi potensiell påverknad på måloppnåinga etter vassforskrifta, og ha middels negativ konsekvens.

		Av den grunn vert innspelet vurdert å ha middels negativ konsekvens, sjølv om tiltaket isolert sett er av avgrensa omfang. Samstundes må samla belastning til resipient av alle innspela vurderast.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	I slakt terreng utan utprega landskapskvalitetar. Konsekvens blir vurdert til ingen. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Skiløypa går inntil innspelet i aust. Her ligg og parkeringsplass og startpunkt for skiløypar. Konsekvens vurderast derfor som ingen.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA eller privat avløpsanlegg eller vassverk. Inititivtakar informerar at dei planleggar eigen tank, enten pr. hytte eller felles for heile feltet.
	-	Det er straum i området. Det er veg til området.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få negative konsekvensar. Det manglar vatn- og avløpsløysningar. Det bør etablerast felles VA-infrastruktur for feltet.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Det må sjåast på moglegheit for å etablere felles VA-løysing for feltet. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB403 – Øygardsdokki

Fritidsføremål: FB403



Innspelsnummer:	42
Forslagsstillar:	Vegard Ødegård
Gnr/bnr:	48/2
Storleik:	Ca. 32 daa
Dagens føremål:	Fritidsbustad/Jordbruk/Skogbruk i reguleringsplanen.
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Innspelet ligg i på ca. 920 moh ved innsjøen Svarttjørn. Det gjeld fortetting av eksisterande hyttefelt vest for Øygardsdokki. Innspelsområdet ligg innanfor Reguleringsplan for Torkelstjørn, planID 1995007.

Tidlegare handsaming

Delar av innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling:

«Delar av innspelsarealet er i tråd med fortetting. Resten av innspelsområdet er ikkje i tråd med omgrepet utviding då det er for stort i forhald til eksisterande felt, samt at større delar av utvidingsområdet rører ved myr.Vidare ligg utvidinga ned mot vatnet. Dette gjer utviding her svært uheldig. Rådmannen tilrår å justere arealet vesentleg, men opnar for at området for fortetting av eksisterande hytteområde går vidare til KU.»

Opphaveleg innspel før grovsiling



TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Ca 600 m2 av innspelet rører myr i aust. Ingen andre registrerte naturverdiar. 
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord. Området er i hovudsak registrert som godt beite, og til dels svært godt og mindre

		godt. Innspelet er av avgrensa omfang, og konsekvens for naturressursar vurderast til ingen.
Vassmiljø		Innspelet kan gi avrenning til resipientane Votna bekkefelt nord (012-3340-R) og Lya midtre bekkefelt (012-1598-R). Votna bekkefelt nord har moderat økologisk tilstand pga bunnfauna. Statsforvaltar har kommentert at det er observert lammehaler. Resipienten vurderast å ha avgrensa toleevne for ytterlegare belastning. På bakgrunn av dette vert innspelet vurdert å ha kunne gi potensiell påverknad på måloppnåinga etter vassforskrifta, og ha middels negativ konsekvens. Kvalitet på tenkt privat avløpsanlegg er ikkje kjend, noko som aukar usikkerheita i vurderinga. Samstundes må alle innspela i området vurderast samla med omsyn til belastning på vassmiljøet.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Tiltaket inneber fortetting av feltet og kan medføre auka innsyn for naboar. Elles ligg ikkje feltet i eit eksponert område fortetting endre landskapskarakteren eller gi nær- eller fjernverknad. Konsekvens blir vurdert som ingen.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend konsekvens for friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA eller privat avløpsanlegg eller vassverk. Inititivtakar informerar at dei planleggar eigen tank, enten pr. hytte eller felles for heile feltet. Resipientanes økologiske tilstand er moderat og god. Det er veg og straum til området.
Konklusjon		
Samla sett vil innspelet gi få konsekvensar. Dei største utfordringane er knytt til manglande VA-infrastruktur		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Det må etablerast felles VA-løysing for feltet. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Myrarealet tas ut av innspelsarealet.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB405 – Skrindehaugen

Fritidsføremål: FB405



Innspelsnummer:	43
Forslagsstillar:	Nils Håkon Sørbøen
Gnr/bnr:	47/6
Storleik:	Ca. 43 daa
Dagens føremål:	Jordbruk/skogbruk i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av området: Området ligg på 900-950 moh i småkuppert terreng. Initiativtakar ynskjer fortetting og utviding innanfor reguleringsplan Skrindehaugen, planID 2004013.

Tidlegare handsaming

Delar av innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling:

«Rådmannen tilrår å dele innspelet i to, og ta ut arealet som går inn i Bakke-Sehl som blir nytt område, samt det nordlege området innanfor Skrindehaugen som i store delar rører ved myr og våtmark. Forøvrig ligg ein del av innspelsområdet inn i lysløypa. Vidare tilrår Rådmannen å vurdere området for fortetting kring dei eksisterande hyttene innanfor Skrindehaugen nærmare i ein KU.»

Opphaveleg innspel før grovsiling



TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte verdsatte naturtypar.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord. Området er i hovudsak registrert som godt beite. Innspelet er av avgrensa omfang, og konsekvens for naturressursar vurderast til ingen.
Vassmiljø		Innspelet ligg ca. 20 meter frå Skardtjørn. Resipienten Votna bekkefelt nord (012-3340-R) har moderat økologisk tilstand og oppfyller ikkje miljømålet i vassforskrifta. Tiltak som medfører auka belastning kan bidra til å oppretthalde eller forverre tilstanden og dermed hindre måloppnåing. Av den grunn vert innspelet vurdert å ha middels negativ konsekvens, sjølv om tiltaket isolert sett er av avgrensa

		omfang. Samstundes må samla belastning til resipient av alle innspela vurderast.
Landskap, terreng og nærmiljø		Terreng er kupert, og har fleire mindre bratte skråningar. Det er usikkert om fortetting lar seg gjere mtp. terrenget.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Nokon umerka stigar i innspelet ytterkant. Ingen kjend påverknad på friluftslivet eller rekreasjonsverdi.
Trafikale forhold/trafikktryggleik		
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA og det er uvisst om det finst private løysningar i nærleiken. Innspelet vil krevje noko forlenging av veg eventuelt til innspelets yttergrenser.
Konklusjon		
Dei største utfordringane er knytte til manglande infrastruktur, særleg vatn, avløp og vegtilkomst. I tillegg er området utfordrande å etablere tomter på utan større terrenginngrep, og det er tvilsamt om det er mogleg å fortette området då det er kupert og har bratte skrentar innimellom eksisterande tomter.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Det må etablerast felles VA-løysing for feltet. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn i området.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB406 / FB441 / FB442 / FB443 – Tveitekinn

Fritidsføremål: FB406 / FB441 / FB442 / FB443



Innspelsnummer:	44
Forslagsstillar:	Ivar Tveito Eidnes
Gnr/bnr:	55/11 og 55/18
Storleik:	Ca. 10,5 daa
Dagens føremål:	LNF i reguleringsplan og LNF 2B i KPA.
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av området: FB441, FB442 og FB443, med ynskje om totalt 6 tomter.

I FB441 er det ynskje om 4 tomter (redusert frå 8) på rekke aust for Kinnhovdunvegen, som blei føreslått fjerna i førige grovsiling. Initiativtakar meiner tomtene vil liggje på linje i terrenget då vegen går i sving. I FB442 er det ynskje om å utvide eit lite areal på ca. 100 m2 til for å gje plass til 2 tomter. I FB443 er det ynskje om ei ny tomt like nord for kinnkroken. Alle areala ligg i reguleringsplan «Vest for Kinnhovdun», planID 1991005.

Tidlegare handsaming

Ein del på 3 daa av innspel FB406 vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling. I neste grovsilingsrunde hadde initiativtakar spelt inn 3 nye innspelsareal (FB441, FB442, FB443) i same område, som gjekk delvis vidare.

Opphaveleg innspel før grovsiling



TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)		I FB406, FB441 og FB442 er det dyrkbar jord (raud i kart), i tillegg til at det er registrert som svært godt beite (mørk grøn).

		
Vassmiljø		Resipienten Votna bekkefelt nord (012-3340-R) har moderat økologisk tilstand og oppfyller ikkje miljømålet i vassforskrifta. Tiltak som medfører auka belastning kan bidra til å oppretthalde eller forverre tilstanden og dermed hindre måloppnåing. Av den grunn vert innspela vurdert å ha middels negativ konsekvens, sjølv om tiltaka isolert sett er av avgrensa omfang med om lag 6 tomter.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Innspela ligg i slakt skrånande terreng og vil sannsynlegvis ikkje gje store terrenginngrep i form av fyllingar/skjeringar. Lite nær- og fjernverknad.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Merka turstig går langs vegtrase og følgjer opp til Kinnhovdun i aust. Innspela er i allereie bebygd område og vil ha avgrensa påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA. Initiativtakar opplyser om at minireinseanlegg må etablerast, samt bore etter vatn. Det er veg til innspela.
	-	
Konklusjon		
Samla sett har dei fire innspelsareala fleire negative konsekvensar, for beite- og jordressursar, samt manglande VA-infrastruktur. FB443 peikar seg ut som det arealet med færrast motstridande omsyn, og omfanget av innspelet er lågt, og kan tas med vidare.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Det må sjåast på moglegheit for å etablere felles VA-løysing for feltet. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn for området.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet DELVS MED i planforslaget: FB441, FB406, FB442 går UT av planforslaget, mens FB443 tas MED.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget i tråd med Rådmannens innstilling.		

FB407 / FB438 – Mysetvegen

Fritidsføremål: FB407 / FB438





Innspelsnummer:	45 og 130
Forslagsstillar:	Sigmund Frode Løkensgard
Gnr/bnr:	58/4
Storleik:	Ca. 35 daa
Dagens føremål:	Område for tradisjonell landbruksdrift, og hytter i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Grunneigar ynskjer utviding og fortetting knytt til ein eldre reguleringsplan; Sør for Løkenstjørn, planID 1991003.

Tidlegare handsaming

Ein del av innspel FB407 vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling. I etterkant var Innspel FB438 (basert på FB407) spelt inn og grovsila på nytt, og røysta vidare med Rådmannens innstilling:

«Rådmannen tilrår å ta ut området som ligg vest for Mysetvegen, medan det resterande arealet er i tråd med fortetting/utviding. Delar av området er for bratt til å bygge på, men dette må vurderast nærmare. Rådmannen tilrår å vurdere hovuddelen av innspelet nærmare i ein KU.

Opphaveleg innspel før grovsiling



TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)		Om lag 7,7 daa dyrkbar jord i innspelet i nord og sør. Elles er heile innspelsarealet registrert som godt beite.

		
Vassmiljø		Resipienten Votna bekkefelt nord (012-3340-R) har moderat økologisk tilstand og oppfyller ikkje miljømålet i vassforskrifta. Tiltak som medfører auka belastning kan bidra til å oppretthalde eller forverre tilstanden og dermed hindre måloppnåing. Av den grunn vert innspelet vurdert å ha middels negativ konsekvens, sjølv om tiltaket isolert sett er av avgrensa omfang.
Landskap, terreng og nærmiljø		Om lag midt i innspelet er det ei bratt skråning. Bygging her kan medføre større terrenginngrep, og vegtilkomst vil vere vanskeleg å få til.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Det går ein umerka stig i underkant av gautestein, men her er det truleg for bratt til å bygge. Elles ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA eller private løysningar. Initiativtakar opplyser om at det må løysast lokalt.
Konklusjon		
Delar av innspelet ligg på dyrkbar jord. Mykje av det gjenverande arealet ligg ei bratt skråning, og utbygging vil føre til store inngrep. Eit flatare område sør for skråninga er mest aktuelt for utbygging.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Ta ut hovuddelen av innspelet, og ta med delen som ikkje ligg på dyrkbar jord Det må etablerast felles VA-løysing for feltet. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget. Områda på dyrkbar jord tas UT.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget i tråd med Rådmannens innstilling.		

FB408 - Mysetvegen

Fritidsføremål: FB408



Innspelsnummer:	46
Forslagsstillar:	Toril Løken Sandvik
Gnr/bnr:	58/3 og 58/47
Storleik:	Ca. 1,7 daa
Dagens føremål:	Fritidsbustad og LNF 2B
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av innspelet: Innspelet gjeld ei tomt ved Mysetvegen i eksisterande felt innanfor ein eldre reguleringsplan; Sør for Løkenstjørn, planID 1991003.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling:

«Samla sett vurderer Rådmannen innspelsarealet til å vere i tråd med definisjonen på utviding, og tilrår å vurdere området nærmare i ein KU.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men området er registrert som godt beite.
Vassmiljø		Resipienten Votna bekkefelt nord (012-3340-R) har moderat økologisk tilstand og oppfyller ikkje miljømålet i vassforskrifta. Tiltak som medfører auka belastning kan bidra til å oppretthalde eller forverre tilstanden og dermed hindre måloppnåing. Av den grunn vert innspelet vurdert å ha middels negativ konsekvens, sjølv om tiltaket isolert sett er av avgrensa omfang.

Landskap, terreng og nærmiljø	-	Slakt skrånande terreng. Ingen store brudd med landskapskarakteren eller nær og fjernverknad er forventa med bygging av ei hytte.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA. Moglegheit for påkopling til privat VA er ikkje kjend. Vegtilkomst frå Mysetvegen.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få negative konsekvensar. Det er ikkje kjend om det er ledig felles VA-infrastruktur som kan koplast på.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Det må vurderast om det er mogleg å knytte seg til eksisterande felles privat VA.		
Rådmannen si tilråding: Tilrår å ta innspelet MED i planforslaget.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB420 / FB437 – Nilsehovda

Fritidsføremål: FB420 / FB437



Innspelsnummer:	55 / 123
Forslagsstillar:	Øystein Flaget
Gnr/bnr:	56/5
Storleik:	Ca. 2,6 daa
Dagens føremål:	LNF of fritidsbustad i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Innspelet ligg i open landskap nord for Løkenstjørni. Innspelsarealet ligg innanfor eldre reguleringsplan «Nilsehovda», planID: 1995002.

Tidlegare handsaming

Heile innspel FB437 vert røysta vidare til KU mot Rådmannens innstilling:

«Innspelsarealet er å rekne som eit nytt område, og Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.»

Opphaveleg innspel før grovsiling



TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men området er registrert som godt beite. Med to hytter vurderast konsekvens til ingen.
Vassmiljø		Resipienten Votna bekkefelt nord (012-3340-R) har moderat økologisk tilstand og oppfyller ikkje miljømålet i vassforskrifta. Tiltak som medfører auka belastning kan bidra til å oppretthalde eller forverre tilstanden og dermed hindre måloppnåing. Av den grunn vert innspelet vurdert å ha middels negativ konsekvens, sjølv om tiltaket isolert sett er av avgrensa omfang.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Flatt terreng og innspelet vil gi tilnærma ingen konsekvens for landskapskarakteren.

Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend konsekvens for friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA eller private løysningar. Initiativtakar opplyser om at eventuelle nye tomter vil etablerast med godkjend felles avløpsanlegg. Det er vegtilkomst til innspelet.
Konklusjon		
Innspela har få negative konsekvensar. Hovudutfordringa er Einaste er vassmiljø og avløpssituasjon. Utslepp til Votna må unngåast. Krav til reinsing.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Det må vurderast om det er mogleg å knytte seg til eksisterande felles privat VA.		
Rådmannen si tilråding: Tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB421 / FB445 / FB446 – Nilsehovda

Fritidsføremål: FB421 / FB445 / FB446



Innspelsnummer:	56 / 149
Forslagsstillar:	Torstein Haug Hagen og Erling Vigdal
Gnr/bnr:	62/3
Storleik:	Ca. 5 daa
Dagens føremål:	Hytter i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av området: Innspelet ligg i eit felt på 7 hytter. Ynskje om fortetting i eit hyttefelt innanfor reguleringsplan Nilsehovda, planID 1995002.

Tidlegare handsaming

FB421 vert spelt inn som eit større areal. Ein liten del vert røysta vidare i grovsiling. Initiativtakar spelte inn fleire nye areal i andre grovsilingsrunde. Av dei gjekk 2 vidare, FB445 og FB446, og samanfell med det som gjekk vidare av FB421.

Opphaveleg innspel før grovsiling



TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)		Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men heile innsplet ligg på svært godt beite. Konsekvens blir derfor vurdert til stor negativ.
Vassmiljø		Det renn ein bekk gjennom innspelsarealet. Resipienten Votna bekkefelt nord (012-3340-R) har moderat økologisk tilstand og oppfyller ikkje miljømålet i vassforskrifta. Tiltak som medfører auka belastning kan bidra til å oppretthalde eller forverre tilstanden og dermed hindre måloppnåing.

		Av den grunn vert innspelet vurdert å ha middels negativ konsekvens, sjølv om tiltaket isolert sett er av avgrensa omfang.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Innspela er i skrånande terreng. Forhaldsvis lite inngrep og endring av landskapskarakter. Vurderast derfor til ingen konsekvens.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik		Ca. 1,6 daa av innspelet ligg i aktemdsone for flaum. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend konsekvens for friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA. Heller ikkje private løysningar. Initiativtakar opplyser om at eksisterande anlegg ikkje er dimensjonert for fleire hytter, og det må etablerast ny infrastruktur. Det er vinterbrøyta vegtilkomst til innspela.
Konklusjon		
Innspela ligg på svært gode beiter, og rører aktsemdsoner for flaum. Utanfor flaumvegar er det i praksis plass til om lag 2 hyttetomter.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Må etablerast felles VA for dei to tomtene.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget. Arealet innanfor aktsemdsone for flaum tas ut. Resten tas med under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget i tråd med Rådmannens innstilling.		

FB424 – Mysetvegen

Fritidsføremål: FB424



Innspelsnummer:	105
Forslagsstillar:	Leif Espegard
Gnr/bnr:	57/3
Storleik:	Ca. 2,7 daa
Dagens føremål:	LNF i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av området: Initiativtakar ynskjer fortetting med to hyttetomter innanfor reguleringsplan; «Sør for Løkentjørn, planID 1991003».

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling:

«Innspelet er i tråd med definisjonen på utviding, og Rådmannen tilrår å vurdere innspelet nærmare i KU.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men området er registrert som godt beite. To tomter blir vurdert å ha ingen konsekvens.
Vassmiljø		Resipienten Votna bekkefelt nord (012-3340-R) har moderat økologisk tilstand og oppfyller ikkje miljømålet i vassforskrifta. Tiltak som medfører auka belastning kan bidra til å oppretthalde eller forverre tilstanden og dermed hindre måloppnåing. Av den grunn blir innspelet vurdert å ha liten/middels negativ konsekvens, sjølv om tiltaket isolert sett er av avgrensa omfang.
Landskap, terreng og nærmiljø		Det er bratt i innspelet. Tiltaket kan medføre større skjeringa/fyllingar. Sjølv om det berre er ei tomt blir konsekvens vurdert til middels negativ.

Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend konsekvens for friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA. Det er uvisst som det er tilgjengelegheit til privat VA. Det er vinterbrøyta vegtilkomst.
Konklusjon		
Samla sett er det få konsekvensar for KU-temaa. Det er ikkje kjend om privat VA- infrastruktur er tilgjengeleg for påkopling.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Det må etablerast ny felles VA-løysing for dei to tomtene.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget med føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB429 – Nilsehovda

Fritidsføremål: FB429 - Informasjon	
	
Innspelsnummer:	106
Forslagsstillar:	Magnus Rusås Helling
Gnr/bnr:	39/17 (51/2)
Storleik:	Ca. 1,4 daa
Dagens føremål:	Eksisterande fritidsbebyggelse
Ønska føremål:	Fritidsbustader
Skildring av området: Innspelet ligg i hyttefeltet på Nilsehovda. Innspelet gjeld ei tomt innanfor eldre reguleringsplan; «Nilsehovda, planID 1995002. Innspelet heng saman med FB430.	
Tidlegare handsaming	
Heile innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling: *«Innspelsområdet er i tråd med definisjonen på fortetting, og Rådmannen tilrår å vurdere arealet nærmare i KU.»*	

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men området er registrert som godt beite.
Vassmiljø		Resipienten Votna bekkefelt nord (012-3340-R) har moderat økologisk tilstand og oppfyller ikkje miljømålet i vassforskrifta. Tiltak som medfører auka belastning kan bidra til å oppretthalde eller forverre tilstanden og dermed hindre måloppnåing. Av den grunn vert innspelet vurdert å ha middels negativ konsekvens, sjølv om tiltaket isolert sett er av avgrensa omfang.

Landskap, terreng og nærmiljø	-	Slakt skrånande terreng. Ligg i underkant av ei kolle. Forhaldsvis lite inngrep og endring av landskapskarakter. Konsekvens blir vurdert til ingen.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA, og påkopling til private løysningar er ikkje mogleg. Det er vinterbrøyta vegtilkomst.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få konsekvensar for KU-temaa. Det er ikkje kommunalt eller privat VA tilgjengeleg.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Moglegheit for felles VA må vurderast.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB430 - Nilsehovda

Fritidsføremål: FB430



Innspelsnummer:	106
Forslagsstillar:	Magnus Rusås Helling
Gnr/bnr:	39/17 (51/2)
Storleik:	Ca. 1,3 daa
Dagens føremål:	Eksisterande fritidsbebyggelse
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av området: Innspelet gjeld ei tomt innanfor eldre reguleringsplan; «Nilsehovda, planID 1995002. Innspelet heng saman med FB429.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling:

«Innspelsområdet er i tråd med definisjonen på fortetting, og Rådmannen tilrår å vurdere arealet nærmare i KU.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men området er registrert som godt beite.
Vassmiljø		Resipienten Votna bekkefelt nord (012-3340-R) har moderat økologisk tilstand og oppfyller ikkje miljømålet i vassforskrifta. Tiltak som medfører auka belastning kan bidra til å oppretthalde eller forverre tilstanden og dermed hindre måloppnåing. Av den grunn vert innspelet vurdert å ha middels negativ konsekvens, sjølv om tiltaket isolert sett er av avgrensa omfang. Samstundes må samla belastning til resipient av alle innspela vurderast.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Relativt bratt, men det er mogleg med diskret plassering av hytte i eit søkk i terrenget. Konsekvens vurderast derfor til ingen.

Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend konsekvens for friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA, og påkopling til private løysningar er ikkje mogleg. Innspelet vil krevje ny tilkomstveg.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få konsekvensar for KU-temaa. Det er ikkje kommunalt eller privat VA tilgjengeleg.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Moglegheit for felles VA må vurderast.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB432 - Reinegjerda

Fritidsføremål: FB432



Innspelsnummer:	118
Forslagsstillar:	Harald Medgard
Gnr/bnr:	24/1
Storleik:	Ca. 5,3 daa
Dagens føremål:	LNF i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av området: Initiativtakar ynskjer fortetting med ca. 4 nye tomter innanfor reguleringsplan: Medgard – søndre, planID 1991001.

Tidlegare handsaming

Delar av innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling:

«Innspelsareala er i tråd med definisjonen på fortetting/utviding dersom dei nedjusterast. Området er stadvis bratt, og Rådmannen tilrår å vurdere området nærmare i ein KU, og opne for mellom to-tre hytter fortrinnsvis nord i området og langs etablert veg.»

Opphaveleg innspel før grovsiling

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)		Om lag 150 m2 av innspelet rører ved dyrkbar jord i vest. Lite sannsynleg at det kan dyrkast opp då det ligg eit lite areal mellom vegar.
Vassmiljø		Liten sannsynlegheit for at eit innspel av dette omfanget vil påverke resipient Lya øvre bekkefelt 012-1600-R, samt måloppnåinga iht. vassforskrifta. Resipienten har god økologisk tilstand og innspelet er av eit avgrensa omfang og vurderast derfor til liten konsekvens.
Landskap, terreng og nærmiljø		Ein del av innspelet er brattare enn 1:4, mens resten ligg mellom 1:4-1:6. Mindre areal nede ved vegen er slakare enn 1:6. Plassering av hyttene, samt vegtilkomst blir utfordrande utan større fyllingar og skjeringar.

		
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik		Om lag 350 m2 av innspelet rører ved aktsemdsone for flaum. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i området.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend konsekvens på friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens på temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA, og påkopling til private løysningar er ikkje mogleg. Det er vinterbrøyta vegtilkomst.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet fleire negative konsekvensar. Tomta i vest er ikkje egna for utbygging, då det er dyrkbar jord og flaumveg. I resten av tomta er brattleik opp mot og over 1:4. Tomta i midten har brattleik over 1:6, samt store delar brattare enn 1:4. Eit lite slakare område i nord-vest kan truleg byggast på mtp. terreng. Tomta i aust ligg og ei bratt skråning i hovudsak brattare enn 1:6 og til dels brattare enn 1:4. Det kan vere mogleg med ei hytte nedst ved vegen, men grunna usikkerheit kan ikkje Rådmannen tilrå å ta innspelet med i planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: -		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet UT av planforslaget.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet UT av planforslaget.		

FB433 – Mosaskardet

Fritidsføremål: FB433



Innspelsnummer:	51
Forslagsstillar:	Annlaug Tveito
Gnr/bnr:	55/21
Storleik:	Ca. 6,5 daa
Dagens føremål:	Fritidsføremål
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Initiativtakar ynskjer fortetting av eksisterande hytteområdet ved Mosaskardet. Arealet ligg innanfor bebyggelsesplan: Nord for Kinnhovdun, planID 2004002.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling:

«Innspelet er i tråd med definisjonen på fortetting, og Rådmannen tilrår å vurdere innspelt nærmare i ein KU.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)		Dei to tomtene i midten ligg på om lag 2,6 daa dyrkbar jord. Elles ligg alle tomtane på gode beiter for stor- og småfe. 
Vassmiljø		Lite sannsynleg at eit innspel av dette omfanget med 4 hytter vil påverke resipient Lya øvre bekkefelt 012-1600-R, Votna bekkefelt nord 012-3340-R, samt måloppnåinga iht. vassforskrifta. Pr. mai 2026 har Lya øvre god økologisk tilstand, mens Votna nord har moderat, og innspelet vurderast derfor til å kunne ha liten/middels konsekvens for vasmiljøet.

Landskap, terreng og nærmiljø	-	Slakt skrånede til flat mark. Ingen utprega konsekvens på landskapskarakter eller silhuettverknad.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend konsekvens for friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA. Det er ikkje kjend om det er moglegheit for påkopling av private løysningar for tre av tomtene. Tomta i vest kan koplast på tett tank/slamavskiller i g/bnr 55/79, då eigaren av denne løysningen ynskjer å kjøpe denne innspelstomta til familierelaterte føremål. Initiativtakar opplyser om at eksisterande veg (Måsaskardet) må rustast opp og forlengast med ca 300 m. Vegtilkomst vurderast elles som etablert nært innspelet.
Konklusjon		
Samla sett		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Moglegheit for felles VA må vurderast. Dei to innspelsareala i midten må justerast slik at dei ikkje rører ved dyrkbar jord. Dei to innspelsareala lengst vest og aust kan takast med i planforslaget i sin heilskap.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB434 - Reinegjerda

Fritidsføremål: FB434



Innspelsnummer:	58
Forslagsstillar:	Toril Skovli og Olav Pettersen
Gnr/bnr:	24/21
Storleik:	Ca. 1,2 daa
Dagens føremål:	LNF
Ønska føremål:	Fritidsbustad

Skildring av området: Initiativtakarane ynskjer å få heile tomta avsett til fritidsbustad. Dei opplyser om at det er ikkje samsvar mellom regulert areal og oppmålt tomt, og at delar av tomta derfor har fått LNF føremål sjølv om den opphavleg hadde arealføremål fritidsbustad. Byggeområdet er då redusert i og med at byggegrensa ikkje er endra.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling:

«Innspelsarealet passar ikkje inn i vurderingskriteria. Innspelsarealet ligg i eit inneklemt areal, mellom fritidsbustad og veg. Endring av arealføremål her vil ikkje føre til fleire einingar. Rådmannen tilrår å vurdere innspelsarealet nærmare i ein KU.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen registrerte.
Vassmiljø	-	Ikkje aktuelt.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Ikkje aktuelt.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ikkje aktuelt.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ikkje aktuelt.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ikkje aktuelt.
Teknisk infrastruktur	-	Ikkje aktuelt.
Konklusjon		
Innspelsarealet ligg i eit inneklemt areal, mellom fritidsbustad og veg. Endring av arealføremål her vil ikkje føre til fleire einingar.		

Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak:
-
Rådmannen si tilråding:
Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget som eksisterande/noverande fritidsbustad.
Politisk handsaming:
KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.

FB436 - Nilsehovda

Fritidsføremål: FB436



Innspelsnummer:	123
Forslagsstillar:	Øystein Flaget
Gnr/bnr:	56/5
Storleik:	Ca. 2 daa
Dagens føremål:	LNF i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: I FB436 er det ynskje om 2 tomter. Innspelsarealet ligg innanfor eldre reguleringsplan «Nilsehovda», planID: 1995002.

Tidlegare handsaming

Heile iInnspelet vert røysta vidare til KU mot Rådmannens innstilling:

«Innspelsarealet er å rekne som eit nytt område, og Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte. Grensar til myr i vest.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men heile innspelet ligg på godt beite.
Vassmiljø		Resipienten Votna bekkefelt nord (012-3340-R) har moderat økologisk tilstand og oppfyller ikkje miljømålet i vassforskrifta. Tiltak som medfører auka belastning kan bidra til å oppretthalde eller forverre tilstanden og dermed hindre måloppnåing. Av den grunn vert innspelet vurdert å ha middels negativ konsekvens, sjølv om tiltaket isolert sett er av avgrensa omfang. Samstundes må samla belastning til resipient av alle innspela vurderast.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Innspelet ligg i flatt terreng og i underkant av eit høgdedrag.

Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend påverknad for friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA eller private løysningar. Initiativtakar opplyser om at eventuelle nye tomter vil etablerast med godkjend felles avløpsanlegg. Det er vegtilkomst til innspelet.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet få konsekvensar for KU-temaa.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Det må etablerast felles VA-løysing. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB440 - Løkhaugen

Fritidsføremål: FB440	
	
Innspelsnummer:	133
Forslagsstillar:	Toril Løken Sandvik
Gnr/bnr:	58/3
Storleik:	Ca. 2,3 daa
Dagens føremål:	Område for tradisjonell landbruksdrift i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustad
Skildring av innspelet: Initiativtakar ser for seg 1 eller 2 nye hytter i eit hyttefelt ved Mysetvegen. Innspelsområdet ligg sør for Løkenstjørni, og innanfor reguleringsplan; «Sør for Løkenstjørn», planID 1991003.	
Tidlegare handsaming	
Innspelet vart røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling.	

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)		Om lag 400 m2 ligg innanfor dyrkbar jord. Elles ligg heile innspelet på godt beite.
Vassmiljø		Resipienten Votna bekkefelt nord (012-3340-R) har moderat økologisk tilstand og oppfyller ikkje miljømålet i vassforskrifta. Tiltak som medfører auka belastning kan bidra til å oppretthalde eller forverre tilstanden og dermed hindre måloppnåing. Av den grunn blir innspelet vurdert å ha liten/middels negativ konsekvens, sjølv om tiltaket isolert sett er av avgrensa omfang.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Forholdsvis slakt terreng og ingen utprega landskapsverdiar. Innspelet er ikkje forventa å gi nær- eller fjernverknad. Konsekvens blir vurdert til ingen.

Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Det går ein merka stig like forbi innspelet. Innspelet er ikkje i direkte konflikt, men kan ha ein liten konsekvens for rekreasjonsverdien av stigen.
Trafikale forhold/trafikktryggleik	-	Ingen kjend konsekvens for temaet.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt VA. Initiativtakar opplyser om at deler av infrastrukturen er allereie på plass, men det er usikkert om dette gjeld VA.
	-	Det er vegtilkomst til innspelet.
Konklusjon		
Samla sett er det få konsekvensar for KU-temaa.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Det må sjåast på moglegheit for å etablere felles VA-løysing i området. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn i området.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

Leveldåsen

Leveldåsen har totalt 3 innspel som skal konsekvensutgreiast.



Innspel	Tilråding	Vilkår
FB304	MED	Kople på kommunalt VA og privat felles vatn.
FB307	DELVIS MED	Område med aktsemdsoner og svært gode beiteområde går ut. Ivareta kulturminne. Ta omsyn til umerka stigar. Ingen inngrep i brattleik over 1:6. Etablere felles tappepunkt for sløkkevatn. Krav om reguleringsplan.
FB313 / FB324	MED	Ivereta kulturminne. Påkopling til kommunalt avløp må vurderast, om ikkje mogleg må det etablerast felles privat avløp. Krav om felles privat vatn.

FB304 - Raunehovda

Fritidsføremål: FB304



Innspelsnummer:	67
Forslagsstillar:	Yngve Gudbrandsgard
Gnr/bnr:	54/7
Storleik:	Ca. 20 daa
Dagens føremål:	LNF og fritidsbustader i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av området: Innspelet ligg i øvre del av Leveldåsen hytteområde, i vestvendt helling i tregrensa, ca 1000 moh. Initiativtakar ynskjer å fortette innanfor Områderegulering Nysetlie/Venehovd Leveldåsen, planID 2022005.

Tidlegare handsaming

Delar av innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling:

«Rådmannen tilrår å ta ut delen lengst nord, som ligg utanfor eksisterande reguleringsplan, då den rører ved naturtypen boreal hei av stor verdi. Fortrinnsvis tilrår Rådmannen fortetting sør for skiløypa for å unngå ytterlegare kryssingar, og unngå konflikt med myr. Rådmannen tilrår å vurdere det resterande arealet nærmare i ein KU.»

Opphaveleg innspel før grovsiling



TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Innspelet rører om lag 1,5 daa myr i nord.
Naturressursar (jord/beite)		Om lag heile innspelet ligg på dyrkbar jord, men dette er allereie delvis bygd ned. Det er og gode beiteområde.

		
Vassmiljø		Resipienten Votna bekkefelt nord (012-3340-R) har moderat økologisk tilstand og oppfyller ikkje miljømålet i vassforskrifta. Tiltak som medfører auka belastning kan bidra til å oppretthalde eller forverre tilstanden og dermed hindre måloppnåing. Av den grunn vert innspelet vurdert å ha liten/middels negativ konsekvens, sjølv om tiltaket isolert sett er av avgrensa omfang. Samstundes må samla belastning til resipient av alle innspela vurderast.
Landskap, terreng og nærmiljø	-	Innspelet ligg i slak helling. Hytter kan plasserast utan større skjeringar/fyllingar, og landskapskarakteren forblir nært uendra.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Tappepunkt for sløkkevatn ligg ved Nysetlie.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Innspelet ligg inntil skiløypa. Fleire hytter i innspelet vil truleg ikkje påverke friluftslivet eller rekreasjonsverdien i området.
Trafikale forhold/trafikktryggleik		Innspelet vil medføre auka trafikk på Nordbygdvegen som er skuleveg for Nordbygdan skule.
Teknisk infrastruktur	-	Kommunalt avløp. Initiativtakar opplyser om at all infrastruktur ligg klart i området.
Konklusjon		
Samla sett er det få konsekvensar for KU-temaa. Hovudutfordringa gjeld dyrkbar jord, som det er mykje av i Leveldåsen. Hyttene er allereie bygd her, og jordressursen i innspelsarealet er allereie fragmentert og vanskeleg å utnytte.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Kople på kommunalt avløp og privat felles vassverk.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

FB307 – Grønli

Fritidsføremål: FB307





Innspelsnummer:	71
Forslagsstillar:	Leif Egil Langegard m fl.
Gnr/bnr:	78/26
Storleik:	Ca. 420 daa (inkl. eksisterande område på ca. 342 daa).
Dagens føremål:	Eksisterande fritidsbustader/LNF
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspel: Initiativtakarar ynskjer fortetting i Grønli hyttefelt, som er ein gamal disposisjonsplan frå ca. 1970. Administrasjonen er kjent med at det er ein tvist mellom partane om avtaleforhald i området. I innspelet blir det av initiativtakar opplyst om at det er ein klausul i festeavtala om at feltet ikkje skal fortettast, men at denne kan stå for fall dersom nokre av festarane fortsett får rettsleg medhald for bygging av heilårsveg fram til hyttene. Om så skjer kan fleirtalet blant bortfestarane endre seg, og ynskje fortetting av feltet.

Tidlegare handsaming

Heile innspelet vert røysta vidare til KU med Rådmannens innstilling:

«Innspelsareala er langt på veg i tråd med både fortetting og utviding, men det må truleg etablerast noko ny infrastruktur. For å kommentere tvisten her om avtaleforhald, så gjeldt denne tvisten eit privatrettsleg spørsmål. Det er ikkje opp til kommunen å vurdere det rettslege innhaldet i festeavtala. Kommunen skal fokusere på arealbruken i kommunen og den ynskja samfunnsutviklinga, uavhengig av privatrettslege tvistar. Likevel kan dette leggje beslag på større areal ein ikkje veit vil bli realisert. Sidan det er moment som talar for og mot kriteria, set Rådmannen innspelsarealet til gult.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Nordlege del av innspelsarealet ligg innanfor randsone for villrein.
Naturressursar (jord/skog/beite)		36 daa dyrkbar jord (raud i kart), men her ligg det allereie etablerte hytter, og arealet er ikkje egna for oppdyrking. Beitekartlegging synar godt og til dels svært godt beite (mørk grøn i kart) i innspelet.

		
Vassmiljø		Lokale resipienter er Vatsfjorden bekkefelt nord (012-1624-R) og Heståne (012-2417-R), og begge har god økologisk tilstand. Det er vanskeleg å seie kvar mange tomter innspelet opner opp for, men med mange eininga er det ein viss fare for måloppnåinga iht. Vassforskrifta. På bakgrunn av dette, og at det renn bekker gjennom feltet samt ligg eit tjørn 60 meter frå innspelet i nord, blir konsekvensen for vassmiljøet vurdert til middels negativ.
Landskap, terreng og nærmiljø		Feltet har eit særpreg med strenge føresegner, mellom anna utan vegar fram til hyttene og med lite synlege bygg i terrenget. Fortetting av Grønli vil bryte med den eksisterande, naturtilpassa strukturen i feltet, der hyttene i dag er skånsamt plasserte og har låg visuell påverknad. Auka utbygging vil kunne medføre nye vegar, større terrenginngrep og meir synleg bebyggelse, noko som svekkjer landskapskarakteren og det opplevde urørte preget i nærmiljøet. Samstundes kan fortetting redusere samanhengande natur- og beiteareal. Elles er terrenget kuppert, og større område ligg i terreng brattare enn 1:6, som kan medføre større terrenginngrep, skjeringar og fyllingar. Samla sett blir konsekvens for landskap, terreng og nærmiljøet vurdert til stor negativ.

		
Kulturminne og kulturmiljø		Det er to kolfremstillingsanlegg aust i innspelet, og konsekvens blir derfor vurdert til stor negativ. Det er truleg mogleg å frigje desse.
Samfunnstryggleik		Det er flaumvegar i deler av innspelet.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon		Ei fortetting av Grønli hyttefelt vil truleg ha ei avgrensa lokal påverknad på friluftslivet og rekreasjonsverdien i feltet. Ein kan gå turar i feltet, og det er fleire umerka stigar. Det er viktig å ivareta desse.
Trafikale forhold/trafikktryggleik		Innspelet vil medføre auka trafikk på Nordbygdvegen som er skuleveg for Nordbygdene skule.
Teknisk infrastruktur		Sirestølvegen går forbi feltet, og stikkveg Grønlihovda går djupare inn i feltet. Elles manglar mesteparten av områda veg. Det finst ikkje felles vass- eller avløpsløysingar i området i dag, og hyttene har i hovudsak ikkje innlagt vatn. Fortetting kan krevje etablering av nye VA-anlegg.
Konklusjon		
Innspelet er stort og omfattar eksisterande bebyggelse. Det er ikkje opplyst konkret kor fortettinga er ynskja og av kva omfang, men det er fleire motstridande omsyn som avgrensar moglegheitene for fortetting. Legg ein heile innspelet til grunn, er det fleire negative konsekvensar. I tillegg har feltet eit særpreg som byggjer på låg utnyttingsgrad, avgrensa teknisk infrastruktur og ei bevisst tilpassing til landskap og natur. Fortetting vil i stor grad bryte med desse prinsippa og kunne svekkje både landskapsverdiar, naturgrunnlag og eksisterande bruk, men det blir vurdert at skånsam fortetting av feltet kan vere mogleg.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Krav om felles VA dersom dette skal etablerast. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Område i flaumvegar, svært gode beiteområde og umerka stigar må tas ut. Ivareta kolfremstillingsanlegg. Umerka stigar og brattleik må tas omsyn til.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget, under føresetnadene lista opp.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget i tråd med Rådmannens innstilling.		

FB313 / FB324 - Grønlikroken

Fritidsføremål: FB313 / FB324 - Informasjon



Innspelsnummer:	116 / 125
Forslagsstillar:	Villmark AS v/ Jon Ola Bergaplass etter avtale med grunneigar
Gnr/bnr:	75/2
Storleik:	8,8 daa
Dagens føremål:	LNF (m/kulturminne) i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Initiativtakar ynskjer området avsett til fritidsbustader. Arealet ligg innanfor bebyggelsesplan i hht reguleringsplan: Hausestølen gnr 75 bnr. 2, planID 2001001.

Tidlegare handsaming

FB313 vart røysta vidare frå første grovsilingsrunde. Initiativtakar spelte inn FB324 i andre grovsilingsrunde, og det var røysta delvis vidare med Rådmannens innstilling:

«Den nordlege delen er i tråd med definisjonen på utviding, men ikkje den sørlege. Rådmannen tilrår derfor å dele innspelsarealet i to, og vurdere den nordlege delen nærmare i ein KU.»

Opphaveleg innspel før grovsiling

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen dyrka eller dyrkbar jord, men heile innspelet ligg på godt beite. Innspelet er av avgrensa omfang og konsekvens blir vurdert til ingen.
Vassmiljø	-	Lokal resipient er Vatsfjorden bekkefelt nord (012-1624-R) som har god økologisk tilstand pr mai 2026.
Landskap, terreng og nærmiljø		Lia der innspelet er plassert ligg i eit relativt urørt fjellskogsområde. Området aust for innspelet er likevel prega av eksisterande fritidsbustader, og ei vidare utbygging vil derfor i avgrensa grad påverke landskapskarakteren. Innanfor innspelsområdet finst det bratte parti, men det er mogleg å plassere bebyggelsen i slakare terreng for å avgrense behovet for større terrenginngrep som skjeringar

		og fyllingar.
Kulturminne og kulturmiljø		Område i og rundt innspelet er rik på kulturminne. Tre kolfremstillinganlegg innanfor innspelsarealet.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærlieken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Innanfor svært viktig friluftsområde. Ligg inntil utfartsparkeringa Hausehovda, der skiløype går gjennom. Det går ei umerka stig gjennom innspelet i aust, men betydninga for friluftslivet vert vurdert som uvesentleg.
Trafikale forhold/trafikktryggleik		Innspelet vil medføre auka trafikk på Nordbygdvegen som er skuleveg for Nordbygdan skule.
Teknisk infrastruktur		Ikkje kommunalt eller privat felles VA. Vatslivegen og Sirestølvegen går langs med innspelsarealet og. eventuell utbygging lenger inn i innspelsarealet vil krevje nye vegar.
Konklusjon		
Innspelet har få motstridande omsyn. Hovudutfordringane er knytte til tre automatisk freda kulturminne og førekomst av gode beiteområde, men vurdert til å ikkje ha konsekvens grunna omfang av innspelet. I tillegg er innspelets plassering i den ei relativt urørt li,		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Automatisk freda kulturminne må iveratakast. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Krav om felles privat vassverk. Påkopling til kommunalt avløp må vurderast. Dersom det ikkje er aktuelt må det etablerast felles privat avløp.		
Rådmannen si tilråding: Tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

Vats

Vats har totalt 7 innspel som skal konsekvensutgreiast.



SAMANDRAG		
Innspel	Tilråding	Vilkår
FB203	DELVIS MED	Påkopling kommunalt avløp. Det må etablerast felles tappepunkt for sløkkevatn. Område i aktsemdsoner og med elgtrekk tas ut. Ta ut området nord for kraftlinja, samt aktsemdsone i sør og arealet sør for dette.
FB205	UT	
FB207	MED	Påkopling kommunalt avløp. Det må etablerast felles tappepunkt for sløkkevatn.
FB209	UT	
FB210	MED	
FB211	UT	
FB217	MED	Påkopling kommunalt avløp. Det må etablerast felles tappepunkt for sløkkevatn.

FB203 – Skarslia

Fritidsføremål: FB203



Innspelsnummer:	75
Forslagsstillar:	Stein-Vidar Skarsgård
Gnr/bnr:	92/4
Storleik:	Ca. 150 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av området: Eit større lauvskogsområde med samanhengande vegetasjon og relativt bratt fallande terreng mot Nordbygdvegen i vest. Initiativtakar ynskjer fortetting og utviding innanfor Detaljreguleringsplan Skarslia, Skarslia Nordre gnr. 92 bnr. 4, revidering, planID 2010001. Innspelet består av fleire område (FB203 - 211). Alle har innspelsnummer 75.

Tidlegare handsaming

Innspelet vart røysta vidare til konsekvensutgreiing med Rådmannens innstilling:

"Angåande VA er det tvilsamt at det er mogleg å kople seg på kommunalt reinseanlegg for dette området pga kapasitetsutfordringar. Rådmannen innstiller på å nedjustere arealet."

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Ingen treff på verdsatte naturtypar eller utvalde artar, men vilttrekk går gjennom innspelsarealet. Konsekvens blir derfor vurdert til stor negativ.
Naturressursar (jord/beite)		Ingen jordressursar. Området er ikkje beitekartlagd, og settast derfor til usikker konsekvens.
Vassmiljø		Storåne – Votna (012-613-R), har pr mai 2026 moderat økologisk potensial. Vassførekomsten er moderat pga bunnfauna. Vassprøvene er frå 2017, derav behov for ny informasjon. Fosfor har godt økologisk potensial. Vassførekomsten er og sterkt modifisert. Resipienten har ikkje minstevassføring om vinteren, då vatnet frå Rødungen går i tunnelinntak til Hol. Gitt ikkje påkopling til kommunalt avløp vil utbygginga kunne utgjere ei reell fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta, og dermed stor negativ konsekvens. Dersom overføringsleidning etablerast til kommunalt nett, vil konsekvens bli vurdert som ingen.
Landskap, terreng og nærmiljø		Området omfatter eit større skogsarealet med slak helling mot vest. Eksisterande hyttefelt ligg i overkant av innspelet.  
Kulturminne og kulturmiljø		To automatisk freda kulturminne i form av kolfremstillingsanlegg.
Samfunnstryggleik		Aktsemd jord- og flaumskred går gjennom delar av innspelet. Høgspent gjennom innspelet.

		
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Denne lia er ikkje eit utprega friluftsområde.
Trafikale forhold/trafikktryggleik		Innspelet vil medføre auka trafikk på Nordbygdvegen som er skuleveg for Nordbygdene skule.
Teknisk infrastruktur		Det er kommunalt reinseanlegg i nærleiken, men tilgjengeleg restkapasitet er allereie reservert. Det finst heller ikkje eksisterande private løysingar med kapasitet til ytterlegare tilkopling. Tiltakshavar har fremma to moglege avløpsløysingar: etablering av overføringsleidning til kommunalt nett i Leveld, eller pumping av avløp til Rødungen med utviding av reinseanlegget der. Begge alternativa inneber omfattande tiltak, og det er knytt stor usikkerheit til gjennomføring og etablering av infrastruktur. Innspelet vil i tillegg krevje omfattande vegbygging i bratt terreng.
Konklusjon		
Dei største utfordringane er i hovudsak knytt til teknisk infrastruktur. Det vil krevje betydeleg vegutbygging til tomtene, og avløp er svært usikkert. Terrenget er bratt og Vegtilkomst kan bli ein utfordring. I tillegg ligg større delar av innspelet innanfor aktsemdsone for skred.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Det må det koplast på kommunalt avløp. Dette er ein kostnad utbyggar må ta. Beste alternativ er å føre avløpet til kommunal leidning i Leveld (neste alternativ er at utbyggar kjøper seg inn på lokalt reinseanlegg). Dei andre alternativa inneber utviding av reinseanlegg på Rødungen og Skarslia, men dette krev nytt utsleppsløyve, som er usikkert om ein kan få pga. resipienten. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Må kople til felles privat vassverk. Område i aktsemdsoner og med elgtrekk tas ut. Adm. føreslår å ta ut området nord for kraftlinja, samt aktsemdsone i sør og arealet sør for dette.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet DELVIS MED i planforslaget i tråd med Rådmannens innstilling.		

FB205 – Skarslia

Fritidsføremål: FB205



Innspelsnummer:	75
Forslagsstillar:	Stein-Vidar Skarsgård
Gnr/bnr:	92/4
Storleik:	Ca. 10 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Initiativtakar ynskjer fortetting og utviding innanfor Detaljreguleringsplan Skarslia, Skarslia Nordre gnr. 92 bnr. 4, revidering, planID 2010001. Innspelet består av fleire område (FB203 - 211) , som totalt er på om lag 317 daa. Alle har innspelsnummer 75.

Tidlegare handsaming

Innspelet vart røysta vidare til konsekvensutgreiing med Rådmannens innstilling.

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)		Ingen jordressursar. Området er ikkje beitekartlagd. Konsekvens er derfor usikker.
Vassmiljø		Storåne – Votna (012-613-R), har pr mai 2026 moderat økologisk potensial. Vassførekomsten er moderat pga bunnfauna. Vassprøvene er frå 2017, derav behov for ny informasjon. Fosfor har godt økologisk potensial. Vassførekomsten er og sterkt modifisert. Resipienten har ikkje minstevassføring om vinteren, då vatnet frå Rødungen går i tunnelinntak til Hol. Gitt ikkje påkopling til kommunalt avløp vil utbygginga kunne utgjere ei reell fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta, og dermed stor negativ konsekvens. Dersom overføringsleidning etablerast til kommunalt nett, vil konsekvens bli vurdert som ingen.
Landskap, terreng og nærmiljø		Store delar av innspelet ligg i terreng brattare enn 1:6. Både etablering av tomt og vegtilkomst vil gi større skjeringar og fyllingar.

		
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik		1,5 daa av innspelet ligg innanfor aktsemdsone for jord- og flaumskred.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ein umerka snarveg i kartet. Elles ingen kjend konsekvens for friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik		Innspelet vil medføre auka trafikk på Nordbygdvegen som er skuleveg for Nordbygdene skule.
Teknisk infrastruktur		Det er kommunalt reinseanlegg i nærleiken, men tilgjengeleg restkapasitet er allereie reservert. Det finst heller ikkje eksisterande private løysingar med kapasitet til ytterlegare tilkopling. Tiltakshavar har fremma to moglege avløpsløysingar: etablering av overføringsleidning til kommunalt nett på Leveld, eller pumping av avløp til Rødungen med utviding av reinseanlegget der. Begge alternativa inneber omfattande tiltak, og det er knytt stor usikkerheit til gjennomføring og etablering av infrastruktur. Innspelet vil i tillegg krevje omfattande vegbygging i bratt terreng.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet fleire konsekvensar for KU-temaa. Hovudutfordringa er knytt til teknisk infrastruktur og brattleik. I tillegg ligg eit mindre areal innanfor aktsemdsone for skred.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak:		
Det er mange usikkerheiter knytt til innspelet, men dersom det tas med i planforslaget, må føljande ligge til grunn: Om det skal byggast i området så må det koplast på kommunalt avløp. Dette er ein kostnad utbyggar må ta. Beste alternativ er å føre avløpet til kommunal leidning i Leveld (neste alternativ er at utbyggar kjøper seg inn på lokalt reinseanlegg). Dei andre alternativa inneber utviding av reinseanlegg på Rødungen og Skarslia, men dette krev nytt utsleppsløyve, som er usikkert om ein kan få pga. resipienten. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Må kople til felles privat vassverk.		

Ta ut aktsemdsområdet.
Rådmannen si tilråding:
Rådmannen tilrår å ta innspelet UT av planforslaget. Dersom innspelet likevel tas med, må føringane lista opp over ligge til grunn.
Politisk handsaming:
KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet UT av planforslaget.

FB207 – Skarslia

Fritidsføremål: FB207



Innspelsnummer:	75
Forslagsstillar:	Stein-Vidar Skarsgård
Gnr/bnr:	92/4
Storleik:	Ca. 7,8 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av området: Initiativtakar ynskjer fortetting og utviding innanfor Detaljreguleringsplan Skarslia, Skarslia Nordre gnr. 92 bnr. 4, revidering, planID 2010001. Innspelet består av fleire område (FB203 - 211). Alle har innspelsnummer 75.

Tidlegare handsaming

Innspelet vart røysta vidare til konsekvensutgreiing med Rådmannens innstilling.

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)		Ingen jordressursar. Området er ikkje beitekartlagd. Konsekvens er derfor usikker.
Vassmiljø		Storåne – Votna (012-613-R), har pr mai 2026 moderat økologisk potensial. Vassførekomsten er moderat pga bunnfauna. Vassprøvene er frå 2017, derav behov for ny informasjon. Fosfor har godt økologisk potensial. Vassførekomsten er og sterkt modifisert. Resipienten har ikkje minstevassføring om vinteren, då vatnet frå Rødungen går i tunnelinntak til Hol. Gitt ikkje påkopling til kommunalt avløp vil utbygginga kunne utgjere ei reell fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta, og dermed stor negativ konsekvens. Dersom overføringsleidning etablerast til kommunalt nett, vil konsekvens bli vurdert som ingen.

Landskap, terreng og nærmiljø		Innspelsarealet ligg i skrånande terreng. Tiltaket vil ikkje gje vesentleg nær- og fjernverknad. Det er enkelte parti med brattleik over 1:6. Det kan vere mogleg å plassere hyttene utan større terrenginngrep og konsekvens blir vurdert til middels. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend konsekvens for friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik		Innspelet vil medføre auka trafikk på Nordbygdvegen som er skuleveg for Nordbygdene skule.
Teknisk infrastruktur		Det er kommunalt reinseanlegg i nærleiken, men tilgjengeleg restkapasitet er allereie reservert. Det finst heller ikkje eksisterande private løysingar med kapasitet til ytterlegare tilkopling. Tiltakshavar har fremma to moglege avløpsløysingar: etablering av overføringsleidning til kommunalt nett på Leveld, eller pumping av avløp til Rødungen med utviding av reinseanlegget der. Begge alternativa inneber omfattande tiltak, og det er knytt stor usikkerheit til gjennomføring og etablering av infrastruktur. Innspelet vil i tillegg krevje omfattande vegbygging i bratt terreng.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet fleire konsekvensar for KU-temaa. Hovudutfordringa er knytt til teknisk infrastruktur. I tillegg er terrenget bratt.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak:		
Det må det koplast på kommunalt avløp. Dette er ein kostnad utbyggar må ta. Beste alternativ er å føre avløpet til kommunal leidning i Leveld (neste alternativ er at utbyggar kjøper seg inn på lokalt reinseanlegg). Dei andre alternativa inneber utviding av reinseanlegg på Rødungen og Skarslia, men dette krev nytt utsleppsløyve, som er usikkert om ein kan få pga. resipienten.		

Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Må kople til felles privat vassverk.
Rådmannen si tilråding:
Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.
Politisk handsaming:
KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.

FB209 – Skarslia

Fritidsføremål: FB209



Innspelsnummer:	75
Forslagsstillar:	Stein-Vidar Skarsgård
Gnr/bnr:	92/4
Storleik:	Ca. 2 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspelet: Initiativtakar ynskjer fortetting og utviding innanfor Detaljreguleringsplan Skarslia, Skarslia Nordre gnr. 92 bnr. 4, revidering, planID 2010001, både på aust- og vestsida av fylkesveg 2930. Innspelet består av fleire område (FB203 - 211). Alle har innspelsnummer 75.

Tidlegare handsaming

Innspelet vart røysta vidare til konsekvensutgreiing mot Rådmannens innstilling:

«Innspelsområdet er i hovudsak i tråd med definisjonen fortetting, men vegtilkomst kan bli ei utfordring her. Det ser ut som tiltaket vil krevje minst 60 m veg (i luftlinje) noko som er eit forhaldsvis stort terrenginngrep for berre ei hytte, og dette må evt vurderast nærmare i ein KU. Sidan dette området ligg innunder satsingsområde ved skiheisen i Skarslia, sett Rådmannen det til gult.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)		Ingen dyrka eller dyrkbar jord. Området er ikkje beitekartlagd. Konsekvens er derfor usikker.
Vassmiljø		Storåne – Votna (012-613-R), har pr mai 2026 moderat økologisk potensial. Vassførekomsten er moderat pga bunnfauna. Vassprøvene er frå 2017, derav behov for ny informasjon. Fosfor har godt økologisk potensial. Vassførekomsten er og sterkt modifisert. Resipienten har ikkje minstevassføring om vinteren, då vatnet frå Rødungen går i tunnelinntak til Hol. Gitt ikkje påkopling til kommunalt avløp vil utbygginga kunne utgjere ei reell fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta, og dermed stor negativ konsekvens. Dersom overføringsleidning etablerast til kommunalt nett, vil konsekvens bli vurdert som ingen.

Landskap, terreng og nærmiljø		Innspelsarealet ligg i skrånande terreng, oppå ein kolle. Ei hytte oppå her vil kunne gje stor nær- og fjernverknad. I tillegg er skråninga bratt, og store delar av innspelet ligg i terreng brattare enn 1:6. Både etablering av tomt og vegtilkomst vil gi større skjeringar og fyllingar.  
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend konsekvens for friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik		Innspelet vil medføre auka trafikk på Nordbygdvegen som er skuleveg for Nordbygdene skule.
Teknisk infrastruktur		Det er kommunalt reinseanlegg i nærleiken, men tilgjengeleg restkapasitet er allereie reservert. Det finst heller ikkje eksisterande private løysingar med kapasitet til ytterlegare tilkopling. Tiltakshavar har fremma to moglege avløpsløysingar: etablering av overføringsleidning til kommunalt nett på Leveld, eller pumping av avløp til Rødungen med utviding av reinseanlegget der. Begge alternativa inneber omfattande tiltak, og det er knytt stor usikkerheit til gjennomføring og etablering av infrastruktur. Innspelet vil i tillegg krevje omfattande vegbygging i bratt terreng.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet fleire konsekvensar for KU-temaa. Hovudutfordringa er knytt til teknisk infrastruktur. I tillegg er terrenget bratt.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Det er mange usikkerheiter knytt til innspelet, men dersom det tas med i planforslaget, må føljande ligge til grunn:		

Om det skal byggast i området så må det koplast på kommunalt avløp. Dette er ein kostnad utbyggar må ta. Beste alternativ er å føre avløpet til kommunal leidning i Leveld (neste alternativ er at utbyggar kjøper seg inn på lokalt reinseanlegg). Dei andre alternativa inneber utviding av reinseanlegg på Rødungen og Skarslia, men dette krev nytt utsleppsløyve, som er usikkert om ein kan få pga. resipienten. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Må kople til felles privat vassverk.
Rådmannen si tilråding:
Rådmannen tilrår å ta innspelet UT av planforslaget. Dersom innspelet likevel tas med, må føringane lista opp over ligge til grunn.
Politisk handsaming:
KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet UT av planforslaget.

FB210 – Skarslia

Fritidsføremål: FB210	
	
Innspelsnummer:	75
Forslagsstillar:	Stein-Vidar Skarsgård
Gnr/bnr:	92/4
Storleik:	Ca. 1,2 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader
Skildring av området: Initiativtakar ynskjer fortetting og utviding vest for fylkesveg 2930 innanfor Detaljreguleringsplan Skarslia, Skarslia Nordre gnr. 92 bnr. 4, revidering, planID 2010001. Innspelet består av fleire område (FB203 - 211). Alle har innspelsnummer 75.	
Tidlegare handsaming	
Innspelet vart røysta vidare til konsekvensutgreiing med Rådmannens innstilling.	

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/skog/beite)		Ingen dyrka eller dyrkbar jord. Området er ikkje beitekartlagd, og konsekvens blir vurdert til usikker.
Vassmiljø		Storåne – Votna (012-613-R), har pr mai 2026 moderat økologisk potensial. Vassførekomsten er moderat pga bunnfauna. Vassprøvene er frå 2017, derav behov for ny informasjon. Fosfor har godt økologisk potensial. Vassførekomsten er og sterkt modifisert. Resipienten har ikkje minstevassføring om vinteren, då vatnet frå Rødungen går i tunnelinntak til Hol. Gitt ikkje påkopling til kommunalt avløp vil utbygginga kunne utgjere ei reell fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta, og dermed stor negativ konsekvens. Dersom overføringsleidning etablerast til kommunalt nett, vil konsekvens bli vurdert som ingen.
Landskap, terreng og nærmiljø		Store delar av innspelet ligg i terreng brattare enn 1:6. Etablering av tomt vil gi større skjeringar og fyllingar.

		
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend konsekvens for friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik		Innspelet vil medføre auka trafikk på Nordbygdvegen som er skuleveg for Nordbygdene skule.
Teknisk infrastruktur		Det er kommunalt reinseanlegg i nærleiken, men tilgjengeleg restkapasitet er allereie reservert. Det finst heller ikkje eksisterande private løysingar med kapasitet til ytterlegare tilkopling. Tiltakshavar har fremma to moglege avløpsløysingar: etablering av overføringsleidning til kommunalt nett på Leveld, eller pumping av avløp til Rødungen med utviding av reinseanlegget der. Begge alternativa inneber omfattande tiltak, og det er knytt stor usikkerheit til gjennomføring og etablering av infrastruktur. Innspelet vil i tillegg krevje omfattande vegbygging i bratt terreng.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet fleire konsekvensar for KU-temaa. Hovudutfordringa er knytt til teknisk infrastruktur. I tillegg er terrenget bratt.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Det må det koplast på kommunalt avløp. Dette er ein kostnad utbyggar må ta. Beste alternativ er å føre avløpet til kommunal leidning i Leveld (neste alternativ er at utbyggar kjøper seg inn på lokalt reinseanlegg). Dei andre alternativa inneber utviding av reinseanlegg på Rødungen og Skarslia, men dette krev nytt utsleppsløyve, som er usikkert om ein kan få pga. resipienten. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Må kople til felles privat vassverk.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp over.		

Politisk handsaming:
KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.

FB211 – Skarslia

Fritidsføremål: FB210 - Informasjon





Innspelsnummer:	75
Forslagsstillar:	Stein-Vidar Skarsgård
Gnr/bnr:	92/4
Storleik:	Ca. 8,4 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av området: Initiativtakar ynskjer fortetting og utviding innanfor Detaljreguleringsplan Skarslia, Skarslia Nordre gnr. 92 bnr. 4, revidering, planID 2010001. Innspelet består av fleire område (FB203 - 211) . Alle har innspelsnummer 75.

Tidlegare handsaming

Innspelet vart røysta vidare til konsekvensutgreiing med Rådmannens innstilling.

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen jordressursar. Området er ikkje beitekartlagd.
Vassmiljø		Storåne – Votna (012-613-R), har pr mai 2026 moderat økologisk potensial. Vassførekomsten er moderat pga bunnfauna. Vassprøvene er frå 2017, derav behov for ny informasjon. Fosfor har godt økologisk potensial. Vassførekomsten er og sterkt modifisert. Resipienten har ikkje minstevassføring om vinteren, då vatnet frå Rødungen går i tunnelinntak til Hol. Gitt ikkje påkopling til kommunalt avløp vil utbygginga kunne utgjere ei reell fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta, og dermed stor negativ konsekvens. Dersom overføringsleidning etablerast til kommunalt nett, vil konsekvens bli vurdert som ingen.

Landskap, terreng og nærmiljø		Store delar av innspelet har terreng brattare enn 1:6. 
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærlieken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	I ei bratt skråning utan synlege stigar i kartet. Området har ingen kjend verdi som friluftsområde.
Trafikale forhold/trafikktryggleik		Innspelet vil medføre auka trafikk på Nordbygdvegen som er skuleveg for Nordbygdan skule.
Teknisk infrastruktur		Det er kommunalt reinseanlegg i nærleiken, men tilgjengeleg restkapasitet er allereie reservert. Det finst heller ikkje eksisterande private løysingar med kapasitet til ytterlegare tilkopling. Tiltakshavar har fremma to moglege avløpsløysingar: etablering av overføringsleidning til kommunalt nett på Leveld, eller pumping av avløp til Rødungen med utviding av reinseanlegget der. Begge alternativa inneber omfattande tiltak, og det er knytt stor usikkerheit til gjennomføring og etablering av infrastruktur. Innspelet vil i tillegg krevje omfattande vegbygging i bratt terreng.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet fleire konsekvensar for KU-temaa. Hovudutfordringa er knytt til teknisk infrastruktur. Området er heller ikkje egna landskap- og terrengmessig, då det er bratt og utbygging kan gje større og auke fjern- og nærverknad.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Det er fleire usikkerheiter knytt til innspelet, men dersom det tas med i planforslaget, må føljande ligge til grunn:		

Om det skal byggast i området så må det koplast på kommunalt avløp. Dette er ein kostnad utbyggar må ta. Beste alternativ er å føre avløpet til kommunal leidning i Leveld. Dei andre alternativa inneber utviding av reinseanlegg på Rødungen og Skarslia, men dette krev nytt utsleppsløyve, som er usikkert om ein kan få pga. resipienten. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Må kople til felles privat vassverk.
Rådmannen si tilråding:
Rådmannen tilrår å ta innspelet UT av planforslaget. Dersom innspelet likevel tas med, må føringane lista opp over ligge til grunn.
Politisk handsaming:
KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet UT av planforslaget.

FB217 – Skarslia

Fritidsføremål: FB217	
	
Innspelsnummer:	75
Forslagsstillar:	Stein-Vidar Skarsgård
Gnr/bnr:	92/4
Storleik:	Ca. 1,6 daa
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan
Ønska føremål:	Fritidsbustader
Skildring av innspelet: Initiativtakar ynskjer fortetting og utviding innanfor Detaljreguleringsplan Skarslia, Skarslia Nordre gnr. 92 bnr. 4, revidering, planID 2010001. Innspelet består av fleire område (FB203 - 211). Alle har innspelsnummer 75.	
Tidlegare handsaming	
Innspelet vart røysta vidare til konsekvensutgreiing med Rådmannens innstilling.	

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald	-	Ingen registrerte.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen jordressursar. Området er ikkje beitekartlagd.
Vassmiljø		Storåne – Votna (012-613-R), har pr mai 2026 moderat økologisk potensial. Vassførekomsten er moderat pga bunnfauna. Vassprøvene er frå 2017, derav behov for ny informasjon. Fosfor har godt økologisk potensial. Vassførekomsten er og sterkt modifisert. Resipienten har ikkje minstevassføring om vinteren, då vatnet frå Rødungen går i tunnelinntak til Hol. Gitt ikkje påkopling til kommunalt avløp vil utbygginga kunne utgjere ei reell fare for at miljømålet ikkje blir nådd eller forringast jf. § 12 i vassforskrifta, og dermed stor negativ konsekvens. Dersom overføringsleidning etablerast til kommunalt nett, vil konsekvens bli vurdert som ingen.

Landskap, terreng og nærmiljø		Innspelet ligg i hovudsak i terreng slakare enn 1:6, men nokon brattare parti.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.
Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Ingen kjend konsekvens for friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik		Innspelet vil medføre auka trafikk på Nordbygdvegen som er skuleveg for Nordbygdene skule.
Teknisk infrastruktur		Det er kommunalt reinseanlegg i nærleiken, men tilgjengeleg restkapasitet er allereie reservert. Det finst heller ikkje eksisterande private løysingar med kapasitet til ytterlegare tilkopling. Tiltakshavar har fremma to moglege avløpsløysingar: Etablering av overføringsleidning til kommunalt nett i Leveld, eller pumping av avløp til Rødungen med utviding av reinseanlegget der. Begge alternativa inneber omfattande tiltak, og det er knytt stor usikkerheit til gjennomføring og etablering av infrastruktur. Innspelet vil i tillegg krevje omfattande vegbygging i bratt terreng.
Konklusjon		
Samla sett har innspelet fleire konsekvensar for KU-temaa. Hovudutfordringa er knytt til teknisk infrastruktur.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: Det er fleire usikkerheiter knytt til innspelet, men dersom det tas med i planforslaget, må føljande ligge til grunn: Om det skal byggast i området så må det koplast på kommunalt avløp. Dette er ein kostnad utbyggar må ta. Beste alternativ er å føre avløpet til kommunal leidning i Leveld. Dei andre alternativa inneber utviding av reinseanlegg på Rødungen og Skarslia, men dette krev nytt utsleppsløyve, som er usikkert om ein kan få pga. resipienten. Utbyggar må gå i dialog med Ål kommune om bygging av felles tappepunkt for sløkkevatn. Må kople til felles privat vassverk.		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet MED i planforslaget under føresetnadene lista opp.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet MED i planforslaget.		

Bergsjø – Rødungen

Det er totalt eit innspel på to innspelsareal i området Bergsjø – Rødungen.



FB212 / FB213 - Osestølen

Fritidsføremål: FB212 / FB213





Innspelsnummer:	82
Forslagsstillar:	Osestølen stølssameige v/ Jostein Kleiven
Gnr/bnr:	99/17 og 99/16
Storleik:	Ca. 2,2 daa
Dagens føremål:	LSF og Randsone villrein i KPA
Ønska føremål:	Fritidsbustader

Skildring av innspel: Initiativtakarane ynskjer å sette av to frådelte tomter til fritidsbustader.

Tidlegare handsaming

Innspelet vart røysta vidare til konsekvensutgreiing mot Rådmannens innstilling:

«Her er det ynskje om fire hytter i eit område over skoggrensa, i snaufjell og innanfor randsone villrein. Dette vil uavhengig om det blir definert som fortetting eller utviding vere i strid med dei overordna føringane for kommunens arealbruk. I gjeldande KPA er det jf punkt 3.1.1. byggeforbod i 2 A område for nye fritidshus eller frådeling av tomter til dette. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.»

TEMA	KONSEKVENS	KOMMENTAR/SKILDRING
MILJØ		
Naturverdiar, biologisk mangfald		Innspela ligg i høgfjell, over skoggrensa. Området er ikkje naturtypekartlagd, men det er grunn til å tru at det er boreal hei av stor verdi i innspelet. Innanfor randsone for villrein.
Naturressursar (jord/beite)	-	Ingen registrerte jordressursar. Det er ikkje kartlagd beitekvalitet for området.
Vassmiljø		Avgrensa datagrunnlag på Rødungen (012-592-L), med ein fosforprøve som indikerar dårleg tilstand, og ei på nitrogen som indikerar moderat. Presisjonsnivået ansjåast som lågt. Men ein kvar utbygging vil utgjere ein fare for at miljøoppnåinga i vassforskrifta ikkje blir nådd. Rødungen er i tillegg ein sterkt modifisert vassførekomst. Konsekvens på vassmiljøet vurderast som usikker, og settast til gult sjølv med berre to tomter.
Landskap, terreng og nærmiljø		I opent høgfjellslandskap. Innspelet er av eit avgrensa omfang med to tomter/hytter, og konsekvens blir vurdert til liten.
Kulturminne og kulturmiljø	-	Ingen registrerte.

Samfunnstryggleik	-	Ingen registrerte naturfarar. Det er ikkje etablert tappepunkt for sløkkevatn i nærleiken. Ikkje vinterbrøyta veg.
SAMFUNN		
Friluftsliv og rekreasjon	-	Skiløypa går forbi innspela, men innspela er vurdert å ikkje ha vesentleg konsekvens for friluftslivet.
Trafikale forhold/trafikktryggleik		Innspelet vil medføre auka trafikk på Nordbygdvegen som er skuleveg for Nordbygdan skule.
Teknisk infrastruktur	-	Det er ikkje innlagd eller planlagd vatn i området. Renovasjonspunkt ved slakteplassen. Veg til innspela, men ikkje vinterbrøyta.
Konklusjon		
Ligg innanfor randsone for villrein og i høgfjell. Kvar for seg er dette to grunnar til å ta innspelet ut av planforslaget.		
Føringar for vidare planarbeid og evt. avbøtande tiltak: -		
Rådmannen si tilråding: Rådmannen tilrår å ta innspelet UT av planforslaget.		
Politisk handsaming: KPU vedtok i møtet 15.06.2026 i sak 16/2026, å ta innspelet UT av planforslaget.		